


STEND
JORDBRUKSSKULE

1866 — 1966

AV ASBJØRN ØYE



INNHALD

Historisk oversyn	9
Dei første landbruksskulane	11
Landbruksskulen på Sandvik 1849—62	12
På leiting etter skulegard	24
Stend vert landbruksskulegard	26
Opplæringa og skuleplanar	40
Jordskifteskulen	53
Frå saga om garden Stend	56
Garden Stend	63
Jordnyttning og driftsmåte	67
Nydyrking og grøfting	71
Kulturbeita	73
Mekaniseringa	76
Husdyrbruket	79
Fjøset	79
Sauene	86
Grisane	88
Geiter	90
Hestane	91
Fjørfehaldet	93
Bier	94
Hagebruket	94
Skogen	104
Bygningane	113
Økkupasjonsåra på Stend	127
Elevlagsarbeid	133
Stend agronomlag	135
Elevar frå Island og Færøyane	137
Formenn i styret for Stend jordbruksskule	138
Landbruksskulestyrarar	148
Personalet ved Stend Jordbruksskule	150
Landbrukslærarar	159
Hagebrukslærarar	168
Skogbrukslærarar	171
Handverkslærarar	173
Fjøsmeistrar	176
Timelærarar	181
Økonomar og husmødrer	182
Andre tenestemenn	184
Medlemer av styret	185
Sensorar	187
Elevar som har gått ut frå Stend jordbruksskule	189

FØREORD

Då Stend jordbruksskule var 50 år, gav landbruksskulestyrar N. Ritland ut ei fyldig femtiårs-melding, prenta hjå A/S John Griegs Boktrykkeri i 1917. Skriftet var på 197 sider. Det hadde og liste over alle agronomane som hadde gått ut frå skulen i femtiårs-bolken..

Skulen har berre eitt ekspl. av dette skriftet i biblioteket. Elles er det vel somme Stendagronomar som har jubileumsskriftet i bokhylla si.

Når skulen i 1966 nundar 100 års milepælen, meinte ein at det burde prentast ei hundreårs-melding.

For å få oversyn over heile tidsbolken, ville det vere lite fullnøyande å skrive ei melding berre om dei siste femti åra — som utfylling til 50-års skriftet — som ikkje lenger er tilgjengeleg.

Underskrevne har difor freista å ta eit oversyn over heile hundre-årsbolken. Ein har og teke med førebuingsarbeidet for å skipe den første landbruksskulen i Hordaland — på Sandvik i Kvinnherad, som kom i gang våren 1849. Like eins det store førearbeidet for å få landbruksskulen til eigen gard på Stend.

Mykje av det som er skreve om første femtiårs-bolken er teke frå 50-års skiftet av N. Ritland — omskreve og avstutta.

Elles har eg som kjelde nytta fylkestingsbøkene og årsmeldingane gjennom heile hundreårsbolken.

Jordbruksskulestyrar h.v. *Joh. L. Lofthus* har skreve om okkupasjonstida på Stend, og eg takkar han for det.

Like eins takkar eg Hordaland fylke som har løyvt ein sum til prenting av jubileumsskriftet.

Mi beste takk til Hordaland fylkesting og fylkesmann *Mons Lid* for stor velvilje mot Stend jordbruksskule og landbruksopplæringa i det heile.

Stend februar 1966.

Asbjørn Øye

HISTORISK OVERSYN

Albrecht Thaer (1752—1828) er den første i Europa som tok til å gje landbruksopplæring. Det var i 1802. I 1806 skipa han den første eigentlege landbruksskulen på godset *Mögelin* i Brandenburg. Han var lækjar av utdanning. Men han hadde sett seg godt inn i landbrukslitteraturen, og studert moderne engelsk jordbruk, som var det fremste i Europa på den tid.

Han var dessutan professor ved Berlin universitet frå 1810. *Albrecht Thaer* var ein særskild dugande skulemann, administrator og landbruksforfattar. Hovudverket hans var: «Grundsätze der rationellen Landwirtschaft». Opplæringa var først og fremst ei praktisk opplæring. Den teoretiske opplæringa hadde lite fast grunn å bygge på. Vitskaplege forsøk hadde ein ikkje, og naturvitskapen var heller ikkje komen så langt den gongen.

Ved hjelp av praktisk røynsle nytta han den såkalla «høy-eining» når ein skulle verdsetje dei ymse forslag.

Thaer hevda at landbruksfaga måtte bygge på naturvitskapen og sosialøkonomien, — noko som syner at han var føre si tid, og var vegbrytar for systematisk landbruksopplæring.

Den første landbruksskulen i Noreg vart skipa på Sem i Borre i 1825 av *Jacob Liv Borch Sverdrup*. Han vart fødd i Namdalen i 1775. Han hadde studert filologi ved København universitet, og vart overlærer (styrar) av Kongsberg skole (mellomskole) frå 1807—12. Han studerte landbruksskrifter, m.a. av *Albrecht Thaer*. Attåt skulearbeidet tok han til å dyrke eit par lykkjer, der han tok til å dyrke rotvekstrar og kløver, og

dreiv rasjonelt skiftebruk. Dette lukkast så godt at det vart vidspurt.

Han fekk så stort ry som jordbruksmann at grev Wedel fekk han til forvaltar på Jarlsberg hovudgard i 1812.

Han greidde å drive den forsømde storgarden opp i ein produksjon som var mykje større enn folk var van med. Og han tok til å ta mot lærehuga bondegutar som ville lære driftsmåten å kjenne.

Sverdrup hadde interesse for skulearbeidet. Difor slutta han som forvaltar og kjøpte garden Sem i Borre, der han skipa det første «Agerdyrkingsseminarium» i Noreg i 1825, — berre 19 år etter den første landbruksskulen i Europa vart sett i gang.

Sverdrup fekk 600 spd. som årleg løyving av Stortinget, seinare auka til 750 spd. på det vilkår at han tok opp 8—10 «elever av bondestanden» og gav dei fri opplæring. Dessutan fekk han 700 spd. som rentefritt lån av statskassa og 150 spd. av Selskapet for Norges Vel til å setje i stand ein reiskapsverkstad ved skulen.

Overlærer Sverdrup var kjend som ein sær s dugande mann, både som lærar og agronom. Men elevane hans fekk heller lite teoretisk opplæring. Det vart mest praktisk arbeidsopplæring, noko i same lei som på den første landbruksskulen i Tyskland. Skulegarden dreiv han godt, så han gav gilde avlingar. Skulen hadde ei tid god søknad. Men bøndene i distriktet hadde ikkje føresetnader for å verdsetje skulen som han fortente. Det vanta heller ikkje på kritikk.

Skulen og skulegarden gav ikkje dei inntekter som trongs til ein stor huslyd, og difor overtok Sverdrup forvaltinga av Fritsø jernverk og Larviks grevskap jordgods attåt stillinga som landbruksskulestyrar i 1835. Dette førde til at Stortinget drog inn statsløyvinga i 1836, og Sverdrup vart såleis nøydd å legge ned skulen på Sem året etter. Skulen til Sverdrup fekk såleis berre ein 12 års arbeidsbolk, og det vart ikkje så mange elevar som fekk opplæring der.

Men somme av desse sette store merke etter seg når dei kom attende til heimbygda si. Det var og dei som sette i gang landbruksskular i heimefylket sitt, t.d. Landmark i Møre og Romsdal fylke.

Ein må vel seie at Sverdrup og skulen hans var føre si tid. Bøndene forstod enno ikkje at det var trong til systematisk landbruksopplæring. Sverdrup var og ein dugande og trottig landbruksforfattar. Læreboka hans: «Lærebog i den norske Landhusholdning» som kom ut i 1832—34, vart prenta i fleire opplag. Sverdrup døydde i 1841.

Son hans, Peter Sverdrup, styrde ei underavdeling av skulen på Sem på garden Rise ved Tønsberg. Denne skulen heldt fram som sjølvstendig privat skule til 1848, då fylket overtok han.

DEI FØRSTE LANDBRUKSSKULANE

Sjølv om Stortinget strauk løyvinga til Sverdrup sin skule, var det likevel ikkje meininga å slå handa av landbruksopplæringa. Ein visste berre ikkje i kva ende ein skulle ta til, anten ein først skulle bygge ut ein høgre læreanstalt som skulle utdane landbruksfunksjonærar — eller ein skulle ta til med «lågare» landbruksskular. Det vart til at Stortinget i 1842 løyvde 9.600 spd. som årleg tilskot til landbruksskular. Det vart teke det atterhald at ingen skule skulle få meir enn 2.400 spd. og at det ikkje skulle ytast statstilskot til meir enn ein skule i eit bispedøme. Det vart så dei ymse amt som tok opp spørsmålet om å skipe amts-landbruksskular. Departementet for det Indre sende ut eit skriv, dagsett 29. november 1842 til amtmennene om stortingsvedtaket om å yte tilskot til «Agerdyrkingsseminarer», og oppmoda Amtsformandskabet» at meddele «sin formening om denne Sag».

Somme Amt var nokså snøgge til å setje i gang landbrukskule. I 1844 fekk Akershus amt ein skule på Abildsø i Asker. Romsdals amt kom i gang på Åheim i Vanylven i 1845 med ein av Sverdrup sine elevar som styrar, Landmark. I 1845 auka Stortinget løyvingane utan å ta atterhald om korleis skulane skulle fordelast. Og dei næraste åra fram etter vart det sett i gang landbruksskular i Buskerud. N. Bergenhus. S. Trondhjems amt, Smålenene, Hedemark, Lister og Mands Amt, Jarlsberg og Larviks Amt og S. Bergenhus.

LANDBRUKSSKULEN PÅ SANDVIK 1849—62

Skrivet frå departementet av 29. november 1842 om å skipe «Agerdyrkingsseminarer» vart lagd fram for fjerde komite i Amtstinget i 1843 som sak nr. 15. Nemnda tilrådde amtsformannskapet å «afgive saadan Formening»: «Amtsformandskabet antager, at Stortinget under 7de september 1842 fattede beslutning, hvorved bidrag til agerdyrkingsseminarier bevilges, hensigtsmæssig kan komme til anvendelse i Søndre Bergenuus amtsdistrict, naar den deel av bidraget, der maate komme districtet tilgode, benyttes til ved accord helst med private at søge oprettet i det ringeste et seminarium inden sammes grændser. Amtsformandskabet antager derhos, at naar deslige seminarier skulle svare til dets hensigt, da bør til sæde for samme ei vælges gaarde, der allerede ere vel opdyrkede eller hvor en fortrinlig jordart eller andre omstændigheder favorisere dyrkningen, men snarere gaarde av modsat beskaffenhed. Seminarierne formenes at burde hovedsagelig blive praktiske instituter og at burde indrettes og bestyres med stadigt hensyn saavel til de egne naturbeskaffenhed for hvilke de skulle virke, som til folkets character, dannelsesgrad og formuestilstand. Med hensyn til de mænds habilitet der som seminariebestyrere maate attraae offentlig understøttelse og de til sæde for seminarierne foreslaaede gaardes bequemhed for øiemedet, ansees det hensigtsmæssigt, at betænkning indhentes saavel fra det formandskab, till hvis district ansøgeren maate henhøre, som fra de nærmest tilgrændsende formandskaber.»

Denne tilrådinga vart samrøystes vedteken med dette tillegget: . . . «saavelsom fra amtsformandskabet».

Neste år kom saka oppatt for fjerde komite.

Riksstyret hadde i skriv av 2. mars 1844 rådd frå å skipe private landbruksskular og sagt frå at stortingsløyvinga ikkje måtte nyttast til skular som ikkje får stønad og tilsyn av amtskommunen.

Saka var difor komen i ei anna stode enn året før, då ein tenkte å skipe ein privat landbruksskule utan amtstilskot.

Nemnda gjekk sterkt inn for å setje i gang ein landbruks-

skule, men var usamd i innstillinga frå førre år . . «at til sæde for seminarier ikke bør vælge gaarde, der allerede ere opdyrkede eller hvor en fortrinlig jordbund eller andre omstændigheder favorisere dyrkningen, men mere gaarde av modsat beskaffenhed».

Etter framlegg frå nemnda vedtok amtsformannskapet samrøystes:

1. Til oprettelse av et agerdyrkingsseminarium inden amtets grændser bevilges en sum av 300 spd. aarlig under den betingelse, at regjeringen erklærer sig villig at bidrage med en i det mindste ligesaa stor sum.
2. Amtmanden anmodes om at udvælge en commision af sagkyndige mænd for at udkaste planen for et agerdyrkingsseminarium samt gjøre forslag med hensyn til dets bestyrer og den gaard, der vil blive at indrømme det; ligesaa anmodes han om at ville indsende denne plan og disse forslag til regjeringens bedømmelse og senere tilligemed denne forelægge næstfølgende amtsformandskab den til overveielse, og endvidere om at ville paa kommunens vegne udbetale de ved den omhandlede commissions holdelse nødvendige omkostninger.»

På amtstinget i 1846 låg det føre departementskriv om at det ved kgl. resolusjon var løyvt 300 spd. årleg for ein treårs bolk som statstilskot til ein landbruksskule på dei vilkår at amtet løyvde tilsvarande, og at planen måtte godkjennast og «bestyreren findes antagelig av departementet».

Det låg også føre utkast til plan for landbruksskulen frå plannemnda: proprietæranane Fleicher, Hagerup og Konow.

Fjerde komite gjorde nokre små endringar i planutkastet. Dessutan gjorde komiteen framlegg om at overbestyrelsen saman med to menn — valde av amtstinget — fekk fullmakt til å kjøpe eller pakte ein høvele gard til landbruksskulen.

Like eins skulle dei tilsetje — med godkjenning av departementet — landbruksskulestyrar med ei årsløn på 400 spd.

Amtstinget vedtok så denne planen for den første landbruksskulen i Hordaland.

PLAN

for landbrugsskolen i Søndre Bergenhus amt.

1. Capitel

Om Undervisningsgjenstandene.

§ 1.

1. Undervisningen bliver saavel theoretisk, som især practisk. Den theoretiske gives, saavidt muligt, med anvisning til practisk anvendelse.

§ 2.

A. Theoretisk undervisning:

1. Practisk regnekunst, saavel i hovedet, som paa tavle, samt, saavidt muligt, modersmaalets retskrivning.
2. Jordens opmaaling og kvadratets beregning.
3. Nivellering med simple vaterpas.
4. Hensigtsmæssig indretning af landmandens bygninger.
5. Vegtstangens og hævestangens almindelige anvendelse og nytte, skraaplanens og kilens virkning m.v. samt regler for agerdykningsredskaber construction.
6. Sempel fremstilling af de almindelige jordarter og deres kjendetegn samt deres hensigtsmæssige sammenblanding.
7. Læren om gjødselmidlerne, naturlige og kunstige.
8. Undervisning om de i landet, især i amtsdistrictet dyrkbare sorter af korn, rødder, foder- og handelsplanter, samt grundsætningerne for et rigtig sædskifte.
9. Det nødvendige af læren om luftens og vandets bestanddele og deres, saavelsom lysets og varmens indflydelse paa vegetationen.
10. Øvelse i den for landbruget fornødne bogførsel.

B. Practisk undervisning.

1. Jordens indhegning paa de forskellige maader efter forskellige øiemed.
2. Grøftegravning, skadeligt vands afledning.
3. Engdyrkning og engvanding.
4. Jordens hensigtsmæssige bearbejdelse med dertil bedstvarende redskaber.
5. Gjødningsens tilveiebringelse, opbevarelse og behandling saavelsom dens fordeling og blanding med jordfladen m.v. samt de forskellige gjødningsmidlens hensigtsmæssighed for og vinkning paa de forskellige jordarter.
6. Korn og anden sæds rigtige utsaaning.
7. Afgrødens indhøstning og opbevaring.
8. Kornets trækning for haanden eller maskiner, samt dets rensning.

9. Kreaturenes fodring paa stalden, deres røgt og behandling — specielt med hensyn til trækdyrenes beslag — samt regler for husdyrenes sundhed, vedligeholdelse og anvendelse av simple midler mod de almindeligst forekommende sygdomme eller skader hos dem; — racens forbedring og vedligeholdelse av den forbedrede race; de bedre racers kjendetegn; — melkens benyttelse til forskjellige producter, qvægs og sviin opgjødning.
10. Raa marks opdyrkning og behandling til ager og eng.
11. Havedyrkning, saavel for køkkenurters, som frugttræers vedkommende. I sidste henseende bør en planteskole anlægges paa landbrugsskolegaarden.
12. Opelskning af vilde træer; skovens rette behandling.
13. Torvmyrers behandling og torvens anvendelse til brænde.
14. Opmerksomheden henledes paa de almindelige surrogaters større eller mindre anvendelighed under fodertrang.
15. Nogen øvelse i at forfærdige og vedligeholde de ved en gaardsdrift nødvendige redskaber, hvorfor ogsaa et snedkervenksted med dreiebænk og en smedie bør forefindes tilligemed de fornødne modeller.
16. Øvelse i at føre dagbog over de paa gaarden forefallende arbeider.

§ 3

Førend noget practisk arbejde af vigtighed foretages, skal læreren gjentage for lærlingerne arbeidets practiske grunde, paa marken gjøre dem bekjendte med de forskellige maader, hvorpaa det kan udføres, samt forklare aarsagerne, hvorfor han har valgt den, han vil følge.

§ 4.

Gaardens pløibare mark dannes, hvor ikke særdeles omstændigheder maatte fraraade det, efterhaanden til et fuldstændigt veksellbrug. Rotationen bestemmes af bestyreren.

2. capitel

Om lærlingerne.

§ 5.

- a. Et antal af indtil 12 personer, helst fra de forskellige fogderier i amtsdistrictet, antages som lærlinger og betragtes som gaardens tjenere. De erholde foruden undervisning, logis, kost, vadsk og tilsyn hos bestyreren. Deres læretid bestemmes i almindelighed til to aar fra indtrædelsen, 25de marts, hvorefter de udtræde af skolen uden nogen løns erholdelse. Dog kunne de gjøre regning paa en gratification, bestaaende af et agerdykningsredskab, helst af eget arbejde, til et værd af mindst 5 spd.
- b. Foruden disse lærlinger gives 6 andre adgang til at overvære saa-

vel den theoretiske som praktiske undervisning uden betaling, — dog maae de selv skaffe sig kost, logis m.v.

Det formenes ikke læreren mod betaling at give disse lærlinger videre undervisning, naar dette kan ske udenfor de timer, der ere bestemte til underviisning for de under litr. a. omhandlede lærlinger.

- c. Ingen lærlinger antages under 18 aar.
- d. Blot sunde, flittige og sædligt mennesker optages eller kunne forblive som lærlinger. Svagelige, dovne, usædelige personer bortvises af skolen med overbestyrelsens samtykke.
- e. Den, der vil optages som lærling, maa kunne færdigen læse, nogenledes skrive, samt nogenledes regne de 4 specier, og ikke være aldeles uøvet i de ved en bondegaards drift almindelig forekommende arbejder.
- f. Naar lærlingerne afgaae fra landbrugsskolen, maa de underkaste sig afskedsexamen, der holdes i overværelse af i det mindste 2de af egnens kyndigste landmænd, som overbestyrelsen formaaer at overvære examen.

3. capitel

Om skolens bestyrer og lærere.

§ 6.

Den der ansættes som lærer, har med iagttagelse af den for indretningen lagte plan og den instrux, som af overbestyrelsen maatte gives ham, den umiddelbare bestyrelse af landbrugsskolen samt dens gaard og nyder alle de af dennes brug flydende indtægter, hvorimod han har at præstere skat og anden udredsel af gaarden samt holde alle i samme hørende bygninger og inventariesager i forsvarlig stand og i saadan ved sin forædelse aflevere dem. I regelen gjælder den gjensidige opsigelse til 1 aar før begyndelsen af et nyt cursus, men i de første 4 aar bliver bestyreren uberettiget til opsigelse.

§ 7.

Bestyreren antager, med overbestyrelsens samtykke, en medlærer, samt om fornødiges, en smed og hjulmager.

§ 8.

Twistigheder, som maatte opkomme mellem bestyreren og lærlingerne i saadanne sager, som angaar disses ophold ved skolen, afgjøres af overbestyrelsen.

§ 9.

At vække og vedligeholde en christelig-religios aand blandt lærlingerne bør være et formaal, som bestyreren, baade ved underviisningen og ellers i sin omgang med dem, stedse har for øie.

§ 10.

Bestyreren holder en af overbestyrelsen autoriseret protocol, hvori føres fortegnelse over lærlingerne, deres alder, hjemsted, naar de ere ankomne til og udgaaede af landbrugsskolen, samt de ved afskeds-examen erholdte specielle karakterer tilligemed hovedkaraktererne.

§ 11.

Eleverne meddeles ferier i 2 a 3 uger om aaret fra 21de decbr. Indtil anderledes af overbestyrelsen bestemmes, har bestyreren endvidere at tilstede de lærlinge, der til deltagelse i vaarsildfiskeriet maatte ønske det, forlængelse af disses ferier indtil februar maanedens udgang.

§ 12.

Ved udtrædelsen af skolen meddeles enhver lærling et af bestyreren underskrevet vidnesbyrd, der angiver de af lærlingen ved afgangsexamen erholdte specielle karakterer tilligemed hovedkarakteren, samt indeholder erklæring om hans moralske forhold under skoletiden.

§ 13.

Til overbestyrelsen afgiver bestyreren eengang aarlig beretning om landbrugsskolens fremgang og tilstand efter de nærmere foreskrifter, som derom meddeles ham. Denne beretning afgives «in duplo». Det ene exemplar forelægges amtsformandskabet, det andet indsendes til vedkommende departement.

§ 14.

Den første løverdag i hver maaned maa bestyreren være beredt til, i tidsrummet fra kl. 2 til 6 eftermiddag, at vise enhver omkring, der ønsker at bese landbrugsskolen, samt at give forønskede oplysninger og raad. Saa bør han og være villig til, enten selv eller ved en af lærlingerne, at vise reisende omkring ogsaa til andre tider, forsaavidt dette ikke maatte være til hinder for underviisningen.

4. capitel

Om skolens overbestyrelse.

§ 15.

Overbestyrelsen bestaar af amtmanden og 2 af amtsformandskabet udkaarede mænd, hvilke i forening med hvem der iøvrigt af vedkommende departement dertil maatte udnævnes, have at kontrollere skolen. Overbestyrerne besøge skolen efter overenskomst, samlede eller enkeltvis, saa ofte mueligt og mindst een gang hvert fjerdingaar, gjøre sig bekendte med den ydre og indre indretning, lærlingernes opførsel og fremskridt, og søge, efter overlæg med bestyreren, i mueligste grad at

fremme skolens tarv og virksomhed. Af de medlemmer som amtsformandskabet udvælger, udtræder eet hvert andet aar.

§ 16.

De af amtsformandskabet udnævnte medlemmer af overbestyrelsen tilstaaes skydsgodtgjørelse for 1 hest tillands eller fornøden skyds tilsøes, i almindelighed 2 mand med 4-aaret baad, samt, om forlanges, diæt med 96 sk. daglig.»

Amtsformannskapet valde så proprietær Hagerup, premierløytnant Juul, proprietær Koren gardbrukar J. Aga og res. kap. Olsen til å førebu kjøp eller pakting av landbruksskulegard.

Det var kome inn tilbod på fleire gardar: Presteenkesete Tvilde og halvparten av garden Bryn på Voss, Nedre Sandvik i Kvinnherad, Handeland i Fjelberg og Fusa prestegard.

Nemnda såg på desse gardane, og dessutan på korpsjefsgarden Onarheim, som ein meinte var ledig. Nemnda meinte at Onarheim var den best skikka av gardane dei hadde sett på i Sunnhordland, så framt ein kunne få heile garden.

Nemnda meinte det burde skipast to landbruksskular i amtet, ein for innlandsbygdene og ein for kystbygdene.

Nemnda gjorde difor framlegg om å kjøpe Bryn for 3.650 Spdr. og nedre Sandvik for 5.500 Spdr., baa utan buskap.

Fjerde komité i amtstinget i 1847 var samd i at det kunne vere ynskjeleg å få to landbruksskular, men av økonomiske omsyn rådde ein til at det vart sett i gang berre ein.

Komitéen gav fylgjande tilråding:

- «1. Som midlertidig gaard for landbrugsskolen antas Nedre Sandvik, der forpaktet i henhold til eierens, proprietær Undahls anbud for et tidsrum av 15 aar mot en aarlig avgift av 125 spd.
2. For snaest mulig at faa skolen i virksomhed bemyndiges amtmanden i forening med den forrie aar nedsatte kommission til med departementets approbation at anta bestyrer med løn og vilkaar iøvrig som fastsat av amtsformandskapet f. a.
3. Det overdrages skolens overbestyrelse i forening med bestyreren at anskaffe det fornødne av besetning og inventarier til gaardens drift og skolens virksomhed.

4. Amtet anmodes om at undersøge, hvorvidt de forskjellige bruk af gaarden Onarheim i Kvinnherred i tilfælde kan erholdes til landbrugsskolegaard og meddele et senere amtsformandskab underretning derom.»

Landbruksskulesaka vart lagd fram for omframtsfor­skapsmøte i desember 1847. Nemnda som skulle førebu saka (gardbrukar Skaar, gardbrukar Veseth, proprietær A. Koren og W. Konow, prestane Koren og Greve, kaptein Dahl og premierløytnant Norman) uttala m. a.:

«En uheldig stjerne synes at hvile over den paatenkte land­bruksskole. Amtsformandskabet har, ligesiden det i 1843 første gang udtalte ønsket om skolens oprettelse, hvert aar gjort hvad det har staaet i dets magt, forat faae den bragt i stand: Det har hvert aar selv arbeidet derpaa saavidt dets tid har tilladt det, det har udvalgt commissioner; det har ikke været karrig i at bevilge penge, og dessuagtet staaer det endnu den dag i dag, vistnok med fuldfærdig plan i sin haand, men uden gaard til sæde for skolen og uden bestyrer. Det ser sig endnu uvis efter begge»

Nemnda gjekk så imot dei ulempene som var haldne fram mot å legge landbruksskulen nær Bergen, og peika på dei føremonar det ville vere for skulen å ligge i nærleiken av byen: Det ville vere lettare å få gjødsel og å få høgare prisar på gardsprodukta.

Nemnda tilrådde difor å pakte garden Hope på Askøy.

Nemnda uttalar seg så om dei tre søkjarane til skulestyrar­stillinga. Svenskane Hammargren og Stenstrøm og August Rolfsen frå Bergen.

Nemnda meiner at Stenstrøm som var lærar ved det agromiske institutt på Degeberg, var fullt kvalifisert. Men han stod i ferd med å reise utanlands, og kunne ikkje ta stillinga før i mai 1849.

August Rolfsen meinte dei var ein søkjar som var stillinga vaksen, og han kunne ta til førstkomande mai.

August Rolfsen var fødd i Bergen, og nemnda la vekt på at han kjende til dei klimatiske tilhøve i amtet. Han var teolog, men hadde opphalde seg ved Hohenheim landbruksinstitutt og hadde godt vitnemål der i frå. «Practisk dyktighed besidder hr. Rolfsen efter al rimelighed ikke i nogen udstrækning, men

derpaa vil han formodentlig søge at bøde ved valget af den underlærer, han, efter planen for landbrugsskolen, skal antage.»

Det vart så vedteke å tilsetja August Rolfsen som styrar og lærar ved amtet sin landbruksskule frå 14. april 1849 med sven-sken Otto Elof Stenstrøm som varamann.

I 1848 vart landbruksskulesaka lagd fram for fjerde komité, som tykte at no var saka komen i ei betre stode. Nemnda som hadde sett på gardar som var frambodne, meinte at nedre Sandvik merkte seg ut som den mest tenlege. Dessutan meinte ein at det kunne vere von om å få pakte øvre Sandvik — og kanskje garden Ripel og.

Komitéen meinte at ein og burde sikre seg garden Sandvik — anten ved kjøp eller pakting.

August Rolfsen som var tilsett som styrar, hadde sendt eit skriv der han sette visse vilkår, som ein etter amtmannen si meining ikkje kunne gå med på. Amtmannen vende seg difor til den andre søkjaren, Stenstrøm, som sa seg viljug til å ta styrarstillinga og halde ein underlærer mot ei årleg løn av 400 Spdr. og fritt opphald for seg og underlæraren.

Utbyttet av garden skulle høyre amtkommunen til. Men han ville ikkje ha noko med elevhushaldet å gjere. Seinare sa Rolfsen seg viljug til å ta over stillinga på same vilkår som Stenstrøm.

Nemnda fann det uforsvarleg å gå med på dei vilkåra som Stenstrøm sette, og uttala m. a.:

«Vilde man indgaae paa disse betingelser, vilde det uden tvivl blive nødvendigt, at faae oprettet midt i blandt Qvindherreds fjelde, paa gaarden Nedre-Sandvigen, en restauration, et spisekvarter efter liden maalestok. Men det er dog ganske indlysende, at i en restauriation hvor ikkun nogle faa søge næring, i dette tilfælde nogle elever og tvende piger og en gaardsdreng, da entrepreneurens hele fordel her maa fordeles paa nogle faa individer, prisen paa enhvers underholdning maa blive meget høi. En stor udgiftspost vilde paa denne maade fremstaae for amtcommunen.»

Etter tinging mellom komitéen og Rolfsen endra han krava sine så pass mykje at komitéen kunne godta vilkåra han sette. Framlegget frå nemnda vart vedteke med nokre små endringar, og amtformannskapet gjorde såvore vedtak:

«Litr. a. Amtet anmodes om at undersøge, hvorvidt samtlige eiere af Nedre og Øvre Sandvigen ere villige til at afhænde disse eiendomme til amtscommunen for en sum, som for alles vedkommende ikke maa overstige 7000 spd. Skulde eierne være villige hertil, bemyndiges amtet til at oprette kjøbecontract med dem og tillige at ansøge hos regjeringen om at erholde kjøbesummen tillaans af et offentligt fond, hvorhos amtet anmodes om at sørge saavidt muligt betryggelse imod tab ved odelspaatale.

Litr. b. Skulde de omtalte eiendomme ikke ved kjøb kunde erhverves, bemyndiges amtet til at opsette forpagtningscontract med eieren af Nedre Sandvigen og eieren af den 1/3-deel af Øvre-Sandvigen paa de betingelser, som deres skriftlige tilbud indeholde, saaledes at disse eiendomme kunde blive amtcommunen overdragne den 14. april nestkommende aar.

Litr. c. Amtet anmodes om at henvende sig til eieren af Rosendals gods for at gaarden Ripel kan blive amtcommunen tilsikret, saasnt den blive byggesledig, ligeledes anmodes det om saafremt det ovenomhandlede kjøb ikke maatte komme istand, at undersøge hos eieren af de 2/3-dele af Øvre-Sandvigen, om han er villig til at overlade amtscommunen denne einendom ved forpagtning og da paa hvilke vilkaar.

Litr. d. Til bestyrer for landbrugsskolen antages herr August Rolfsen med aarlig godtgjørelse af 700 spd., regnet fra den dag skolen kommer i virksomhed. Skulde imidlertid elevernes antal ved skolen komme til at overstige 8, udbetales desuden herr Rolfsen 40 spd. for hver over dette antal, hvorimod herr Rolfsen forpligter sig til af de 700 spd. at tilbagebatale 50 spd., saafremt elevernes antal ikkun blive 6 eller derunder.

Litr. e. Til landbrugsskolen bevilges for et tidsrum af 3 aar af amtcommunens midler et aarligt bidrag af 500 spd. i forventning af et lige stort bidrag fra regjeringen.»

Amtsformannskapet valde så desse tilli medlemmer av «overbestyrelsen»: Premierløytnant A. Juul og kaptein C. L. Dahl med forvalter M. Langballe og bruksfullmechtig Perry som varamenn.

Skulen tok til 25. mars 1849 med August Rolfsen som styrar og med 8 elevar på Nedre Sandvik og 1/3 av Øvre Sandvik i Kvinnherad. Eignedomen vart pakta for 15 år.



Nedre Sandvik i Kvinnherad. I dette huset heldt den første landbruksskulen i Hordaland til frå 1849 — 1862.

I 1849 løyvde amtsformannskapet fylgjande til landbruksskulen for budsjettåret:

1. Løn til skulestyraren	700 spd.
2. Forpaktingsavgift	165 «
3. Føderåd	60 «
4. Til inventar	800 «
5. Til husvøling	700 «

Til saman	2.425 spd.
Frå dette går statstilskotet	500 spd.

Utgifter på amtet 1.925 spd.

Det var såleis ikkje så reint liten kostnad etter den tids pengeverde og med så få elevar.

Etter framlegg frå skulestyraren vart skuleplanen endra slik at det vart høve å ta opp 6 elevar kvart år i staden for å ta opp 12 anna kvart år. Året etter søkte 2 om opptaking, men den eine vart ikkje teken opp, då han var frå Bergen. Skulen hadde såleis 9 elevar frå 25. mars 1850 til 25. mars 1851. Den første eksamen vart halden 24. og 25. mars 1851, og 7 elevar

gjekk opp til eksamen. Berre 4 av desse reiste frå skulen. Tre ynskte å halde fram eit år til. Då ein av dei første elevane var teken opp på vilkår av å få gå tre år på skulen, sidan han var uøvd i gardsarbeid — og ein var oppteken året før, var det såleis 5 av dei tidlegare elevane som heldt fram ved skulen.

Søknaden var også dette året så liten at berre 2 nye elevar vart opptekne. Det var såleis berre 7 elevar ved skulen tredje skuleåret — medan fem plassar var ledige.

I 1852 gjekk det ut 5 elevar og 10 nye elevar vart tekne opp. I 1853 vart teke opp 3, og det gjekk ut 3.

Med så liten søknad var det ikkje lett for styraren å drive skulen. August Rolfsen slutta som styrar 23. november 1853 etter å ha vore langvarig sjuk. Han hadde då vore styrar i 4½ år.

Cand. theol. Wollert Rolfsen vart mellombels tilsett som styrar fram til 25. mars 1855, då han vart fast tilsett.

Talet på agronomar som gjekk ut frå landbruksskulen på Sandvik svinga frå 5 til 8 i åra fram til skulen vart lagd ned i 1862.

Siste eksamen vart halden 14. og 15. mars 1862.

Då måtte dei slutte også dei som vart tekne opp i mars året før, og såleis hadde gått berre eitt år på skulen. Dei fleste av desse tykte dei hadde rett på eit vederlag for skuleåret dei miste, og fire av desse fekk 20 spd. kvar for skuleåret dei hadde krav på.

Landbruksskulen på Sandvik var i gang frå 25. mars 1849 til våren 1862 — i 13 år. I denne tidsbolken gjekk det ut 73 agronomar frå skulen, som ordinære elevar, og attåt nokre privatelevar.

Det går ikkje fram av årsmeldingane kor mange timar teoretisk undervising elevane fekk i dei ymse faga. Det var nok mest praktisk opplæring, og nokså mykje verkstadarbeid.

Dei hadde både smed- og snikkaropplæring, og det vart laga ikkje lite reiskapar på verkstaden, som skulen selde.

Såleis kan nemnast at eit år vart laga 21 plogar, 8 horver, 1 drøftemaskin, 1 hakkelsemaskin og 2 kjerner. Styraren søkte eit år Amtsformannskapet om løyving til å setje ned prisen på reiskapar, då det var stor tromg til gardsreiskapar kring om i bygdene, og trongt om pengar.

Det vart og lagt ned ikkje lite arbeid på dyrking og grøfting.

Men sidan det var leigd skulegard, hindra dette påkostnader og investeringar på lenger sikt.

Landbruksskulen på Sandvik var den første freistnaden med landbruksskule i Hordaland. Ellevtallet var lite, men somme av Sandvik-agronomane kom til å setje merke etter seg.

Sjølv om det er vanskeleg å måle skulen sitt verdi for framhjelp av jordbruket i Hordaland, hadde ein i det minste fått røynsle å bygge på. Skulen hadde gjort eit nybrottsarbeid som kom til nytte då amtet fekk skule på eigen gard på Stend fire år etter.

PÅ LEITING ETTER SKULEGARD

Alt frå først av var ein merksam på ulempene med leigd gard, og ein var stendig på leiting etter ein høveleg landbruksskulegard. I 1855 gav amtsformannskapet overstyret i oppdrag «at foranstalte foreløbige forføiningar til erhvervelse af et til landbrugsskolegaard hensigtsmessigt jordbrug, enten med eienomsret eller brugsret i en længere aarrække.»

Overstyret rådde til å få Fana prestegard som skulegard. Fjerde komité som hadde saka i 1856 meinte Fana prestegard var sær selskikka til landbruksskulegard, men tykte at saka var lite førebudd. Særleg var det uvisst om regjeringa var viljug å avstå eigeiendomen — kjøpesummen o. s. b., og bad difor overstyret greie ut saka for neste års amtsformannskap.

I 1857 gjorde amtsformannskapet såvore vedtak:

«Overbestyrelsen anmodes om at søge tilveiebragt de videre fornødne oplysninger betræffende a. Erhvervelse af Fana prestegaard, b. eller en anden hensigtsmæssig gaard til landbrugs-skolegaard for amtet saa betimeligt, at de kunde blive forelagt næste aars amtsformandskab til behandling eller afgjørelse.»

I 1858 valde amtsformannskapet desse til å røkje etter om det var råd å få kjøpt skulegard i eit høveleg distrikt: Kst. foged M. Baade, gardbrukarane J. Aga, J. Leganger med ordførarane Riisnes og Krüger som varamenn. Denne nemnda la fram ei melding for amtsformannskapet i 1859, der dei peika på at gardane Skjørnsand, Lilleli og Sørhuglen stetta krava til ein

landbruksskulegard. Fjerde komité, som hadde denne saka, meinte at det måtte arbeidast meir med saka av ein spesialkomitéfør ein tok endeleg avgjerd. Då to av medlemene i nemnda ikkje hadde høve til å ta mot attval, vart desse valde i spesialnemnda: Gardbrukar Leganger, res. kap. Holtermann og veginspektør Litzeim, med kyrkjesongar Mjøs og lensmann Utne som varamenn. Litzeim fekk forfall, og gardbrukar og kyrkjesongar N. Amundsen gjekk inn i hans stad.

Spesialnemnda såg på mange gardar. Etter å ha omtala dei einskilde gardane og vurdert dei, gav dei si tilråding om gardane i denne rekkjefylgje:

Nr. 1. Nedre Mjelde i Haus.

« 2. Ask på Askøy.

« 3. Stend i Fana.

« 4. Skjørnsand og Lilleli i Fusa.

« 5. Langeland og Holsenøen i Hamre prestegjeld.»

Etter innstilling av fjerde komité gjorde amtsformannskapet i 1860 såvore vedtak om landbruksskulegard:

«Amtsformandskabet udnævner 5 mænd af sin midte, der skulde udgjøre en komitee, hvem det overdrages paa dettes vegne at træffe valg af og afslutte handel om en landbrugs-skolegaard for amtet. Det trufne valg og den afsluttede handel er med amtmandens approbation forbindende for amtskommunen.»

Sokneprest Krog i Fana, kyrkjesongar Riisnes og bøndene J. Aga, O. Litzeim og H. Galtung vart med i denne nemnda.

Nemnda såg på fleire av dei gardane som var bodne fram, og fann at garden Stend var skikka til føremålet. Likevel meinte nemnda at Fana prestegard ville høve betre til skulegard enn Stend. Men sidan kyrkjedepartementet fleire gonger hadde sagt frå at det ikkje ville rå til sal av prestegarden, var det lita von om å få tak i Fana prestegard.

Sjølv om det ikkje var kome svar på den siste førespurnaden til kyrkjedepartementet, meinte nemnda at ein måtte sikre seg Stend, då garden skulle seljast på offentleg auksjon den 14. februar 1861. Medlem av nemnda, sokneprest H. J. Krog, baud difor i eit skriv av 29. november 1860 10.000 spesidalar for Stend på vegne av amtskommunen. Dette bodet vart godkjent av skifteretten 15. februar 1861.

Wollert Konow heldt unna mylna, vassretten og noko av eigedommen mellom sjøen og Stendvatnet. Amtmannen approberte gardkjøpet 7. mars 1861.

Noko seinare fekk amtmannen svar frå kyrkjedepartementet, som no tilrådde sal av Fana prestegard på nærare vilkår.

Nemnda meinte framleis at Fana prestegard var betre skikka som landbruksskulegard, og det same tykte amtsagronom Pedersen.

Statsagronom Lindeqvist, som etter pålegg av departementet hadde sett på eigedommen, fann ut at Stend var betre og meir tenleg til landbruksskulegard enn prestegarden.

Amtmannen melde i førelegget til amtsformannskapet i 1861 at Stend alt frå dette året var overteken av amtskommunen, og vart dreven for amtet si rekning av landbruksskulestyrar Rolfsen. Han hadde gjort avtale med Rolfsen — såleis at amtsformannskapet skulle fastsetje godtgjersla.

STEND VERT LANDBRUKSSKULEGARD

Etter årelang leiting, synfaring og drøfting var no valet gjort. Mellom dei mange gardane som hadde vore på tale vart Stend kjøpt til landbruksskulegard. Og amtsformannskapet gjorde såvore vedtak i 1861:

1. Den for amtskommunens regning kjøpte andel i gaarden Sten bliver at beholde som vordende landbrugsskolegaard.
2. Der vælges en komitee bestaaende af 3 medlemmer, i eller udenfor amtsformandskabet hvem det overdrages:
 - a. at forhandle med vedkommende angaaende revisjon af landbrugsskolens plan,
 - b. at træffe forføining til at den nuværende landbrugsskole paa gaarden Sandvig snarest muligt nedlægges og i denne henseende ordne alt fornødne med gaardens eier samt bestyrer og elever,
 - c. at undersøge og i tilfælde med amtmandens approbation afslutte handel om kjøb af jord til udvidelse af amts-



Stend jordbruksskule 1868.

(Etter skillingmagasinet same år. Teikning av O. Dahl).

- communens eiendom paa Sten med særligt hensyn til erhvervelse af større øvelsesfelt,
- d. at søge bortforpagte gaarden Sten fra næste vaar og paa ikke længere tid end 2 aar paa konditioner, som af amtmanden vedtages,
 - e. at træffe de forføininger med hensyn til gaarden Stens huse eller iøvrigt, som uomgjengelig nødvendighed strax fordner iværksatte, samt angaaende de af amtscommunens huse paa Sandvig, som gaardens eier ikke er pligtig at indløse, træffe disposition enten ved deres bortflyttelse eller salg,
 - f. meddele næste aars amtsformandskab en oversigt over de foretagender, som antages at ville udkræves, for i alle dele at gjøre gaarden skicket og bekvem for landbrugsskole samt forslag til budget for skolen for budgetaaret.»

Proprietær H. Faye, kjøpmann M. Paasche og sokneprest Krog vart valde som nemnd for å løyse ovannemnde oppgaver. Og den 10. juni 1862 gav nemnda ei lang melding om arbeidet

sitt. Nemnda hadde arbeidd ut ei grundig utgreiing om garden og husa og kva som måtte gjerast for å få dei i brukande stand.

Nemnda hadde og røkt etter om ein kunne få kjøpt mylnbruket og jordstykket som ikkje var med i kjøpet. Men prisen var 7.500 spd., og nemnda hadde ikkje høve å gå høgre enn til 6.000 spd. Difor vart det ikkje noko kjøp.

Garden Stend vart bortpakta til agronom Jens Hveding for tidsbolken 25. oktober 1861 til 14. april 1864 mot ei årleg avgift på 250 spd. og 250 spd. i refusjon for amtskommunen sine utgifter til gardsdrifta sommarhalvåret 1861. Nemnda hadde og syrgt for vøling av tenarbustad, fjøs og løebygning.

Amtsformannskapet gjorde vedtak om at same nemnda skulle halde fram arbeidet «for vidare at fremme det den paalagte hverv, nemlig skoleplanens revisjon og planen for gaarden Stens bebyggelse.»

Forpaktningstida vart lengd med 2 år frå 14. april 1864 med same paktar.

Nemnda fekk plan og kostnadsoverslag for ny uthusbygning, utarbeidd av murmeister Maurer i Kristiania — etter samråding med statsagronom Lindeqvist. Maurer hadde kostnadsrekna fjøs, stall og sauhus og løe til 4.380 spd. Nemnda meinte ein burde vente med byggearbeida til våren og sommaren 1866.

Nemnda hadde og arbeidd ut framlegg til plan for skulen, for det meste etter eit utkast frå Lindeqvist.

Amtstinget valde i 1864 ei særnemnd til å ta seg av landbruksskulesaka.

Denne nemnda fann det rettast å få planframlegget prenta, og utsetje førehavinga til neste års amtsformannskap. Nemnda meinte at byggeplanane vart for dyre, og var uviss om dei var tenlege. Byggeplanane burde difor drøftast av sakkunnige og leggest fram for neste års amtsformannskap. Dette vart og vedteke.

Amtmannen skreiv i førelegget til amtsformannskapet i 1865 at han hadde lagt planutkastet fram for alle landbruksskulestyrarane i landet til uttaling.

Det var kome svar frå landbruksskulestyrarane F. G. Norstrøm, Hedemark, Otto, Vest-Agder, Lyng, Møre og Romsdal, G. A. Wilson, Sogn og Fjordane, Koller, Oppland, Budde, Rogaland og Landmark, Østfold.

Dessutan frå amtsagronomane Pedersen og Frostad, frå landbruksskulestyrar h. v. L. Westrem, landbruksskulestyrar h. v. Rolfsen, amtsdyrlækjar Konow og frå Voss sogneselskap.

Særnemnda for landbruksskulen hadde gått gjennom skuleplanen og dei merknadene som var komne, og gav si tilråding.

Amtmannen oppmoda amtsformannskapet å gå gjennom planutkast som var lagt fram, og gjere vedtak i saka.

Han var og samd med særnemnda i at ein burde vente med ny driftsbygning til den nye skulestyraren var komen til gards, og rådde frå at det vart bygt etter Maurers teikningar, som ville bli svært dyrt.

Skulenemnda som hadde landbruksskulesakene, var i det meste samd med amtmannen og den permanente landbruksskulenemnda, og gjorde såvora tilråding — som vart samrøystes vedteken i amtsformannskapet:

a) Reglement for amtets landbrugsskole vedtages af indhold og form som vedlagte udkast.

b) Valg paa 2 mænd til med amtmanden efter reglementets § 2 at udgjøre landbrugsskolens overbestyrelse foretages af nærværende amtsformandskab.

c) Gaarden Sten bliver efter forpaktningstidens udløb i foråret 1866 at sætte i drift for amtskommunens regning.

d) Til forvalter af gaarden Sten og landbrugsskolebestyrer antages fra samme tid efter aabnet konkurrence af overbestyrelsen en til saadan post skikket mand, med hvem kontrakt i henhold til reglement og nærværende amtsformandskabs beslutning at oprette.

e) Bestyrerens løn fastsættes til 700 spd. aarlig med tilsagn om sammes forhøielse efter 3 aars tilfredsstillende tjeneste med 100 spd.

f) Til bestridelse af de med optagelse af skolegaardens drift fornødne udgifter, reparationsomkostninger o. s. v. bevilges udredet af amtskommunen et beløb af indtil 400 spd.

g) Amtmanden anmodes om at bevirke af statskassen udbetalt et forholdsmæssigt tilskud til amtets landsbrugsskole.

h) De den hidtil bestaaende landbrugsskolekomite overdragne funktioner blive at overtage af overbestyrelsen fra den tid, denne er bleven udnævnt.

i) Overbestyrelsen har efter forslag af bestyrelsen at fore-

lægge for næste aars amtsformandskab forslag og plan til skolegaarden Stens bebyggelse, forslag til driftsplan for gaarden, til instrux i henhold til reglement for skolens bestyrer med undervisningsplan og budgetoverslag for skolens og gaardens drift samt hvad dermed staar i forbindelse.»

Planen som vart vedteken lyder såleis:

REGLEMENT

for Søndre Bergenhus amts landbrugsskole.

1. afsnit.

Om skolens organisation.

§ 1.

Skolens øiemed er at oplære unge mænd fornemmelig af amtets bondestand til praktisk duelighed i alle de med et fuldkomnere jordbrug og ved kreaturrøgt forefaldende forretninger, og bibringe dem skjønnsomhed paa landbrugets enkeltheder, indretninger og bestyrelse.

§ 2.

Skolens overbestyrelse bestaar af amtmænd og 2de af amtsformandskabet valgte mænd, paa hvilke omvalg foregaar skiftevis hvert andet aar. En eller flere af overbestyrerne besøge skolen saa ofte som muligt, og mindst en gang hvert halvaar skal den samlede overbestyrelse afgive møde paa skolen for at gjøre sig bekendt med dens ydre og indre forfatning, lærlingenes opførsel og fremskridt, og søge efter overlæg med bestyreren i muligste grad at fremme skolens tarv og virksomhed.

§ 3.

Ved skolens ansættes en bestyrer, som er lærer og landbrugsskolegaardens forvalter, samt underlærer, der tillige er regnskabsfører under bestyrerens tilsyn.

§ 4.

Bestyreren antages af overbestyrelsen. Tjenesten kan opsiges fra begge sider med 6 maaneders varsel.

§ 5.

Bestyrerens pligter ere:

1. For amtskommunens regning at forvalte landbrugsskolegaarden saaledes, at dens jordbrug, kreaturrøgt og økonomi i det hele maa

kunne ansees som et mønsterbrug for en velordnet landhusholdning, naar hensyn tages til distriktets særegne forholde.

2. Efter bedste evne at oplære lærlingene efter nærværende reglement, samt paase, at de opføre sig ordentligt.

3. Ved gennemførelsen af ovenstaaende bestemmelser overhodet at rette sig efter den instrux, som af overbestyrelsen meddeles ham.

§ 6.

Underlæreren ansættes af overbestyrelsen efter overlæg med bestyreren og under betingelse af 6 maaneders opsigelse.

Hans pligter ere:

1. At undervise lærlingene i de gjenstande, som overbestyrelsen foreskriver, samt forøvrigt udføre de forretninger, som bestyreren paa lægger ham.

2. At føre det hele regneskabsvæsen efter den plan, som bestyreren med overbestyrelsens samtykke foreskriver.

§ 7.

Lærlingene, hvis antal bestemmes af amtsformandskabet, antages af overbestyrelsen efter overlæg af bestyreren. Deres læretid er i almindelighed 2 aar, og de forbinde sig ved indtrædelsen til at foreblive saa lang tid ved skolen. De staar i tjenesteforhold til skolen, og ere saaledes pligtige til at forrette alt det arbejde, som forefalder ved jordbruget, haven, kreaturenes røgt, i redskabsværkstederne o. s. v.

§ 8.

Af dem, der skulle antages som lærlinger, fordres, at de skaffe attest for god opførsel, og at de have god helbred og fornøden styrke til at udføre de til jordbruget hørende arbejder. De maa desuden forud have beskæftiget sig med saadanne arbejder, i regelen have fyldt det 18de aar, have færdighed i at kunne læse, kunne skrive hjælpe og samt regne de 4 species i ubenevnte og benevnte, hele og brudne tal.

§ 9.

Lærlinger, som ved ulydighed eller mindre god opførsel gjøre sig uværdige til at blive ved skolen, kunne, naar advarsel af overbestyrelsen ifølge anmeldelse af bestyreren har vist sig frugtesløs, af overbestyrelsen strax udvises. Saafremt nogen lærling eller nogen underordnet ved skolen maatte have noget at klage over, har han med saadan klage at henvende sig til bestyreren, der om han ikke kan eller vil avhjælpe den, skal paa den klagendes forlangende være pligtig at forebringe overbestyrelsen den til afgjørelse.

§ 10.

Lærlingene erholde logis, ved, lys, vadsk, samt tarvelig, men sund

og tilstrækkelig kost. Overbestyrelsen kan derhos under særegne omstændigheder tilstaa enkelte lærlinger understøttelse til deres beklædning eller til andre fornødenheder.

§ 11.

Timerne for lærlingernes undervisning, arbejder, maaltider og hvile, saavel som de øvrige mere specielle regler ved skolen, bestemmes af overbestyrelsen efter forslag af bestyreren.

§ 12.

Engang om aaret til den tid, som overbestyrelsen nærmere bestemmer, afholdes examen i overvær af medlemmer af overbestyrelsen eller andre kyndige tilkaldte censorer. Efter fuldendt læretid erholde lærlingerne af bestyreren et vidnesbyrd om deres duelighed og opførsel med specielle karakterer for de i undervisningsreglementet opførte fag.

2det afsnit

Om undervisningen.

Følgende gjenstande udgjøre især formaalet for den praktiske vejledning og øvelse og dertil knyttede undervisning.

1. Kvægbesætningen skal bestaa af udsøgte dyr, som til enhver tid maa holdes i meget god stand samt røgtes og pleies saa hensigtsmessigt og vel som muligt, og bør paalægsdyr opales for gaarden. Kreaturrøgten udføres under bestyrerens tilsyn af en vel oplært og paalidelig fjesmand samt lærling som tjenestegjør ved kvægrøgten ligesom ved de øvrige kreaturers røgt efter tur ogsaa paa helligdagerne.
2. Faarbesætningen skal bestaa af en god og for egnens forholde passende faarerace, som røgtes og pleies hensigtsmessigt, saa at den hele hjord til enhver tid er i udmerket stand. Ved faarenes klipning, vadsking, numerering, kløvernes beskjæring o. s. v. bør lærlingerne være tilstede for at erholde undervisning om den rette fremgangsmaade.
3. Gaardens heste maa altid holdes i godt hold, renslige og vel skoede, hvorhos sæletei og kjøreredskaber stedse maa være i god stand.
4. Et passende antal avlssvin af en god race skal underholdes ved gaarden, samt røgtes og pleies særdeles vel.
5. Af den dyrkede jord, som tiltrænger drenering, skal aarlig en vis del fuldstændig dræneres. Ved dræneringsplanens udstikning maa alle lærlinger være tilstede, hvorhos arbeidet maa udføres af lærlingerne. Forsaavidt ikke en af lærerne altid kan lede arbeidet derved, maa en i dræneringsarbejder kyndig person være tilstede, for at paase, at arbeidet udføres rigtig i enhver detail.
6. Pløining, harving o. s. v. skal udføres af lærlingerne, hvorved en af lærerne eller en anden kyndig plougmand jevnlig maa være

tilstede for at lære lærlingerne det rette haandtag, og strengt paase, at arbeidet bliver udført.

7. Arbeidet ved dyrkning af turnips, gulerødder, poteter, kaal og hvad mere det kan findes hensigtsmæssigt at dyrke ved drilkultur og radsaaning, saavel som kornets udsæd, bør hovedsagelig udføres af lærlingerne under stadig vejledning og tilsyn, at alle detalier ved arbeidet udføres nøiagtig og paa bedste maade.
8. Al ved gaarden faldende gjødsel skal skjøttes med den størst mulige nøiagtighed efter de bedste kjendte metoder, hvorhos lærlingerne aarlig maa sammenlægge kompost af alle dertil tjenlige stoffe, som kan erholdes. Noget af de forskellige sorter af handelsgjødsel f. ex. Guano, ben, Chilisalpeter o. dl. maa aarlig anvendes, for at lærlingerne kunne faa se, hvorledes de skulde anvendes, og hvorledes de virke.
9. I gaardens frugt- og urtehave, som maa skjøttes med mønsterværdig omhu, udføres arbeidet af lærlingerne efter tur under ledning af en i haveyrkningsarbejde paalidelig og øvet person. Ved frugttræernes omplantning, beskjæring, podning, okulering o. s. v. skulde lærlingerne være tilstede for at lære den rette fremgangsmaade.
10. Gaardens skov maa skjøttes saa vel og hensigtsmæssigt som muligt. Ved skovens gennemgaaelse for at blinke træer, som skulde hugges, maa lærlingerne være tilstede. Et af overbestyrelsen og bestyreren nærmere bestemmedes areal skal aarlig beplantes eller besaaes med skov og indfædes, hvilke arbejder maa udføres af lærlingerne. Ligeledes bør lærlingerne oplæres i at tilvirke brændtorv efter de bedste metoder, som maate være eller herefter blive kjendte, samt anvises kjændemærkerne paa dens forekomst og kvalitet.
11. Et redskabsværksted og en smidie skal indrettes, for at landbrugsredskaber og maskiner passende for distriktet kunne forarbejdes, saavel til gaardens eget behov som til salg. Lærlingerne skulle fornemmelig om vinteren øves heri, ligesom de efter tur skulle gjøre tjeneste som haandlangere ved smidien, for at faa begreb om smedarbeidet. Som bestyrere for redskabsværkstedet og smidien antages for amtets regning dertil dueelige mænd.
12. I lineartegning skulle lærlingerne oplæres til at gjøre simple arbejdstegninger til landbrugsredskaber og maskiner, samt mindre landbrugsbygninger og disses indredning.
13. Lærlingerne skulle oplæres til at opmaale enkelte jordstykker med korstavle og maalestang eller kjæde, i nivellering samt simpel karttegning og maalets udregning, ligesom i beregning af kvadrat og kubikindhold.
14. I landbrugsbogholderi skulle lærlingerne oplæres til at føre kassa-regneskab, regneskab over afgrøde, foder og melkeregneskab, arbejdsdagbog og afregningsbog.
15. Lærlingerne skulle meddeles en kortfattet fremstilling af de teorier,


der ligge til grund for et rationelt jordbrug, og forsynes med hensigtsmæssige landbrugsskrifter, til hvis rigtige opfatning og tilegnelse de i de timer, som ikke ere henlagt til gaardsarbeidet, skulle erholde vejledning, helst i forbindelse med praktisk demonstration og stedse med examinerisk repetition.

Forsaavidt det findes fornødent og omstændighederne tillader det, gives lærlingerne nogen undervisning i modersmaalet (og andre almindelige fag).

Undervisningen maa i sær omfatte følgende materier:

- a) Husdyrenes yderlære eller kundskaben om af dyrenes ydre at bedømme deres egenskaber, sundhedstilstand og værdi.
- b) De praktiske regler for husdyrenes forædling.
- c) Husdyrenes opfødning, røgt, pleie, samt fodermidlenes tilberedning og brug.
- d) Udgangerfaarenes særskildte skjøtsel og om forebyggelse og behandling af de inden amtet hyppigst forekommende eller almindelige faarsygdomme.
- e) Melkens behandling samt tilberedning af smør og ost. Minst 4 gange aarlig skal enhver lærling være tilstede ved tilberedning af godt smør.
- f) Husdyrenes pleie under sættertiden.
- g) Hesteskoning samt behandling af de almindeligste ydre sygdomme og beskadigelser hos husdyrene.
- h) Om jordarterne med specielt hensyn til de inden amtsdistriktet forekommende.
- i) Om de væxter, som dyrkes, de træer og buskvæxter, som ere af mest værdi, og de slags ugræs som gjør mest skade inden amtsdistriktet.
- k) Den almindelige plantekulturs enkleste grunde, samt specielt plantekulturer vedkommende de inden amtet dyrkede eller dyrkbare væxter.
- l) Jordens afgrøftning, bearbejdning og gjødsling.
- m) Gjødselens opbevaring og tilberedelse for de forskjellige planter og jordarter, som ere almindelige inden amtsdistriktet, samt de forskjellige gjødningsarters forvise værd og behandling.
- n) Reglerne for væxtfølge og sædskifte.
- c) Om udvalg, indhøstning, rengjøring, opbevaring og saaning af korn og frø af foderplanter m.v.
- p) Om engvanding og engkultur overhovedet.
- q) Om ordningen af de forskjellige landbrugsarbeider og af landbrugsvirksomheden i det hele med passende arbejdsstyrke, til rette tid og i den hensigtsmæssigste følge og forbindelse.
- r) Om et almindeligt gaardsbrugs hensigtsmæssige bebyggelse.

Forsaavidt tjenlige haand- eller lærebøger allerede haves skal overbestyrelsen i forening med bestyreren efter mulighed drage omsorg for, at saadanne for skolen og amtsdistriktets særlige forholde passende



Den freda hovudbygning, bygd 1681.

smaaskrifter blive udarbejdede og trykte, eller at mangelen af saadanne erstattes ved lærernes mundtlige foredrag og efter fornødenhed diktat i undervisningstiden.

Bestyreren har sænlig om skolens virksomhed at afgive indberetning.»

Amtsformannskapet valde så desse til «overbestyrelse» for landbruksskulen:

Amtmann H. T. Meinich, sjølvskreven, Kjøpmann Mens Paache og gardbrukar Hjalmar Løberg.


Stillinga som landbruksskulestyrar vart lyst ut, og det melde seg 19 søkjarar. Overstyret tilsette Georg Allexander Wilson, som då var styrar av Mo jordbruksskule i Sunnfjord. Han overtok stillinga 14. april 1866, og første skuleåret på Stend tok til 1. oktober s.å.

I samråd med skulestyrar Wilson gjorde overstyret framlegg til amtsformannskapet om å løyve løn til ein underlærer, ein fjøsmann, ein smed og ein snikkar, — den siste berre for vinterhalvåret.

Endeleg var landbruksskulesaka førd i trygg hamn. Alt frå først av hadde ein støytt på mange vanskar. Det galdt både skulen på Nedre Sandvik og på Stend. Det tok 5 år frå saka vart teken opp til skulen kom i gang på leigd gard på Sandvik. Og det tok 11 år frå ein reiste spørsmålet om eigen landbruksskulegard til Wilson tok over Stend. Heile tida var ein klår over at leigd skulegard var inga fullgod løysing. Sjølv om ein hadde 15 års leigekontrakt på Nedre Sandvik, var ein bunden i dei økonomiske disposisjonane. Ein kunne ikkje gjere store varande kostnader, men freiste å hjelpe seg best ein kunne etter kvart. Det var såleis uråd å setje den ytre råde for ein skule i fullgod stand. Det måtte bli provisoriske løysingar.

Når amtet hadde fått kjøpt den gamle og tradisjonsrike garden Stend, opna det seg heilt nye framtidsvoner for landbruksskulen. No var ein herre på eigen gard, og kunne legge planar for framtida. Det var og ei lukke for skulen at ein fekk ein så dugande og drivande og vidsynt skulestyrar som Wilson frå først av.

Det var unge styrarfolk som kom til gards våren 1866. Wilson var 33 år gamal, og fru Emelie Wilson var berre 23 år. Med friskt pågangsmot tok han fatt på oppgåvene. Før



Første elevflokket på Stend 1866—68.

skulen kunne ta til om hausten, var det mykje som måtte ordnast. Først og fremst måtte husa vølast, og innbu og buskap måtte skaffast til veges. Wilson hadde allereide teikna ny uthusbygning, men av spareomsyn vart denne planen noko redusert, med di det vart vedteke å sløyfe nordre del av bygninga. Wilson tok opp kart over eigedomen alt andre året, som han sjølv teikna — og dette kartet har ein framleis på skulen.

Bygdevegen gjennom tunet vart lagd om første året, og den nye driftsbygninga vart fullført 1867—68.

Wilson hadde store tekniske interesser og gjevnader. Difor sette han i stand verkstaden, og fekk både smed og snikkar. Han såg det som ei stor oppgåve at elevane lærde å lage gode reiskapar, og at dei fekk kjennskap til å bruke desse. Verkstaden laga såleis reiskapar til sals, og det vart prenta prisliste i årsmeldingane. Elevane fekk og med seg heimatt reiskapar som dei laga. Wilson fekk laga modellar av gardsreiskap, som han venteleg nytta i undervisinga. Han fekk konstruert ein stålplog, som gjekk under namnet av *Stendplogen*. Denne plogen synte han fram på Philadelphia-utstillinga i 1876,

og fekk diplom for han. Plogpressa som pressa den vridne veltefjela, står framleis på Hordaland landbruksmuseum.

I 1875 kjøpte han heim ein Hornsby slåmaskin spesiallaga for 2 hestar, etter han møtte på eit stort landbruksmøte i Glasgow det året. Han bygde ein treskardam nord for Smalhusbakken, og leidde vatnet her i frå og ned langs nordenden av løa, der han bygde eit hus med stort vasshjul. Alt dette vitnar om tekniske interesser.

Wilson tok og fatt på skulegarden med dyrking, grøfting og planering. Første året vart berre 28 dekar sådd til, men 3 dekar var bortkasta i bløyta, skriv han, 4,5 dekar vart nytta til nepe og kålrot og gav 306 tønner avling. Det vart sett 131/8 tønner poteter, 17,5 dekar vart sådd til med havre, som vart hausta som tørt grønfor, då ein ikkje hadde treskelåve.

Han rausa arealet til 250 dekar dyrkande og dyrka jord. Men haugar og bergryggar ville gjere det vanskeleg med skiftebruk. Ved å køyre jord på desse haugane, kunne det vekse mykje gras, meinte han. Noko som vart gjort i stor mon i åra fram etter.

Då skulen tok til på Stend, var det 7 husmannsplassar: Stendadalen, Træet, Klungervollen, Vassbotnen, Mjølkevika, Ytre Vikane og Eikevollen. Alle husmennene vart oppsagde av overstyret, noko som vekte stor kritikk mellom bygdefolket, — for mange av dei som var på plassane var velvyrde fanabuarar, som miste både bustad og levebrød.

Etter søknad fekk Ole Abrahamsen Vassbotnen og Johannes Viksnes Eikevoll halde fram på plassane utan rett til brensel og beite.

Wilson syntte stort framsyn når det galdt skogen og skogreisinga. Han tykte at Stendskogen var glesen, men at han var særst godt skikka til øvingsfelt for «lærlingers opplæring i skovdyrking» — «Dette fag kan neppe anvises for høi plads ved nogen Landbrugsskole», skreiv han i årsmeldinga. Alt første året kjøpte han 2.200 plantar, som han sette ut på Stendholmen. Han prøvde både vår- og haustplanting — 9 sortar i alt. Han heldt fram med skogplanting alle åra han var på Stend. Somme år vart det planta meir enn 20.000 plantar.

For å skaffa plantar sette han og i gang planteskule for nåletre og lauvtre. Han prøvde såleis 30 pilsortar.

Wilson sitt pionerarbeid for skogreisinga, har visseleg gjort sitt til at mange av elevane hans heldt fram med skogplanting på heimegarden, og arbeidet hans har på den måten bore rike frukter.

Dei eldste plantingane frå Wilson si tid står framleis og vitnar om hans pionerarbeid. Han la grunnlaget for skogreisinga på Stend, og Stendskogen er i dag ein framifrå demonstrasjonsskog for opplæringa.

Wilson tok tidleg til å legge ned silofor. I 1873—74 syner meldinga at han hadde prøvt å legge ned såtehøy som brunhøy. I meldinga for 1876—77 fortel han om nedlegging av grønt hågras til silofor, og året etter skriv han om brunhøy. Han søkjer om løyving til å mure «haagrube» til kr. 2.300,—. Søknaden vart avslegen.

Året etter søkjer han om kr. 810,— til surhåkjellar, for det var køyrt fram 1000 hestelass stein. Søknaden vart avslegen. I årsmeldinga 1879—80 går Wilson sterkt i mot avslaget og klagar over den «ringe imødekommenhed som surhøysagen har mødt hos de bevilgende myndigheder.» I eit skriv av 14. august 1879 har han ei lang utgreiing om silospørsmålet. Søknaden vart på nytt avslegen.

Overstyret påla Wilson å kome med nytt overslag for surhåkjellar i 1881. Overslaget hans lydde på kr. 1.492,—. Amtsformannskapet løyvde kr. 810,— til silo. Johannes Jakobsen Træland frå Lindås bygde siloen i 1883 for kr. 810,—, men måtte få 100 kr. etterløyvt, då han ikkje gjekk ut med arbeidet. Denne siloen vart bygd høgare då stallvinkelen vart bygd i 1914, og denne store siloen som hadde ei grunnflate på omlag 60 m², vart nytta kvart år fram til 1960. Med tre gongers påfylling rømde han 200 tonn silofor, og var venteleg både den eldste og største permanente siloen i landet. Gjennom 77 år vart han nytta, så det er visseleg ingen silo i det heile som har rømt så mykje silofor i si brukstid som gamlesiloen på Stend. Han har og gjort sitt til at Hordaland er det fylke som utan samanlikning nyttar mest silofor, både i totalmengd og pr. ku.

Ein har no støypt betongplate over siloen, med grasplen over, — så gamlesiloen vert framleis nytta — til grønsakkjellar.

Wilson var og ein mykje dugande husdyrmann. Han var særleg interessert i hestar, og var ein flink hestetemjar. Han var kgl. autorisert som veterinær, og jamt hadde han hestar til kur og dressur.

OPPLÆRINGA OG SKULEPLANAR

Det vart teke opp 12 elevar i 2-års kurs frå 1. oktober 1866. For utan Wilson som var styrar, var det desse lærarane ved skulen: Uderlærer Jens Chr. Opsal, smed Ole Nilsen frå Fredrikstad, snikkar og hjulmakar Helge Olsen frå Kvinnherad og røktar Aron Andreassen frå Vestfold.

*

Etter skuleplanen vart det 2-årige kurset delt inn i 6 terminar, og den teoretiske undervisinga skulle drivast såleis:

1. termin frå 1. okt. til 20. des., 70 dagar a 3 timar =	210 timar
2. termin frå 7. jan. til 31. mars, 72 dagar a 3 timar =	216 »
3. termin frå 1. april til 30. september, arbeid, men	
1 skuledag a 8 timar for veka	= 200 »
4. termin frå 1. okt. til 20. des., 70 dagar a 3 timar =	210 »
5. termin frå 7. jan. til 31. mars, 72 dagar a 3 timar =	216 »
6. termin frå 1. april til 28. september,	
1 skuledag for veka a 8 timar	= 192 »
Til saman <u>1.244 timar</u>	

Det synt seg å vere vanskeleg å nå eit så stort timetal med teoretisk opplæring. Så vidt ein kan sjå av årsmeldingane vart det berre 625—700 timar klasseundervising og attåt kjem markforelesingar, landmåling, grøftestikking botanisering o.m. ute sommarhalvåret, som vart meddelt «etter omstendighederne og andrager til omtrent 8 timer ugentlig.»

Timetalet i dei ymse fag kunne svinge mykje frå år til anna.

Første året var timeplanen såleis:

1. termin frå 1. okt. til 20. desember: teori frå kl. 10—12.
Måndag: Stil — jordbeskrivelse

Tysdag: Regning — Mållære (økonomisk landmåling, vatring, kubikkregning).

Onsdag: Diktat — Jordbeskrivelse.

Torsdag: Regning — Mållære.

Fredag: Diktat — Jordbeskrivelse.

Laurdag: Regning — Mållære.

2. termin 7. januar til 31. mars. Teori tre timar (kl. 3—6).

Måndag: Redskapslære. Agerjordens bearbeidelse.

Tysdag: Tegning.

Onsdag: Regning.

Torsdag: Tegning.

Fredag: Bogholderi.

Laurdag: Regning.

Wilson hadde undervisinga dei 5 første dagane i veka, og Opsal hadde laurdagane.

Det var og sett opp ein detaljert plan over øvingane.

Før jul var det 6 timar arbeid dagleg. Frå kl. 7—9 og frå kl. 1—5 e.m. Etter jul var det 5 timar dagleg arbeid (kl. 8.30—13.30). Sommarhalvåret var det praktisk arbeid i dei ymse driftsgreiner, og med ein del markforelesningar, etter som det høgde.

Nokre år etter gjekk ein over til 4 timar teori vinterhalvåret, men noko meir uregelmessig med markforelesningar — etter som det høgde med arbeidet.

Den skuleplanen som vart vedteken i 1865 vart nytta heile tida Wilson var skulestyrar, og tiårsbolken etterpå medan Sandberg var styrar. Det vart nok reist kritikk mot opplæringa av og til, og planendingar vart nemnt i amtstinget utan det førde til brigde i skuleplanen. Somme meinte at drifta på Stend ikkje høgde for dei heller små gardane i fylket. Mange meinte at Wilson dreiv for mykje eksperiment, både på verkstadene og i gardsdrifta, og at han ikkje var nok sparemann. Amtsrevisjonen var pirkut og la seg bort i mange småting, noko som Wilson reagerte sterkt mot.

Men slik var det elles og kring om i landet. Det var heller tronge tider, og det kom krav om å legge ned landbruks-

skulane. Bøndene sine representantar var dei fremste talsmenn for å legge ned skulane, med Søren Jaabæk i brodden. *Bondevenn-foreninger*, som han fekk skipa, hadde «*sparsomhet i stats-husholdingen*» som sitt fremste føremål.

Som døme på korleis bøndene på den tid såg på opplæring, rettleiing og framhjelp av jordbruket tek ein med den resolusjonen som var vedteken på eit gardbrukarmøte i Bud i Romsdal i 1870:

1. «Romsdal Amts Landbrugsskole bør nedlægges.
2. Amtets Kvægrygter bør afskediges.
3. Amtets Landhusholdningsselskab bør opløses og tilintetgjøres.
4. Dyrlægeposten i vort Amt ophæves.
5. Alle Veiinspektører i amtet bør afskediges, deres bestillinger skal bestyres af Amtmanden og Lensmenderne.
6. Romsdals Amtsformandskab bør virke til at førstkomende Storting fastsætter Renten til 4 procent.
7. Skoledirektørposten i Norge bør ophæves snarest muligt. Alle disse gennemgribende Forandringer bør ske jo før jo heller for de trykkende Tidens Skyld, og fordi Nyttens af disse Indretninger ikke svarer til de store Ofre, de kræve.»

Stend Jordbruksskule fekk og merke noko av dette spare-synet. Men skulen neid stormen av. Han er ein av dei 6 som overlevde krisetida. Tolv av dei 18 landbruksskulane vart lagde ned.

Krav om å legge ned Stend jordbruksskule kom frå Vossestrand heradstyre 17. febr. 1885. Det førde til at amtstinget sette ned ei spesialnemnd som kom med ei lang utgreiing i 1886 og konkluderte med fylgjande framlegg i tre alternativ:

1. Skolen drives som hittil for amtets negning med følgende forandringer:
 - a. Foran påpegede mere økonomiske drift paasees iagttaget.
 - b. Skolens lønnede haandværkere opsiges og værkstæderne bortforpagtes til private.

- c. Som betingelse for elevens optagelse ved skolen kræves, at disse er i besiddelse af de kundskaber, der iregelen tilegnes ved amtsskolekursus.
 - d. En af underlærerposterne inddrages.
 - e. Økonom uden fast løn søges antaget.
2. Skolegaarden bortforpagtes til bestyreren paa nærmere af amtsformandskabet fastsatte betingelser.
 3. Skolegaarden overdrages til staten til oprettelse af en fælles landbrugsskole for de vestlandske amter.

Overstyret var usamd i desse framlegga, unnateke at elevane burde ha førekunnskapar som svara til det fylkesskulane kunne gje. Då saka kom opp i amtstinget, kløyvde næringskomiteen seg. Fleirtalet ville at handverkarane skulle seiast opp, men mindretallet ville at amtet framleis skulle drive verkstadene for amtet si rekning. Komiteen var samd i at tredjelærarposten skulle dragast inn. Ein var og samd i at garden enno ei tid skulle drivast for amtet si rekning, då det snart skulle bli styrarskifte. Ved røystinga i amtstinget vart det fleirtal for at verkstadene skulle drivast som før, då ein meinte det var nyttig opplæring. Elles vart nemndtilrådinga vedteken ubrigda.

Skulestyrar Wilson kjende seg såra og miskjend av spesialkomiteen si utgreiing og tilråding, og han skriv som Bilag nr. 30 i Amtstingsforhandlingane i 1886 m.a.: «..... det er mig i høieste grad trykkende og nedslaaende at den ærede kommitte synes at anse mit ikke alltid lette arbejde i hovedsagen forfeilet.

Jeg har altid efter ydderste evne, med skolens reglement for øie, søgt at vække Elevernes Interesse for deres livsgjerning, ikke alene ved at holde dem saavidt muligt a jour med de nyere fremskridt paa Landbrugets Område, men ogsaa med de mere almindelige gjøremaal, saasom Opsamling og Nyting af alle paa skolegaarden faldene Gjødselstoffer, Markerne Tørlægning, raa jords Opdyrkning, istandbringelse af gode Ænge, Træ- og Havekultur, Fodermidlenes hensigtsmæssige Sammenblanding og Anvendelse, saa megen Haandværksferdighed, at de kan være selvhjulpne ved Reparationer og Forfærdigelser af simple Redskaber. Dette — der kun anføres for at nævne noget — foruden mangt andet, der har været lært på

Stend, skulde man dog tro var Ting, som skulde kunne finde Anvendelse endogsaa under de mindste Landbrugsforholde


Sjølvs om det var mange som kritiserte opplæringa og Wilson sine økonomiske disposisjonar på Stend, var det magne som såg opp til hans store pionerarbeid. Elevane hadde stor vyrdnad for han, og var takksame for lærdomen dei fekk. Og medlemene i overstyret gav han stønad. Ved slutten av drøftingane av landbruksskulesaka i Amtstinget uttala amtmannen m.a.: . . . «Bestyrer Wilson har opsagt sin post, og skal om kort tid forlade skolen, og at det saledes nu var sidste gang amtsformandskabet under hans virksomhed ved skolen havde behandlet dennes anliggender. Som bekjendt havde der ved siden af den glæde, skolens trivsel og elevernes framgang under Wilsons ledelse havde maatte vække, oftere om skolens anliggender fundet skarpe rivninger sted. Med den agtelse taleren nærrede for forsamlingen og dens enkelte medlemmer, betvivlede han imidlertid ikke at al mislyd fra disse rivninger nu i skilsmisens øieblik vilde forstumme og kun velvillie mod den bortgangne blive tilbage.

Derfor turde taleren tillade sig paa Amtets vegne at udtale dets tak til skolebestyrer Wilson for den nidkærhed og dyktighed, hvormed han har virket i amtets tjeneste»

Wilson hadde alt då sagt opp stillinga som styrar på Stend, og vart tilsett som forstander ved pleiestiftelsen nr. 1 i Bergen. Han slutta på Stend 1. oktober 1886 — etter å ha arbeidd i vel tjue år som styrar.

Endringar i skuleplanen vart nemnd i ordskiftet om landbruksskulesaka i amtstinget. Men dei meinte at det var overstyret som burde ta opp den saka. Difor vart det ikkje nemnande endringar før i skulestyrar Bernt Klokk si styrantid.

Til ny landbruksskulestyrar vart tilsett amtsagronom Ole Sandberg. Han overtok stillinga 9. november 1886. Han vart snart kjend med at han måtte vere sparemann, og innretta seg der etter. Han fekk vellete i førstninga for di budsjettet gjekk med frå kr. 9.451,— i 1885 til kr. 2.548,90 i 1888. Men det er greitt at med så snaue løyvingar vart det uråd å setje hus og gard i betre stand, det var jamvel vanskeleg med skikkeleg vedlikehald. Det vart og slutt med skogplantinga. Einast i 1889—90 vart det sett ut 12.222 plantar — venteleg



Stend jordbruksskule sett frå Stendfjellet. Sjølve skulen til venstre.

oppe i Stendadalen. Av endringar han fekk gjennomført kan nemnast at skulen vart utvida med 6 halve friplassar i 1890, som vart omskipa til 3 heile friplassar i 1894. Han gjorde opptaket til å få gartnerstilling ved skulen i 1895, men sjølv dette møtte motbør av menn som skulle vere interessert i hagebruk. Ordførar Lindebrække var såleis mot, då han hadde høyrte «at det eneste som var noget tids på Stend var gartneriet, og da var det rart at bevilge til en saadan post.» Sandberg fekk og bygt om fjøset i 1895 med sollide teglsteinsmurar, støypt golv og ny innreiing, som kosta kr. 5.200,—. Han spara jamvel 300 kroner av overslaget! Ytinga på fjøset gjekk og noko opp i Sandberg si styringstid. I 1894—95 var den samla mjølkemengda 58.805 kg og 2.147 kg pr. ku — ei nokså bra yting på den tid.

Sjølvs om Sandberg fekk vellete som flink økonom i førstninga, vart det helst kritikk seinare — som mest skuldast dei tronge budsjetta. Som austlending kjende han seg framand i distriktet, både når det galdt natur, verlag og folkelynne, og han sa opp stillinga og flutte frå Stend 15. mai 1896, då han kjøpte garden Løken i Bærum. Dei tre siste åra var han ein

aktiv formann i Fana Sogns Landmandsforening. Han gjorde og mykje for å få bygt Osbanen — og fekk lagleg trasé over skulegarden med jarnvegstasjon nær skulebygningane.

På amtstinget i 1895 kom det fram sterk kritikk kring skuleplanen, opplæringa og tilhøva på Stend. Ein meinte det var skeiv fordeling av faga. Lite aktuelle fag hadde eit stort timetal, medan viktige fag fekk for få timar. Etter årsmeldinga i 1894 var timefordelinga såleis:

1. Agronomi	42 timar
2. Landmåling	80 »
3. Nivellering	3 »
4. Kartteikning	2 »
5. Anorganisk kjemi	36 »
6. Organisk kjemi	1 »
7. Fysikk	31 »
8. Anatomi	18 »
9. Sjukdomslære	13 »
10. Husdyrlære	30 »
11. Hagebrukslære	2 »
12. Skogbrukslære	31 »
13. Rekning	77 »
14. Matematikk	19 »
15. Reiskaps- og bygningsteikning	56 »
16. Norsk	27 »
17. Botanikk	35 »
18. Botaniske eksekursjonar	6 »
19. Mineralogi	31 »
20. Insektlære	48 »
21. Bokholderi	5 »
22. Meierilære	26 »
Til saman	<u>619 timar</u>


Det vart kritisert at det var nytta så mange timar til landmåling, og mest inkje til nivellering og kartteikning, at det vart undervist i matematikk, når somme elevar knapt kunne lese i bok, og at det mest ikkje var timar i hagebrukslære, at husdyrlære hadde berre 30 timar medan insektlære hadde 48 timar o.s.b. Kritikken over timeplanen må ein vel seie var

sakleg og rettvís. Men det låg og føre ei skriftleg klage frå elevane som vart lesen opp i amtstinget. Ordf. Erichen, medlem av overstyret, heldt eit langt innlegg til forsvar for skulen og skulestyraren. Klaga kom heilt uventa på overstyret, som meinte at tilhøva ved skulen var gode. Han hadde tala med elevane, som sa seg velnøgde med styraren. Men dei ynskte fleire «frie foredrag», og tykte det var for mykje å lese. Ordf. Th. Skaar, frå Eidfjord, ville legge inn eit godt ord for skulen. Han hadde vitja skulen og fått det beste inntrykk både av skulen og styraren. Når ein hørde klaga opplesen, fekk han ei kjensle av at det «maatte staa en ondskab bag. Det var ikke gutbestil dette». Han meinte at elevane var forvende frå amts- og folkehøgskulane, der dei vart klappa på skuldra og spurde om dei ville lese. Slikt går ikkje på ein landbruksskule. Skulle det bli til noko, måtte ein arbeide!

Dei som kritiserte, peika på at det var skildnad på Wilson og Sandberg, og det vart jamvel kritisert at overstyret og styraren no så brått slo om og ville gjere så mykje. Fylgjene av så mange trange år med små løyvingar melde seg no med full tyngde, ser ein. Skulestyrar Sandberg som hadde vore loyal mot overstyret og amtsting, fekk berre kritikk til takk! Ordførar Erichsen, medlem av overstyret, rosa styraren med desse orda: «... Han var en dygtig, nidkjær og samvittighedsfuld mand, der havde bestyrt skolen, saa alle kunde være tilfreds med det, og han havde optraadt loyalt ligeoverfor amtsformandskabets beslutninger. Det saa dog ud til, at hvorledes han end bar sig ad, saa var det galt».

Ja, det skal vere visst. Denne kritikken i amtstinget gjorde nok sitt til at skulestyrar Sandberg reiste frå Stend akkurat ti år etter at skulestyrar Wilson sa opp og reiste for den kritikk han fekk for di han brukte for mykje pengar og var vel lite loyal mot dei fylkeskommunale organ.

Ut gjennom 1890-åra vart det noko betre tider for landbruksskulane. Stortinget auka løyvingane, så det vart lettare for fylka, og dei tok til å sjå litt meir romsleg på løyvingane til landbruksskulane. Mange fylke tok opp arbeidet med å reise landbruksskular på nytt, og det gjekk for seg stor byggeverksemd på landbruksskulane i mange fylke.



Skulen sett frå sør.

Landbruksopplæringa og det verd ho har for jordbruket vart fleine gonger drøfta i Stortinget, og i 1893 auka staten løyvingane til 3/4 av utgiftene, for at det skulle bli lettare for fylka å reise landbruksskular. I 1885 vart det og sett ned ein parlamentarisk landbrukskommisjon som fekk i oppdrag å arbeide ut planar, både for den «lågare» og «høgre» landbruksundervisning.

Landbruksskulestyrrar *Bernt Klokk*, vart medlem av den parlamentariske kommisjonen. Frå hausten 1895 til våren 1896 var han sekretær, seinare var han nestformann. I september 1898 la kommisjonen fram si tilråding om den lågare landbruksundervisning. *Klokk* som vart tilsett som landbruksskulestyrrar på Stend frå 19. mai 1896 hadde dei beste føresetnader og vilkår for arbeidet sitt ved skulen. Han hadde god røynske som tidlegare fylkesagronom og landbruksskulestyrrar i Møre og Romsdal. Amtstinget og styresmaktene i Hordaland var og mogne for planendring og større løyvingar til Stend jordbruksskule. Dei var klår over at attpå så mange år med tronge løyvingar og sparsemd måtte det større løyvingar til, og sidan staten hadde auka sin del, fall det lettare for fylket å yte sitt.

Endring av skuleplanen.

I januar 1899 la *Klokk* fram eit velforma og grunngeve framlegg til utviding og omlegging av landbruksundervisninga på Stend. Både overstyret og amtstinget vedtok framlegget utan nemnande endringar. Skulen på Stend hadde til denne tid vore 2-årig. Ein tok opp elevar berre anna kvart år, så skulen fekk på den måten liten kapasitet. Etter den nye skuleplanen, som vart vedteken av amtstinget 15. juni 1899, skulle det bli 1½-års kurs med opptaking av 20 elevar kvar haust, såleis at skulen kunne ha 40 elevar om vinteren og 20 om sommaren. Dessutan skulle det vere høve å ta opp vinterelevar, som bør vere minst 20 år gamle, og dei må fritt kunne velje mellom ein vinter eller to vintrar. Det skulle og bli meir teoriopplæring enn etter den gamle planen, 1200 timar teori.

Eksamen skulle omfate:

A. Skriftlege fag:

1. Jordbrukslære	1	karakter
2. Husdyr- og meierilære	1	»
3. Norsk	1	»
4. Rekning og geometri $\frac{2}{3}$, bokhollder $\frac{1}{3}$	1	»

B. Munnlege fag:

5. Jordbrukslære	1	»
6. Husdyrlære $\frac{3}{4}$, og meierilære $\frac{1}{4}$	1	»
7. Hagebrukslære $\frac{1}{2}$, skogbrukslære $\frac{1}{2}$	1	»
8. Kjemi $\frac{2}{3}$, fysikk $\frac{1}{3}$	1	»
9. Botanikk $\frac{1}{3}$, zoologi $\frac{1}{3}$, geologi $\frac{1}{3}$	1	»

C. Dugleik i:

10. Teikning $\frac{1}{2}$, landmåling og nivellering $\frac{1}{2}$..	1	»
11. Jordbruksarbeid	1	»
12. Husdyrrøkt og meieniarbeid	1	»
13. Ordning og arbeidsleiing	1	»
14. Handverksarbeid	1	»

Som ein ser er det stort sett dei fagkarakterar som har vore nytta seinare, jamvel i normalplanen frå 1838.

Den nye skuleplanen vart sett i verk frå 1. oktober 1900, og det siste elevkullet etter den gamle planen med 2-års kurs slutta hausten same året. Frå oktober 1901 vart det to

klassar, og det vart såleis tromg til fleire lærarar. Det måtte tilsetjast andrelærar, og den såkalla underlærar gjekk over til gardsfullmektig-stilling. Skulestyrar *Klokk* døydde 20. mai 1901, så han fekk ikkje oppleve å ta den store skulebygninga i bruk.

Knut Teig vart tilsett som skulestyrar frå 1. oktober 1901. *Kristian Fidje* vart andrelærar, og *Olle Vaagen* vart gardsfullmekt. Det vart såleis *Teig* som fekk till oppgåve å setje i verk den nye skuleplanen og tilmåte han etter tilhøva på staden. Det synte seg at søknaden til skulen auka dei første åra fram etter. Skulestyrar *Teig* og styret for skulen gjorde difor framlegg om å ta opp 25 elevar i staden for 20 kvar haust. Amtstinget gjorde vedtak om dette, så det vart i alt 45 elevar ved skulen vinteren 1904—05.

Teig vart tilsett som statskonsulent i husdyrbruk og slutta som skulestyrar på Stend 1. april 1905 etter berre 3½ års arbeid.

N. Ritland vart tilsett som skulestyrar og overtok stillinga 16. mai 1905. Han hadde før vore landbruksskulestyrar ved Rogaland landbruksskulen på Tveit i 10 år, og hadde såleis god røynsle å bygge på.

Skulen heldt fram med 25+25 elevar i 1½ års kurset. Og dessutan tok ein somme år opp 1 eller to betalande elevar i det ordinære kurset, og nokre vinterelevar. Men søknaden var stor dei første åra fram etter. Somme år var det berre tredjeparten av søkjarane som fekk plass.

Etter framlegg frå skulestyraren og styret for skulen gjorde Amtstinget vedtak i 1908 at frå hausten 1909 skulle det setjast i gang eit 1-vinters kurs. For å makte den auka undervisninga, måtte det difor tilsetjast ein teoretisk lærar for vintershalvåret. *Jens Lunde* var den første som hadde denne lærarstillinga.

Skulen kom såleis til å ha tre klassar frå hausten 1909. Landbruksdepartementet oppmoda skulen i rundskriv, dagsett 7. oktober 1915 å koma med framlegg til planendingar i samhøve med stortingsvedtak av 30. juli om landbruksundervisninga.

Skulestyrar *Ritland* arbeidde ut eit framlegg til ny skuleplan, som styret var samd i — unnateke samansetnaden av styret, der styret meinte at amtmannen framleis burde vere sjølvskreven medlem. Amtstinget gjorde vedtak i samsvar med

stynet sitt framlegg. Etter dette skulle styret vere samansett av 5 medlemmer, og fylkesmannen skulle vera sjølvskreven medlem. Amtstinget gjorde vedtak om skuleplanen den 14. april 1916, og Landbruksdepartementet godkjende han med nokre små endringar.

Denne planen skill seg ikkje mykje ut frå skuleplanen som vart sett i verk 1900. Det skulle vere 3 kurs ved skulen:

1½-års kurs

2-vinters kurs

1-vinters kurs

Når det gjeld dei ein-skilde faga vart samfunnslære eksamensfag i både 1½-års og 2-vinters kurset. Alle elevane skulle ha handverksøvingar og husdyrstell. 2-vinters elevane skulle føre lister sommarhalvåret. Elles var det ein meir detaljert plan enn den førre når det galdt timar for dei ein-skilde faga.

Eksamensplanen vart og lite brigda. Det skulle no gjevast særskild oppgåve i norsk. Det skulle gjevast særskild heil karakter i hagebruk og skogbruk, før var det berre ein halv karakter på kvar.

Det vart og særskild hovudkarakter for praksis. Før var teori og praksis slege saman ved utrekning av hovudkarakteren.

Knava til praksis føreåt vart endra frå 1½ år til 1 års praksis. Det skulle og haldast ei optakingsprøve.

Det kunne haldast stutte kurs, og det skulle vere skuleråd. Skuleplanen som vart vedteken i 1916 vart nytta ubrigda fram til 1938, då Landbruksdepartementet arbeidde ut normalplan for landbruksskulane. Denne normalplanen var nokolunde i samsvar med den skuleplanen ein nytta, så det førde ikkje til nokon ny plan. Likevell vart det ymse små justeringar når det galdt timefordelinga mellom dei ymse faga. Det vart og nokre endringar i eksamensordninga. Tida for skriftleg eksamen vart korta inn frå 8 timar til 6 timar. Og i staden for munnleg eksamen i alle fag, vart det gitt karakter på grunnlag av skriftlege prøver gjennom året.

I 1951 vart planen utvida med eit 5½-månaders tilleggskurs i hagebruk. Kurset var for slike som hadde gått jordbruksskule på minst 1 år føreåt, og skulle vare frå 15. april til 1. oktober.

Undervisningstimar i dei ymse fag

Fag	1872-74	1898-1900	1914-16	1935-37	1962-64
		2 år	1 1/2 år	1 1/2 år	1 1/2 år
Jordbrukslære					168
Jordbruksøkonomi	88	170	251	224	105
Maskin- og reiskapslære ..					98
Husdyrlære og mjølkestell	40	197	214	208	172
Dyresjukdomslære	64	—	14		4
Hagebrukslære	30½	62	91	89	104
Plantesyjukdomslære	—				18
Skogbrukslære	34½	28	46	64	107
Norsk	57½	58	62	61	55
Rekning og geometri	116	131	121	106	67
Rekneskap	62½	44	38	58	81
Kjemi	29	65	64	82	68
Fysikk	28	48	51	80	68
Botanikk	9	77	69	56	77
Botanikk ekskursjonar	—		10	8	12
Zoologi	63	21	20	31	48
Anatomi	—	—	36	42	36
Naturlære	22½	—	—	—	—
Landmåling og nivellering	75	120	55	54	32
Teikning	89	150	121	108	62
Geologi og jordlære	—	41	52	71	74
Bygningsslære	—	—	—	33	47
Samfunnslære	—	—	—	42	46
Lesøvingar	33½	—	—	—	—
Skriving	27	—	—	—	—
Rettslære	21½	—	11	—	—
Frie foredrag	—	—	—	5	12
Birøkt	—	—	8	—	5
Gymnastikk	—	—	—	—	50
Sum	950	1212	1334	1422	1616

Det var lite søknad til dette, så kurset gjekk berre i 2 år. Samstundes vart skuleplanen endra ein del.

Rekneskapsføring vart særskilt eksamensfag. Jordbruksøkonomi vart utvida frå 70 timar saman med samfunnslære til 135 timar. Maskinlære vart særskilt fag med 90 timar og skogbrukslære vart utvida frå 60 timar til 110 timar. Timetalet i ymse naturfag vart minka med omlag 10 timar kvart, så ein fekk 65 timar i kjemi og fysikk. Like eins vart time-talet i kartteikning og bygningsteikning minka noko. Sjølv om normalplanen har vore rettesnora, har ein hatt høve å justere planen etter skiftande tider og tilhøve, såleis at tids-aktuelle fag har fått eit rettkome rom.

Elevane i 1½-års kurset og 2-vinters kurset har år om anna kring 1500 timar teoriopplæring og kring 100 timar teikning og gymnastikk. Elevane i 1½-års kurset har dessutan allsidig praksis i jordbruk, husdyrbruk, hagebruk og skogbruk med til saman 1200 timar øvingar og arbeid. Samanlagt vert det kring 2.800 timar opplæring.

Ein viser elles til samanstilling av undervisningstimane til ymse tider gjennom hundreårsbolken.

JORDSKIFTESKULEN

Etter opptak av jordskiftedirektør Grendahl sende Landbruksdepartementet eit skriv til Hordaland fylke, dagsett 18. juli 1956, der ein bad om «framlegg til avtale om høve for Landbruksdepartementet til å ha eit jordskiftekurs ved Stend jordbruksskule i innntil 5 år, og med oppgave over kva for utgifter fylket reknar med Staten må dekkja i samband med drift av kurset».

Lærarrådet drøfta saka i møte den 6. og 10. sept. og gjorde såvore framlegg til avtale:

Hordaland fylke tek på seg å skaffa husrom og setje i gang eit jordskiftekurs ved Stend jordbruksskule frå 1. juli 1957 på desse vilkår: Turvande skulesalar og opplæringsrom vert skaffa utan særskildt vederlag. Elevane i jordskiftekurset får bu i skulen sine internat på same vilkår som elevane i 2-vinters

kurset. Like eins får dei kost i skulen sitt internat på same vilkår som elevane i 2-vinters kurset. Kurset vert administrert som dei andre klassane ved skulen, — og elevane må rette seg etter dei føreseger som gjeld i skuleplan og for internatet. Lærarrådet gjev tilråding om opptaking av elever, men Landbruksdepartementet tek opp elevane. Dei faste lærarane ved skulen underviser i naturfag, jordbrukslære, skogbrukslære og husdyrlære mot eit vedenlag som Landbruksdepartementet finn rimeleg. Det må tilsetjast ein jordskifte kandidat, som vert løna heilt av staten. Han underviser i rekning og matematikk, landmåling, nivellering, kartteikning, jordskiftefag, rettslære, jakt og fiske og kulturteknikk. Det må nyttast timelærarar utan om skulen i den mån det er turvande. For øvingstimar i skogbruk skal det ikkje vere særskildt vederlag. Staten ber dessutan fylgjande utgifter:

- Kosttilskot (elevstipend)
- Opplæringsmateriell
- Eksamensutgifter
- Lækjar og medisin
- Kontor, prenting og lysing.

Det er føresetnaden at detaljar kring skuleplan og opplæring vert drøfta nærare av Landbruksdepartementet og Stend jordbruksskule. Avtalen kan seiast opp innan 5 år for båe partar. Så framit det er grunnlag for eit slikt kurs, meiner ein det bør halde fram på Stend.

Første framlegg til budsjett frå 1/7 1957—30/6 1958 syner samla utgifter på Staten på kn. 35.281,—. Styret for Stend gjorde såvore vedtak 11. september 1965: «Styret er samd i Lærarrådet sitt framlegg til avtale om jordskifte kurs på Stend mellom Hordaland fylke og Landbruksdepartementet. Når det gjeld framlegg til budsjett, meiner styret at Landbruksdepartementet må fastsetja godtgjersla til dei faste lærarane ved skulen.»

Jordskifte kandidat *Lars Johan Mehl* vart tilsett som overlærer og avdelingsleiari for jordskifte kurset, og første kurset tok til 1. oktober 1957.

Etter framlegg frå jordskiftedirektøren vart timeplanen såleis:

Norsk, nynorsk og bokmål	80 timar
Rekning og matematikk	100 »
Jordbrukslære	100 »
Jordbruksøkonomi	60 »
Næringsverdet til plantane (husdyrlære)	60 »
Skogtaksasjon og skogøkonomi	100 »
Skogskjøtsel og teknologi	60 »
Landmåling og kartteikning	180 »
Jordskiftefag (føring av skifterekneskap)	60 »
Rettslære	65 »
Geologi og jordlære	60 »
Botanikk	50 »
Kjemi og fysikk	50 »
Maskinskriving og rekneskap	50 »
Kulturteknikk	15 »

Til saman 1090 timar

Øvingar: Landmåling 4 veker, skogtaksasjon 2 veker, skogskjøtsel 1 veke og kulturteknikk 1 veke.

Som oftast har det vorte halde fleine timar både i matematikk og landmåling enn timeplanen syner. Det har og vorte halde ein del ekstratimar for dei elevane som har hatt svakaste grunnlag i matematikk. Det har synt seg å vere ei ulempe at førekunnskapane i matematikk har svinga frå god examen artium på reallina til heller svak realskuleeksamen i matematikk, t. d. berre eksamen frå jordbruksskule.

Det har gjennom åra synt seg at det er eit konsentrert og nokså travelt kurs for elevane. Det er mykje som skal lærast på den stutte tida, og særleg er det arbeidskrevjande med så mykje øvingsarbeid i landmåling, kartteikning, jordskifteøvingar og skogbruksøvingar attåt heller stort pensum i dei teoretiske faga.

Elevane har fått gode kunnskapar i dei ymse faga. Særleg i landmåling, kartteikning og jordskiftefag har desse elevane hatt fønemonar fram om elevane frå agronomkurs når dei skal ta til på jordskiftelina ved Landbrukshøgskulen. Derimot har dei eit svakare grunnlag i dei vanlege agronomfaga. Det har

synt seg at omlag tredjeparten av elevane har gått til Landbrukshøgskulen, ein tredjedel til jordskifteverket som jordskifteteknikar, og resten har gått til andre etatar i kommunar og private firma. Søkna den har vore god. Somme år har knapt tredjeparten av søkerane fått plass. Etter ynskje frå jordskifteverket vart skuleåret flutt fram frå 1. oktober til 10. august, og varer til 10. juni året etter.

Lars Johan Mehl slutta som overlænar og avdelingsleiar 30. august 1961, Peder Hoff vart tilsett frå 1. september 1961 og heldt fram skuleåret ut til 15. juni 1965. Sverre Sunde tok til som avdelingsleiar 1. aug. 1965.

I budsjettet for skulen er det rekna med 15 elevar. Somme år har ein-skilde vorte hindra å gå skuleåret heilt ut, så talet på uteksaminerte jordskifteteknikarar har svinga frå 12 til 16 pr. år.

FRÅ SOGA OM GARDEN STEND

Namnet på garden vert til vanleg uttalla *Stænn*, men eldre folk i Fana og Os skal ha sagt *Stein*, som venteleg er det opphavlege namnet. Professor Rygh seier om gardsnamn som opphavleg kjem av hannkjønnsordet *steinn* «har hensyn til store jordfaste stener eller stener reist av menneskehender, eller også til fjell, høie holmer eller småøier. Kun i enkelte sammensatte navn siktes til stenig jordbund».

Sjølv om dei natuntilhøve som prof. Rygh nemner som opphavet til *Stein*-namn kan høve for denne garden, må ein vedgå at *Stein* kunne høve like godt på ei mengd gardar kring om i bygdene.

Garden ligg såleis til at det er naturleg her vart tidleg busetnad, og at garden har fått eit naturgjeve, usamansett namn. Ein må difor kunne rekne med at *Stein* er det gamle og rette gardsnamnet. Skulestyrar Georg Alexander Wilson brukte Stend med d, i den første årsmeldinga, dagsett 2. juni 1867. Stend vart og namnet på postopneriet, og difor vert namnet i dag ofte nytta på heile stroket ved botnen av Fanafjorden.

Skrivemåten har vore ulik med gjennom tidene:

Stenn i 1507, Sten i 1519. Stenne og Stenn i 1522, Stennnd i 1535, Steenn i 1563 og 1567, Steene i 1608, Stehnn i 1619, Stenne i 1633, Steen i 1667, Steenegaard i 1692 og 1723. Denne skriveforma var mykje brukt fram til 1850, såleis i matrikkelen frå 1836, men i matrikkelen frå 1886 vert nytta Stend.

Garden er også etter namnetypen ein av dei aller eldste gardane i bygda. Bygdelaget her i kring heitte frå gammalt *Steindarfirði* etter fjordnamnet. Er det rett, har både fjorden og bygda fått namnet sitt etter garden *Stein*. Det skulle i så fall tyde på at garden stod i ei særstode — og var truleg hovdingsete. Den store langsskipstufta i Bjørvika på Stend peikar i den lei. Gravhaugen tett opp for Stend bryggje like eins.

Det gamle tunet — den eldste busetnaden — på garden var flata fram for den freda hovudbygninga. Der var tørt og solrikt med fritt utsyn over fjord og bygd. Godt fiske i fjorden var kanskje årsaka til den første faste busetnaden. Garden er ein udelt gard. Matrikkelskyld i 1667 3 laupar 1 pund smør, 1836 16 dalar, 4 ont, 6 sk., 1886 36 mark 95 øre. Noverande skyld 36 mark 50 øre.

Garden var kyrkjegods i mellomalderen og klostergoods fram til 1528. Ein veit at garden tilhørde Vincent Lunge i 1535 og gjekk i arv til hans etterkomarar. Ein meiner at dottera, Blanceflor, ervde garden. Ho vart gift med Daniel Blidt til Abildgaard. Ho døydde 1571, og då Daniel Blidt stutt tid etter gifte seg oppatt, fekk venteleg sonen, Otto Blidt til Nes garden. Han vart i 1590 gift med Inger Jespersdotter, Vognsen til Hestrup. Garden gjekk så i arv til dottera, Kristine Blidt f. 19. juli 1697, død 28. januar 1692. Kristine Blidt var gift første gongen med oberstløytnant Gregorius Brockdorff, som skreiv seg til «Steen», (seinare kommandant av Fredrikshald), andre gongen vart ho gift med oberstløytnant Marquard Otto von Magelsen til Lundestad — ved Fredrikshald.

Den 7. april 1680 skreiv han skjøte på Stend til Hans Christopersen Hiort, som 14. januar 1682 fekk kgl. konfirmasjon på dette, og at han og arvingane hans kunne skrive seg til denne egedomen. Den 2. mai same året fekk han privilegium på at garden «som af Arilds Tid skal have vaaren en adelig sædegaard» — framleis skal vere ein hovud- og sete-

gard. Hans Christophersen Hiort åtte Stend frå 1680—90. Han var fødd i Danmark, og var ein nidkjær embetsmann under dei første einvaldskongane. I 1661 vart han stiftsskrivar på Sjælland, i 1669 general tollforvaltar nordanfjells i Norge og seinare landskommisær, — ein som tok vare på pengar som ikkje skulle inn i statskassa. Til slutt var han justisråd. I 1682 vart han teken opp i adelsstandet. Han døydde i 1690. Han var ein rik mann som attåt Stend og andre gardar, åtte hus i Bergen, og var ein velvyrd mann i Bergen i si tid. Men han låg i sak med somme av leiglendingane, og heldt strengt på nettane sine.

Hans Christophersen Hiort bygde den store hovudbygninga, venteleg i 1681. No kom ei ny tid til Stend, før var det berre ein stor bondegard med vanlege bondehus. No vart det ein patrisierheim, heilt til fylket kjøpte garden i 1861. Etter søknad fekk Hiort kongebrev i 1682 på at garden skulle vere skattefri setegard. Dei andre gardane hans vart «undeliggende gods» under hovudgarden Stend.

Det er nok ikkje rett at garden «av Arilds Tid skal have vaaren en sædegaard». Frå 1507 til 1680 finst det ikkje opplysningar om at han har vore setegard, men ingen av eigarane frå 1528 til 1680 budde på garden, og ingen har skreve seg til Stend. Det var vanlege bønder som dreiv garden som leiglendingar. Herregandshus har der heller ikkje vore før Hiort si tid. Dekorasjonane i bjelkane meiner fagfolk skriv seg frå Hiort si tid. Men vegg-dekorasjonane er yngre, venteleg frå Wollert Krohn sine dagar kring 1780. Dei grå målarstykkane over dørene er frå kring 1800.

I 1685 kom Kristian V. til Bergen, og var ved det høvet Hiort sin gjest. Etter segna vitja kongen Hiort på setegarden på Stend. Ein offiser skulle og vere med, og skulle m.a. sjå om det høvde å bygge eit lite fort der i kring som ein lekk av forsvaret av Bergen.

Då Hiort døydde i 1690, overtok enkja, Anna Maria Heide-mann, garden og hadde han frå 1691—96.

Ho selde Stend til Kammerråd *Henrik Rye* som åtte garden frå 1696—1702. Han budde i Bergen, og dreiv garden med leigd hjelp. *Wilhelm Hansen* var neste eigar. Han var assessor i overhofretten i Norge og stiftsskrivar i Bergen. Han skulle

krevje inn alle kongelege skattar, kom i kassaunderskot og vart avsett. Han budde på Stend i mange år. Eigedomane hans, m.a. Stend vart lyst til sals ved offentleg auksjon i 1739. Den prenta aksjonsplakaten lyder såleis:

PLACAT
og
FORTEGNELSE

over stiftsamtsskriver *Wilhelm Hansens* jordegods m.m. i 1739. Assessor Hansens privilegerede Adelig fri Gaard og andne Eignedomme, som udi de denover forhen udi Bergen foretagne Sequestrations- og Auktionsforretninger, findes anført, som følger:

Udi Nordhørs Fogderi.

1. Bemeldte privilegerende Gaard Steen skyldende 2 løber Smør og 7 tønder Malt. Dens Bygninger og Inventarium skal bestaa udi efterskrevne:
 1. Waan-Huset, nemlig en tver og tvende Side-Bygninger, Teilhengte, derudi Sex Jern Kækkel-Ovne.
 2. En Hauge med et stort og 2de smaae Lyst-Huuse samt 2 Fiske-Damme.
 3. Paa Raas-Gaanden, en Borge Stue, et Kjøkken, en Senge-Boed, et Ved-Huus, en Lahde, en Floer, en Heste-Stald, et Rulle-Huus, en Stue og tvende andre Kamre. derudi tvende Jern Kækkel-Ovne.
 4. Paa den Plads kaldet Træerne, en Borge-Stue, en Senge-Boed, en Floer, en Lade, og paa den Anden Plads kaldet Volden, en Borge-Stue, en Floer, en Lade og et Ild-Huus.
 5. Ved Søren fire Søe-Boder og en møst under et Tag, tvende baade, Nøster og Nøste-Boed.
 6. En Ud-Lade, et Qerne-Huus og et Tørve-Huus.

Gaardens Inventarium.

1. Tredive Melke-Kiør.
2. En Grastud.
3. Toe Hester.
4. En Silde-Noed 8 Faune dyb og halvfierdsindstve Faune lang.
5. Fire Roers eller bruge-Baader, nemlig 2 Fæninger og 2 Sex-æringer med Seigl og Redskab.
6. En Deel Slæder, Hækker, Spader, Heste-Sæler og deslige.
7. Toe Sætninger Torskegarn.
8. Et Dito Seye-Garn.
9. Fire Store Silde-Garn halvslidt.
10. Toe smaa gamle Silde-Garn.
11. En Qvætlene Sætning halvbrugt.
12. En Damme-Noed.

Kong Kristian VI selde i 1741 «dend adelige gaard Steene, som efter Resolutione af 8 martii 1840 uden Odelsret og Skattefrihed sælges, til Cancelliraad *Wollert Dancertsen* for 3030 Rdl. courant» Dancertsen var ein rik mann, som m.a. åtte Gullskogaarden på Bryggen. Etter han kjøpte Stend, budde han for det meste der. Han døydde i 1762, berre 50 år gamal, og vart gravlagd ved Fana kyrkje. Buet etter han vart verdsett til 18479 Rdl.

Enkja etter han, *Katarina Meyerhoff*, fekk garden ved testamente. Ho hadde garden berre i tre år. Då selde ho garden til *Gjertrud Krohn*, syster til *Wollert Dankertsen*, og enkje etter den rike *Claus Krohn*, som var kjøpmann i Bergen. Ho budde venteleg ikkje på Stend, og døydde i 1771. Ved skifte etter henne kom Stend i 1772 for 1.150 Rdl. til to av sønene hennar: Hoffagent *Dancert D. Krohn* og etatsråd *Wollert D. Krohn*. Desse brørne var dei rikaste i Bergen på den tid, og dei åtte mange gardar i Fana: Nordås, ½ Smørås, Espeland, Bontheit og kring ½ Samdal. *Dancert D. Krohn* åtte *Fjøsanger* og *Lungegården*, og budde der dei siste åra. Frå 1782 var etatsråd *Wollert D. Krohn* ein eigar av Stend. Han budde for det meste i Bergen, men heldt til på Stend sommarstid. Garden vart pakta bort, men han hadde mykje interesse av gardsdrifta, så garden vart godt dreven. Han slapp å ta økonomiske omsyn, og hadde visseleg stor glede av å sjå framgangen på Stend i hans brukstid. Det vert fortalt at det tok to dagar frå Bergen til Stend den tida. Først tok dei båt til *Solheimsvika*, derifrå kørde dei til *Fjøsanger*, så i stor vengebåt over *Nordåsvatnet* til *Nordås*. Der overnatta dei på eigen gard, og neste dagen kørde dei til Stend. Dei hadde god tid den gongen! Heile vegen reiste *Krohn* på eigen eigedom eller på broren sin. Stend var i god stand i hans tid. Hagen var noko av eit særsyn — ikkje berre på *Vestlandet*, men for heile landet. Hans *Christophersen* gjorde opptaket til hagen eller parken, og parken var vel på sitt beste i etatsråd *Wollert D. Krohn* og sonen agent *Wollert Krohn* si brukstid. Etatsråd *Wollert D. Krohn* fekk heim utanlandske tre frå *Tyskland* og *Holland* og bygde stort drivhus. I 1779 vart det skneve at «Hagen har neppe sin Liige i disse Grenser.»

Både garden og bygningane var i god stand i etatsråd

Wollert D. Krohn si tid. Bygningane kam samanliknast med ein herregard i Danmark, vart det sagt. *Wollert D. Krohn* døydde i 1789. I 1792 fekk sonen, agent *Wollert Krohn*, skøyte på halve garden frå mor si. Samstundes fekk han skøyte på den andre halvparten frå farbroren, *Dancert D. Krohn*. Agent *Wollert Krohn* budde på Stend om somrane og førde eit selskapeleg hus, og dreiv garden som «lystgard». Han døydde i 1834. Han dreiv garden godt liksom faren, og hadde stor interesse for garden, hagen og husa. Ved skifte etter han gjekk garden over til sonen, konsul *Wollert Krohn* etter ein takst på 6000 Spd.

Han selde Stend i 1842 til *Wollert Konow d.e.* for 10.000 Spd. Han var fødd i Bergen, vart dr. philos i Tyskland på svovel, og var gift med *Marie*, dotter til den danske dikteren *Adam Oehlenschläger*. Det skal vere ho som planta blodbøken som står i tunet. *Wollert Konow* var visst ikkje nokon praktisk mann eller økonom. Han var litterat, ordførar i Fana og stortingsmann. *Adam Oehlenschläger* vitja Stend i 1843, og skreiv eit dikt om Stend:

«Det skjønne Steen jeg ei kan glemme
 hvor Dalen flader sig saa smukt,
 Indsluttet lunt af Bienes Bugt,
 Hvor Toppen vækker Stormens Stemme.
 Og nu den skjønne Vei til Havet,
 Naturens egen Poesie,
 Der finder jeg Dit Fiskeri
 Med Hytter, Baade, rigt begavet.»

Fylket kjøpte Stend av *Konow* i 1861 for 10.000 Spd. Men då heldt *Konow* unna vassretten til *Stendvatnet* og ein del av eiegenomen mellom *Stendvatnet*, *Fanafjorden* og *Fanahammar*, m.a. husmannsplassane *Træet* og *Stykket*, der han døydde 1881. *Kona, Maria Konow*, flutte då attende til *København*, der ho døydde i 1910 — 92 år gamal. Son deira *Wollert Konow S.B.* var ein kjend politikar. Berre 35 år vart han ordførar i Fana, stortingsmann og seinare stortingspresident og statsminister i 1910—12. Han bygde ut møllebruket som faren hadde teke til med, slo tunnel inn i *Stendvatnet* for å regulere vassføringa. Han budde på Stend til han døydde i 1924.

Då fylket tok over Stend til skulegard, var det mange husmannsplassar som høyrde til garden:

Klungervollen er nemnd i 1591 som øydegard og har kanskje vore ein sjølvstendig gard, med di han er nemnd som øydegard fleire gonger i det 17. århundre.

Træet låg omlag der Bleiklie sitt hus står — frå omlag 1710—20.

Stendasjøen frå 1730 åra.

Stendadalen frå 1730—40 åra, vert no nytta som kulturbeite, og var ein lettdreven husmannsplass.

Aletræet frå midten av åttande hundreåret.

Stendaurda låg nord for mylna frå 1760 åra.

Stendaberget, ved Stendasjøen, frå omlag 1780 åra.

Eikevollen frå 1780 åra.

Træstøen eller *Støen* låg sør for mylna, sør for kraftstasjonen.

Stykket eller *Cicilienlund* der statsminister Konow budde.

Mjølkevikja frå kring 1790. Det var ein lun og fin liten plass.

Storevikja var den største av plassane, nesten som ein vanleg gard, og fødde fleire kyr.

Vassbotnen låg i søne enden av Stendavatnet.

Alle plassmennene vart oppsagde då Stend jordbrukskule vart sett i gang.

Det valda noko uvilje i bygda at folket måtte flytte frå plassane, sidan det var velvyrde bygdefolk. Mange gjeve og landskjende menn har namnet sitt frå Stend, dei skriv seg ofte for Steen.

Fornfunn på Stend.

Sjølv om Stend er ein svært gamal gard, finn ein ikkje så mykje fornleivningar. På *Kreklingen* var ein gravhaug, som vart utgraven og planert i Wilson si tid, men dei fann der ikkje noko då. Før skal der vere funne bein og restar etter urne og våpen.

I *Bjørvikja* er ei stor langskipstuft. Skulestynar Ritland nemner tufta i 50-års skriftet for skulen — at tufta er 35 m lang og 10 m brei. I 1963 vart det grave ein tverskurd gjennom tufta, under tilsyn av konservator Egil Bakka. Denne tverskurden syner at det er 8 m mellom indre kant av veggene, og ein meter innan for fann ein stolpehol på båe sider. Båtane som fekk rom i langskipsnaustet kunne såleis vere omlag 5,5 m breie, og lengda kring 30 m. Det var trekol i tufta. Det

ser ut til at veggene var plankar som stod på ende ned i sandbotnen, med stein og jord på utsida. Taket kvilte på langveggene og stolperadene. Trekolet som ein fann kunne tyde på kultur før der vart maust.

Gravhaug frå folkevandringstida.

Konservator Egil Bakka fann i 1963 og ein gravhaug tett opp for Stend bryggje. Det er underleg at denne haugen ikkje har vore oppdaga før. Men han har vore så pass tilvaksen av kratt at han var ikkje så lett å sjå. Den heller store gravkista er lett synleg. Om denne haugen er utgraven før, veit ein ikkje. Haugen bør granskast av fagfolk, og setjast i skikkelleg stand. Der står jamvel ei dobbel kraftmast midt i gravhaugen, som må flyttast.

GARDEN STEND

Garden Stend, gardsnr. 97, bruks nr. 1 i Fana ligg ved botnen av Fanafjorden. Han grensar mot Hordnes i vest, Skeide og Rå i nord, Titlestad i aust og mot Fanafjorden og Fana-hamaren i sør.

Eigedomen har eit totalareal på ca. 2.100 dekar. Omlag 550 da. vert rekna som innmark, og resten er utmark eller skog. Kring 225 da. er dyrka jord, men berre halvparten kan nyttast som skiftebruk. Omlag 160 dekar er gjødsla beite. Garden har ei skyld på 36,50 mark. Fjellgrunnen er for det meste gneis og gabbro og krystalliske skifrar, bergslag som forvitnar heller seint. Det er såleis svært lite forvitningsjord på garden.

Det lause jordlaget er mest myrjord, morenejord og marine avsetningar. Dei beste jordstykkka ligg på flata nord for husa: Storåkeren, Allemyr, Kreklingen, Florstykket og ein del av hagen. Desse stykkka ligg omlag 45—55 m o.h. Det er ei gamal strandfilate som har vorte til då isen smelta bort, og morenen vart avsett på grunt vatn, og er meir eller mindre sortert av vatnet. På Florstykket og ein del av Allemyr er sandblanda morenegrus, som det hadde laga seg myr opp-på i det våtsame

verlaget. På Kreklingen er meir sand i undegrunnen. Sandlaga ligg ikkje horisontalt, og har ulik kornstorleik. I nedste delen av Kreklingen er djup myr opp-på sandlaga. På Storåkeren er eit heller tunt morenelag, såleis at avrunda fjellnakkar held på og kjem opp i dagen. I øvre delen av hagen er sandblanda morenegrus. Det er desse jordstykkå som høver til åkerbruk og regelrett skiftebruk, og som gjev mest årvisse avlingar.

Noko lågare over havet er det meir finvyrke i jorda. Det gjeld Fugladalen, Munkevollen og Eikevollen. Der er finsand med noko leirkarakter — som får kvikksandeigenskapar. I Fugladalen er og stor vassføring i jorda, så der er vanskeleg å få grøftene till å halde. Då ein grov ut tufta til ny driftsbygning i 1960, fann ein morenegrus på fjellet, sterkt vassførande under eit djupt myrlag på 1,5 m. Undegrunnen i Fugladalen, Eikevollen og Munkevollen er marine avsetningar på noko djupare vatn, difor er det meir finvyrke enn høgare over havet. Marine avsetningar finn ein og i botnen i Pålamyra, der myra ligg på leirblanda sand. Det same finn ein på ein del av Store reiskapsmyr. Tunne morenelag finn ein på Klungervollen, Bjørkevollen, Vollabakkien og i Volladalen, men det er så pass tunt at fjellnakkar stikk fram her og der. Det er elles lite mineralvyrke som dekker grunnfjellet på Stend. Myrjorda ligg mange stader beinveges på fjellet, noko som valdar store problem etter kvart. Når myrjorda vert nytta til open åker, minkar ho år for år. Mikrobiologiske prosessar bryt ho ned, så ho kverv jamt og sikkert. Før meinte ein at jorda berre seig saman, men medbrytinga er nok meir komplisert og fullstendig. Ein talar om «jordmink», «jordsvinn», som eit alvorleg problem for dei gandleme som har myr på fjell.

Kor stor denne jordminken er, har ein ikkje fullgod greie på, sidan dette spørsmålet har vorte lite granska av forsøksstellet. Men ein veit at jordsvinnet er størst når ein har open åker, mindre når det er eng eller beite. Ventelag er det mellom 1—2 cm pr. år, alt etter driftsmåten.

Stendagronomar som var elevar kring hundre årsskiftet, kan såleis fortelja at somme jordstykkå har vorte meir kuperte enn før. Fjellryggane skyt opp, der det før var meir flatt og vart dreve skiftebruk. Røyngrofter som vart lagde minst 1 m djupe,



Hesjing med gaffel.

pløyer ein opp, t.d. på Meierimyr sør for skulen. Allémyr har lite karakter av myr i dag. Unntatte nokre stader pløyer ein ned på morenegrusen, myra har kvorve bort. Då ein planerte den gamle veggen mellom Allemyr og Kreklingen i 1953, var der eit hardt samanpakka myrlag som hadde vorte konservert under den tette veggrusen, medan myrjorda på båe sider av veggen hadde vorte nedbroten og minka bort.

På mange jordstykkå er det myrjorda som dominerar. Dei ringaste myrane ligg beinveges på fjell, t.d. ein del av Meierimyr og Krohnhaugane.

På mange av haugane ligg berre eit tunt lag med organisk jord direkte på fjellet. Sjølv om dei vert nytta berre som grasmark, har fjellet lett for å kome opp i dagen, noko som hindrar haustinga med maskinelt utstyr. Slike stykkå vert vanskelegare å drive etter kvart drifta vert mekanisert. Gjennom åra har det vorte køyrt mykje jord på haugane for å dekke fjellet. Dei køynde kvart år medan Stendvatnet var nedtappa hundrevis, — ja, tusenvis hestelass med jord frå botnen av Stendvatnet på haugane. Eit år vart det køyrt 2500 hestelass på Stupelihaugane.

Skulestyrar Wilson nemner det i ei av første årsmeldingane at ved å køyre jord på fjellryggane kan ein få gode gras-avlingar i det regnfulle verlaget, sjølv om jordlaget er tunt.

Myrjorda treng sterk grøfting på Stend. Den store nedbøren gjer at grøfiteavstanden vert berre kring 5 m. Dei flate myrane skaper og særlege problem med traktordrift i våtsame vårar og somnar. Jorda vert samanpakka og tett, og strukturen ulagleg. Ein greier seg noko betne på myr med hest og hestereiskapar. Mange av myrane er vanskeleg å tørrlegge for di fjellrygger stenger for avlaupet. Verst i så måte er Gardkjeldemyr, som er ei «botnlaus» attgroingsmyr. Wilson grøfta myra med opne veiter. Men myra har vorte liggjande slik, for di det blir så urimeleg dynt å sprengje utlaup.

Garden er mykje kuppert. Dei fleste stykke er attåt små og svært uregelnett på skap. Garden er delt opp i kring 40 stykke eller skift, så ein må seie han er ringt arrondert, trass garden er samla i eitt.

I utmarka er heller lite fastmarksjord og mineraljord. Mange stader er grunt på fjellet, så det vert lett rotvelte i skogen når jorda er oppbløytt i stormfulle vinterdagar. Storparten av utmarka er planta til med skog. Særleg har Stendfjellet skift karakter etter det vart skogkledd. Før hundreårsskiftet var det berre lynn og einemark.

På Stend-fjellet er det ein del myrar. I Vestskogen er ikkje så lite myr. Myrane er av så pass kvalitet at dei kan grøftast og plantast til med skog. Så framt ein gjødslar ved plantinga, kan nok alle myrane bli tilplanta og bli produktiv skog.

Når Stendskogen er vidkjend, skulldast ikkje det god bonitet først og fremst, men er eit resultat av årelangt kulturarbeid, som har bore rike frukter. Innmarksarealet har i hundreårsbolken vorte ringare for skuld jordsvinn, medan skogsarealet har vorte betre med humus-laging i dei tilplanta område, og grøfting i dei myrlende stroka i skogen.

Skulegarden er i det heile ein svært skiftande eigedom når det gjeld terreng, jordbotn og jordkvalitet. Garden er heller arbeidskrevjande og tungvint å drive, sidan han er så kuppert og oppdelt i mange stykke. Han møter ein med mange problem — og er nokså typisk for mange gardar i Nord- og Midthordland.



Prøvesiloane ved det gamle grishuset.

JORDNYTTING OG DRIFTSMÅTE

Dei mange uregelrette jordstykker med skiftande jord og jordbotn, ofte kuppert og grunt på fjellet gjer at det er uråd å drive skiftebruk på heile garden. Skulestyrar Wilson var klar over dette heilt frå først av. Han prøvde med eit 9-årig omloop på den plogneine jorda:

1. Havre
2. Rotvokstrar
3. Vårkorn
4. Grønfor eller havrevikker og grasfrø
- 5—9. Eng.

Aneallet med open åker har difor etter måten vore mindre på Stend enn på dei andre landbruksskulegardane i landet. Det har vore slik gjennom heile hundreårs bolken. Både jord, terreng, arrondering og verlaget høver best for grasdyrking. Den store og jamne nedbøren gjer at det vert bra store gras-avlingar sjølv på dei mest grunnlende knausane, berre der er eit lite jordlag på fjellet.

Det opne åkerareallet har skifta ein del gjennom åra. Første fem-årsbolken nytta dei omlag 33 dekar til open åker. Siste åra Wilson var styrar var åkerareallet kring 46 dekar. I den neste femten års bolken, minka dei åkervidda til knapt 30 dekar. Då Ritland vart skulestyrar, auka han åkervidda nokså mykje. Kring 1915 vart omlag 75 dekar nytta til open åker, og då han slutta i 1934—35 var åkervidda framleis 75 dekar.

I okkupasjonsåra vart skullen nøydd til å ha unimleg mykje open åker, så ein måtte nytte også dei jordstykkka som høvde mindre godt til åker. Dette var svært arbeidskrevjande både for folk og hestar, og det kunne ofte vere vanskeleg med dragkraft og fôr til hestane.

Det opne åkerareallet på skulegarden var såleis 100 dekar i 1944, og attåt noko åker på leigd jord på Frøysvoll. Etter krigen vart åkerareallet minka, og dei siste åra har det vore kring 65 dekar open åker.

I skulestyrar Ritland si tid vart nytta eit 8-års omlaup på dei beste jordstykkka:

1. Korn
2. Poteter eller rotvokstrar
3. Grønfor med isådd grasfrø
- 4—8. Eng.

I dei siste åra har ein nytta eit 6-årig omlaup på dei stykkka som høver for regelnett skiftebruk: Storåkeren, Kreklingen, Allémyr og Florstykket.

1. Rotvokstrar
2. Poteter
3. Attlegg i moge bygg
- 4—6. Eng.

På Pålamyra, som er ei bra myr, har ein nytta 2 års åker og 3 års eng.

1. Rotvokstrar
2. Attlegg i moge bygg
- 3—5. Eng.

På dei grunnaste myrane har ein berre pløgt om, gjødsla og kalka og lagt att i grønfor og grasfrø og nytta 5 års eng. Dei mest grunnlende haugane har etter kvart vorte nytta til varig eng, då jordlaget på fjellet er så tunt at der ikkje kan pløyast, og skiftebruk er ikkje å tenkje på der.



Hesjing. Traktoren har sideavleggjande høyrive.

Jordnyutting og driftsmåte kan såleis tykkjast nokså uvanleg for dei som er van med berre plogrein jord og regelnett skiftebruk. Men ein er nok nøydd å tilmåte drifta etter naturgrunnlaget på staden.

Det er likevel ei ulempe for gardsdrifta og praksisopp-læringa at ein ikkje kan ha meir open åker. Særleg ville det vere ynskjeleg å kunne ha meir rotvokstrar, potet og grønnsaker.

Dei siste åra har ein hatt berre omlag 18 dekar poteter, 18 dekar rotvokstrar og 15—20 dekar bygg + grønfor.

I 1965 hadde ein 44 da. korn — ein god del meir enn åra før.

Kornavlingane har aldri vore store på Stend, i beste høve kring 270 kg korn pr. dekar.

Rotvekst- og potetavlingane har heller ikkje vore topp-avlingar, unntateke somme år på dei beste fastmarks-jordstykkka. I regnversår vert avlingane av åkervokstrar små på dei flate og tette myrane. Sommaren 1964 var det meint uår for poteter og rotvokstrar. På Bjørkevollen fekk ein såleis ikkje att setjepotetene. Kulturplantane drukna i den gjennomvåte jorda. Det var så stor og jamn nedbør i veksetida at åkrane fekk ikkje



Høykøyring. Firehjuls traktor med høysvans.

tørke ut ein einaste dag til normal tørrleik. Det var såleis 27 regndagar i juli månad. Året etter var det særslagleg ver, og rekord-avlingar.

Det er grasdyrking som høver best på Stend. Dei beste jordstykkka kan gje toppavlingar av gras og høy, og sjølv på dei grunnlende stykkka kan det bli bra avling.

Allt graset av første slått vart tørka til høy heilt fram til 1930-åra, berre håavlinga vart lagt i silo. Etter kvart har ein slege meir og meir av første slått til silofofor. Dei siste åra har ein slege over 100 dekar og lagt i silo attåt all håa. Noko rotvekstblad har og vorte lagt i silo. Wilson var ein føregangsmann når det gjeld forbenging i silo. Alt i 1870-åra tok han til å legge gras i silo, og han bygde den store gråsteinsiloen i 1883. Når Hordaland fylke i dag er det fremste fylket i landet når det gjeld silofofor, kan det visselag først attende til opplæringa og føredømet frå Stend. Villkåra ligg og godt til rette for denne bengingsmåten. Både den store grasdyrkinga, jord, terreng og verlaget høver for silometoden i Hordaland.

I 1916 la dei 73.800 kg hågras i silo, i 1935 vart lagt ned 61.700 kg gras frå 1. slått av gamal eng, 66860 kg hågras og

11250 kg rotv.blad. Til saman 139.810 kg. I 1963 vart lagt i silo 254.000 kg av første slått og 130.000 kg av andre slått. Til saman 384.000 kg silofofor. Gjennom mange år har det og vore drevne forsøk med ymse konserveringsmåtar for gras i silo. Dei siste 12 åra har forsøka vore drevne i samarbeid med Foringsforsøkene ved Nonges Landbrukshøgskule, som og har skreve melding om dei. Ein har 12 prøvesiloar.

NYDYR KING OG GRØFTING

Skulestyrar Wilson gjorde heller store dyrkings- og grunnbetningsarbeid i den tjue års bolken han var styrar. Dei første 10 åra var det mest grøftingsarbeid. Det vart teke 3.828 m sette veiter og 623 m opne veiter. Mest nydyrking vart gjort frå 1876 til 1885. Då vart det teke 2.714 m sette veiter og 623 opne. Og det vart i alt dyrka 67,5 dekar i hans styrartid. Då han slutta, vart det dyrka arealet nekna til 174 dekar. Frå 1886 til 1905 vart det dyrka heller lite, berre 10 dekar nyland, men det vart teke 10.522 m sette veiter og 1836 m opne grøfter.

Dei tretti åra Ritland var skulestyrar frå 1905—35 vart det dyrka og grøfta nokså mykje. Etter årsmeldingane vart det dyrka 65,1 dekar og teke 13.773 meter sette veiter og 750 meter opne.

Ein del av det som vart dyrka den gongen, ville ikkje bli nekna som dyrkande jord i andre landsluter, og ville heller ikkje vente rekna som fulldyrka i dag. Det gjeld særleg Stupelihaugane og Haugane ved Vollabakken, der det er så grunnlendt at fjellet stikk opp i dagen. Dei kørde og mykje jord på for å dekke fjellet. Jorda tok dei for det meste frå botnen av Stendavatnet, medan det var nedtappa. Stupelihaugane har og vore lagde ut til kulturbeite sidan 1937, og vert ikkje rekna som fulldyrka mark.

Attåt dyrkingsarbeidet, vart det og teke til med grøfting og dyrking på kulturbeite dei siste åra Ritland var styrar. Men dette arbeidet vart meir påskunda etter 1935, då Lofthus kom attende til Stend som skulestyrar.

Den dyrkande jorda vart det etter kvart ende på, så etter 1932 har det mest ikkje vorte dyrka noko. Det var ikkje meir



Gravemaskin på Konowmyr.

å ta av. I 1945—46 vart det dyrka 4 dekar på Ny Pålamyra — i nordre luten av Pålamyra. I skullestyrar Lofthus si styrartid — frå 1935—50 vart det særleg lagt arbeid på dyrking og grøfting av kulturbeite. Men det vart og gjort nokså mykje omattgrøfting av dyrka jord. Etter årsmeldingane vart det teke 7.031 meter sette veiter og 140 m kanal. Sidan 1950 har det ikkje vorte dyrka nemmande, då ein ikkje har meir dyrkingsjord på skulegarden. I 1945 hadde dei planar om å dyrka ei myr midt i skogen vest for Stavollstjørnet. Men myra er så ringt arrondert, og er delvis så grunn og ligg så avsides, at ein meiner det er rettast å nytte myra til kulturskog. Grøftinga som vart utført, kjem såleis skogen til gode. Frå 1951 til 1963 er det teke 2.333 m sette veiter og dessutan er det sett att 140 m kanal med 18" støypte røyr og 290 m med 9" røyr og 154 m med 6" røyr. I 1964 vart det teke 1480 m sette veiter og i 1965 1432 m og 240 m kanal. Til saman 5829 m grøft og 240 m kanal frå 1951 til 1965. Dei næraste åra fram etter trengst det grøftast mykje. Det syner seg at grøftene varer ikkje så lenge i dei blaute myrane. Myrjorda kverv heller snøgt når ho vert nytta til open åker. Der det var full grøftedjupn

kring hundre års skiftet, kjem grøftematerialet opp i plogmålet. Jordmink eller «jordsvinn» er i det heile eit alvorleg problem der ein har humusjord som ligg beinveges på fjell.

Dei tunge traktorane og traktorreiskapane er og harde med grøftene. Det kan ikkje vere tvil om at dei er med og øydeligg grøftene meir enn ein føreåt kunne tenkje seg. Verst er det på flat myrjord. Det er ikkje berre i open åker reiskapen lagar djupe hjulspor, men og på enga, når ein køyrer ut gjødselvatn eller nyttar forhaustar med tunge tilhengarvogner.

Sjølv om ein ikkje øydeligg grøftene, er all denne tungkøytinga svært skadeleg for jordstrukturen. Jorda vert så samanpressa at luft- og vasshushaldet i jorda vert særslagleg, noko som atter set ned avlingane.

I lagleg ver går det på eit vis. Men i regn og våtver er skadeverknaden svært stor.


KULTURBEITA

Utmarksbeita var ikkje gode på Stend. Det var gresen furuskog med myrdrag og lyngmark inn i mellom. Mjølikekyrme vart difor «stallfora». Ein køyrde haustrug, gras og grønfor til føset. Gjeldkyr, kviger og kalvar og lågtmjølkande kyr måtte nøye seg med utmarksbeite.

Denne driftsmåten var vel den mest forsvarlege, slik utmarksbeita var. Men så vart kulturbeitesaka reist. Det er kapt. Ole Røhmer Sandberg som vert rekna som den første som omtala kulturbeite i ein foredrag i Selskapet for Norges Vel i 1915.

Det tok likevel si tid før saka mognast, og det gjekk nokre år før dei ymse landbruksskullane tok til å gjødsle og overflatedyrke beite. Ut gjennom 1920-åra tok ein så smått til å prøve seg fram med gjødsling til beite på Stend. Landbrukslærer J. Byrkjeland hadde beiteforsøk i 1923.

Første gongen gjødsling av beite er nemnt i årsmeldingane er frå 1928. Då vart det gjødsla 26 dekar beitemark, og ein del av dette arealet hadde vore gjødsla nokre år på rad. Det vart og teke nokre ½m djupe opne grøfter på beite. Moseflekker vart hakka opp og tilsådd med kvitkløver og engrapp. Gjødslinga var 50 kg thomasfosfat, 20 kg 40 % kaligjødsel, 20



Horving med traktor.

kg nongesalpeter og 6—8 hl skjelsand pr. dekar. Gjødseilverkna den auka for kvant år.

Våren 1929 vart 42 dekar beitemark gjødsla med 25 kg superfosfat, 15 kg 40 % kaligjødsele og 20 kg nitammonkalk pr. dekar. Året etter vart 32 dekar gjødsla med 25 kg blanding av $\frac{1}{4}$ superfosfat og $\frac{3}{4}$ nitrophoska, og 11 dekar fekk 25 kg superfosfat, 15 kg kaligjødsele og 13 kg kalkkammonsalpeter. Same gjødslinga vart nytta dei to etterfylgjande år. I 1933—34 vart teke 820 m steinveiter på beitestykket vest for sommarfjøset. Grøftedjupta var berre 70 cm. I 1934—35 vart 2 dekar hakka om, gjødsla og sådd til med beitefrø. 28 dekar kulturbeite vart gjerda inn på Pålabbøen. Då skulestyrar Lofthus kom til Stend som styrar i 1935, vart det lagt meir arbeid på kulturbeita.

I 1935—36 tok ein til å arbeide opp kulturbeite på Nordre Pålabbøen. Der vart teke 1000 m grøfter — steinveiter og bordveiter. Ein tok og til med grøfting i Storevika. Der vart grave og retta opp 250 m bekkefar og teke 250 m sette veiter.

I 1936—37 vart Stupelihaugane gjerda inn til beite. Dei hadde vore rekna som dyrka innmark. Men så grunnlende og kuppert som storparten er, høver dei best til beite, lagleg som

dei ligg i nærleiken av fjøset. Vesle meierimyr vart og nytta til beite. I alt vart 34 dekar innmark nytta som kulturbeite. Beita vart dette året gjødsla med 70 kg blanda kunstgjødsele pr. dekar.

I 1937—38 vart det teke 700 m grøfter i Storevika, og det vart nytta mykje naturgjødsele på kulturbeita: 304 lass kompost, 272 lass kugjødsele og 45 lass skjelsand. Det var Nordre Pålabbøen som fekk mest naturgjødsele, noko som sette liv i grasbotnen.

I 1938—39 tok ein til med beiterydjing på Krykkjehaugen. Der vart teke 745 m grøfter, tregrøfter og teglrøyr. Beiterydjinga på Krykkjehaugen heldt fram dei næraste åra. I 1941—42 vart såleis teke 375 m veiter på Krykkjehaugen. 70 dekar kulturbeite var no delt inn i 6 skift, som gav beite til 29 kyr i 110 dagar. Attåt beite hestane på desse skifta. Hausten 1942 og våren 1943 vart rydja og grøfta 10 dekar på Krykkjehaugen. I 1945 var ein ferdig med dynkingsarbeidet og grøftinga på Krykkjehaugen, og dei to siste åra var der teke 1040 m sette veiter. Etter den tid er òkkje kulturbeita utvida, men dei er delt inn i fleire skift, og det er gjort noko rydjings- og grøftingsarbeid. Beita er gjødsla sterkane, og det vert kvart år gjort òkkje så lite for å halde nede beiteugraset med sprøyting og pussing av beita.

Kulturbeita på Stend er kupperte med ei mengd bergnakk som stikk opp i dagen, og som gjer det uråd å få dei jamt avgrøfta. Det vil bli mange våtfilekker som er uøkonomisk å grøfte, sidan fjellet stenger. Sommen stader er det og så grunnlendt at det vil svi av i tørkebolkar. Kulturbeita er såleis mykje ujamne i kvalitet, og det er uråd å få heilt første klasses beite av dei.

Dei stykke som vert rekna som kulturbeite er:

Stupelihaugane	26 dekar
Søre Pålabbøen	14 »
Nordre Pålabbøen	30 »
Vikane	40 »
Krykkjehaugen	40 »
Stendadallen	10 »

Til saman 160 dekar



Traktorsl maskin.

Etter beitekontrollen i 1962 gav desse beita ein samla produksjon p  48.960 foreiningar. Det svarar til 300 foreiningar pr. dekar. Stupelihaugane gav st rst avkastning pr. dekar — kring 350 f.e. Gj dsl nga var det  ret 40 kg fullgj dsel A, 50 kg kalksalpeter og 10 kg kaligj dsel 33 % pr. dekar p  Stupelihaugane og P lab en. Dei andre beiteskifta fekk 30 kg kalkammonsalpeter, 30 kg kalksalpeter, 30 kg kaliumgj dsel og 20 kg kraftsuper pr. dekar. Ein har og nytta noko kiseritt p  beita siste  ra, 15 kg pr. dekar anna kvant  r.

MEKANISERINGA

Skulen kj pte f rste traktoren i 1940. Det var ein Case-traktor med st lhjul, sj lvsagt utan hydraulik. Denne vart bytt ut med ein ny Case-traktor med gummihjul, ogs  utan hydraulik. I 1952 kj pte ein Ferguson traktor for bensin, med hydraulik, og det var ein stor f remon n r ein kunne bruke silosvans og h ysvans. I 1956 fekk vi ein Ferguson diesltraktor ogs 



Forhaustar i arbeid 1965.



Lesseapparat og naturgj dselspreiar.




Sprøyting med traktorsprøyte 1965.

med svanseutstyr, og først no kunne ein ha full nytte av traktoren til fortransport. Frå 1963 har ein tre Ferguson traktorar for dieseldrift, og skulen har ein avtale om at det kvart år vert bytt ut ein traktor, slik at ein stendig har traktorar som er berre eitt, to og tre år i bruk på skulen. Med så mange elevar som skal nytte traktorar og lære seg til å bruke dei, er det ein føremon at dei alltid er i god stand.

Dei gamle fire hjuls høyvognene vart bytte ut med større vogner på gummihjul frå 1951—54. Men hestevogner vart det etter kvart mindre bruk for, og då ein fekk forhaustar i 1962 fekk ein tre tilhengarvogner for traktor med tipp, såleis at dei store lassa kunne tømast på eit par minuttar. Forhaustaren er i det heile ein svært effektiv og arbeidssparande maskin, der terrenget er så pass lagleg at han kan brukast, eller der det ikkje er for blautt for dei tunge tilhengarvognene.

Ein har etter kvart fått tidhøvelle maskinar og reiskapar for traktorane: Slåmaskin, svansar, natungjødsspreiar, kunstgjødsspreiar, stor låndtønne, potetsetjemaskin, potetoptakar, tømmervogn og rotvektopptakar.

Ein har såleis prøvt å fylgje med i mekaniseringa så langt



Den nye driftsbygningen 1961.

det kan vere forsvarleg frå ein opplæringssynsstad. Men tilhøva er ikkje gode for mekanisering på skulegarden. På omlag 50 dekar er det så kuppert at det ikkje er tale om å bruke svans eller forhaustar. I så måte er garden representativ for Hordaland fylke.

HUSDYRBRUKET

Fjøset

Etter tilråding frå skulestyrar Wilson sende amtmannen søknad 4. mai 1866 til inderdepartementet om å få ein stambuskap (stamhollenderi) på den nyskipa jordbruksskulen, då ein meinte at dei kyrne som var på garden ikkje var noko å bygge avlen på. Kyrne som ein overtok av forpaktar Hveding vart selde eller slakta. 5 vart slakta, truleg dei minste, og dei vog jamt over berre 72 kg som slaktevekt. Dei kunne såleis ikkje vege 200 kg i levande vekt, så ein skjønar det var svært små kyr. Statsagronom Lindeqvist, som fekk skrivet til ut-


taling, kunne rå til for ein gongs skuld at det vart skipa ein stambuskap for «bergenhusiske» kyr, så framst styraren ville ta på seg å skaffa dyra, og amtet var viljug å bera reiseutgiftene. Lindeqvist hadde elles ikkje særleg tru på husdyra på Vestlandet.

Søknaden om stambuskap vart etterkomen. Buskapen skulle vere 10 kyr og 1 okse. Hausten 1866 vart det kjøpt inn 9 kyr, 1 kvige og 2 oksar til stambuskapen. 6 vart kjøpt på Tysnes, 3 i Fana, 2 frå Kvam og 1 frå Jondal. Prisen svinga frå 16 til 26 spd. Dessutan kjøpte ein 4 kyr og 2 kviger for amtet si rekning. Prisen på desse var frå 9 til 12 spd. Storleiken av desse kyrne veit ein ikkje så vel, venteleg var dei innkjøpte kyrne kring 250 kg levande vekt.

Alle dyra i stambuskapen var svarte og hornut, men ei av dei andre var brandut. Dei som hadde ansvaret for skulen, meite ein burde bygge på det stadeigne feet, — i alle høve til ein ved foringsforsøk fekk prov for at andre rasar var betre. Slike foringsforsøk vart elles ikkje utførde på Stend. Kring om i landet var det på denne tid stor interesse for framande husdyrslag mellom framstegshuga bønder og embetsmenn, også i Arstad og Fana. Men skulestyrar Wilson og overstyret heldt på den heimlege rasen.

Buskapen på Stend vaks heller fort dei første åra, så det vart ikkje mange kalvar å selje. Skulen måtte sjølv kjøpe kyr utanfrå for å kunne auka buskapen. Etter kvart fekk den svarte, hornute buskapen på Stend ikkje så lite å seie for storfehaldet kring om i bygdene. I 50-års skriftet om Stend skriv Joh. L. Lofthus at oksen «Knerten» var den avlsoksen som fekk mest å seie for buskapen, med då han stod på fjøset til han vart 14 år, og vart slakta i 1906. I 1916 hadde omlag alle kyrne på fjøset Knerten som stamfar. Og det vart såleis ikkje lite slektskapsavl. Knerten var fødd på Milde i 1892. Han var liten, men velbygd, lev. vekt 460 kg, og han hadde stor nedarvingsevne.

Det største økonomiske uhell med buskapen var miltbrannsepedemien i 1885. Heile buskapen var då 45 dyr — ungdomdyra medrekna. Av desse strauk med 26 dyr, mellom desse dei fleste i statens stambuskap. Det ein hadde freista bygge opp gjennom 20 år vart no med eitt øydelagt.



«Dugoll» 4343 1. pr.

Etter det fjøsrekneskapen syner var det ikkje nokon framgang i ytinga pr. ku i den første 20 års bolken. Men den samla mjølkemengda på fjøset vart nesten fordobla.

Kalvekasting har det vore till ymse tider, såleis i 1873, som valda nedgang i mjølkemengda. Verst smittsam kalvekasting var det i 1935—36 og eit par år frametter, som førde til at ein slakta buskapen og gjekk over til raudt Sør- og Vestlandsfe. Storleiken av kyrne auka jamt fram etter. Kring 1916 rekna dei med 330 kg som levande vekt. Ei og anna kua vog 450 kg, og større oksar 650 kg lev. v. Dei siste åra reknar ein levande vekt til 450 kg, og ikkje så få kyr er over 500 kg.

Foringa

Svelteforing var vanleg kring om i bygdene, då skulen tok til, og var den største årsak til sær låg yting. Nils Tveit skriv i Meieribruket i Hordaland at mjølkemengda kring 1850 var 600—800 kg pr. ku årleg. Riklegare og betre foring var difor ei av dei viktigaste oppgåva for jordbruksskulen. Alt første vinteren sette skulestyrar Wilson opp eit utførleg reglement for fjøset.

Røgtningsregler

1. Om formiddagen

- Kl. 6—8 gives kassefoder i meget smaa portioner.
Kl. 7 maa skantillerne nøiagtig være rengjorte (maagede) og strøelsen skudt frem til dyrenes forben, og derefter begyndes melkingen.
Kl. 8 fodres med hør.
Kl. 9—9½ vandes med rent vand, som natteen over har staaet i Fjøskaarret, og strax derefter afstenges hullerne i foderkrybben, baaserne rengjøres for gjødsel, støelsen ordnes tilbage igjen og maagning foretages. Fra denne tid lades dyrene i uforstyrret ro til

2. Om eftermiddagen fra

- Kl. 4—6 gives kassefoder ligeledes i meget smaa portioner.
Kl. 4½ maa skantillerne være rengjorte, og strøelsen skudt frem i baaserne.
Kl. 7 begyndes melkningen.
Kl. 6—7 gives tørt hør.
Kl. 7—7½ vandes og strax herefter stenges hullerne i foderkrybben, gjødseleu udbæres af baaserne, strøelsen ordnes tilbake paa sin plads, og skantillerne rengjøres. Hermed er dagens røgtning endt.

Dessutan sette Wilson opp detaljerte føresegner for reinholdet av dyra. Foret skulle vegast ein gong for veka, og dagsforet pr. ku var såleis:

- 4,5 kg høy
- 1,0 » halm
- 12,0 » nepe
- ¼ » limkalkemjølk.

Dette svarar til berre 3,4 f.e. pr. ku dagleg. Sjølv om kyrne var berre 200 kg lev. vekt, kunne det ikkje bli meir enn ca. 1,3 f.e. til produksjonsfor — eller 3—4 kg mjølk dagleg på ei så veik foring. Nybære kyr mjølika nok ein del på holdet. Og det var vel sommaravdrotten mykje å lite på. Men beita var og heller ringe på Stend.



Frå fjøset.

Rotvokstrar strakk nok ikkje på langt nok til heile vinteren, og kraftforet vart og knepe inn. Amtstinget minka løyvingane til kraftfor frå kr. 400 til 200 kr. pr. år, sidan dei fleste ordførarane meinte at det var ulønsamt å fore med kraftfor.

Frå hundreårs skiftet vart foringa noko sterkare, og det vart nytta meir kraftfor. Kring 1916 vart det brukt kring 500 kg kraftfor pr. ku årleg. Det vart og meir silofor og rotvokstrar. Utmarka vart nytta til beite heilt fram i 1930-åra. Både kyr, ungdyr, sau og hest beitte i skogen. Stend-fjellet var brukande beite i første tida, men grodde meir og meir til med lyng. Rådalen vart gjerda inn i 1873 og 1875, og tilplanta med skog. Då plantearbeidet på Stend-fjellet tok til kring 1900 og fram til 1916 vart det slutt å beite der. Men skogmarka mellom Rådalen og Hordnes vart beitt heilt fram til 1936. Men dette beite var ringt, og strakk ikkje til. Det vart etter kvart berre nytta til gjeldkyr, lågtmjølkande kyr, kviger og hestar. Omlag ⅔ av buskapeu vart innefora heile året. Under krigen og åra etter var krøttestellet ein god del lågare I 1951—52 var det såleis berre 25 «årskyr» på fjøset.

Dyretallet har vore såleis:

	Oksar	Mjølkekyr	Ungdyr	Til saman
1866	1	17	1	19
1886	3	28	9	40
1906	6	37	13	56
1916	3	42	16	61
1935	2	46	20	68
1955	4	32	21	57
1964	2	38	27	67

MJØLKEMENGDEN PÅ FJØSET GJENNOM 100 ÅR

I femtiårs-skiftet om Stend jordbruksskule er teke med ytingstalla for buskapen på Stend frå 1867 til 1916, mjølkemengda i alt pr. år og pr. ku. Første året er særskilt, elles er det ført opp for kvar femårsbolkk:

	Mjølk i alt	pr. ku
1867—68	22.966 kg	1.531 kg
1866—71	23.255 »	1.482 »
1871—76	31.153 »	1.369 »
1876—81	35.946 »	1.355 »
1881—86	42.644 »	1.455 »
1886—91	50.102 »	1.719 »
1891—96	52.454 »	1.909 »
1896—1901	52.967 »	2.127 »
1901—06	74.136 »	2.176 »
1906—11	79.076 »	2.172 »
1911—16	77.071 »	2.143 »

I 1885 fekk buskapen miltbrann, og difor er ikkje ytingstallet for dette året teke med. Den samla mjølkemengda var berre 17.250 kg og gjennomsnittsytinga var 1.246 kg det året.

Som ein ser av desse tala var mjølketytinga høgare første året enn dei etterfylgjande, 1.531 kg pr. ku. Det tok mest tjue år før årsytinga vart høgare. Men den samla mjølkemengda på fjøset vart omlag fordobla den første tjue-årsbolken medan Wilson var styrar. Den største auken i mjølkemengda var dei første åra etter 1900 — med Teig var styrar og første 10-års

bolken av Ritland si styrartid. Kutallet var stort. Men dei rekna berre med såkalla «normaltmjølkande» kyr. Alle kviger og dei som det var noko i vegen med og laut slaktast t.d. er ikkje rekna med når gjennomsnittet vart rekna ut. Så framt desse hadde vore med, hadde gjennomsnittsytinga vorte ein god mon lågare pr. «årsku».

Arsmeldingane syner at dei heldt fram med den utrekningsmåten heilt fram til 1935. Frå den tid rekna ein med «årskyr».


Såkalla «unormale kyr» mjølka somme år nesten halvparten av samla mjølkemengd, t.d. i 1916—17 og 1917—18. Men oftast gav dei kring ein fjerdepart eller ein tredjepart av samla årsyting.

Til samanlikning med ytinga i første 50-års bolken tek ein med gjennomsnittsytinga for kvar femårsbolkk etter 1916.

	Mjølk i alt	pr. ku	feitt%
1916—22	72.616 kg	2.309 kg	3,61
1922—27	65.677 »	2.523 »	3,78
1927—32	88.517 »	2.586 »	4,08
1932—37	86.364 »	2.392 »	4,00
1937—42	67.310 »	2.188 »	3,75
1942—47	68.990 »	2.330 »	4,24
1947—52	78.570 »	2.530 »	4,24
1952—57	97.592 »	3.162 »	4,23
1957—62	144.288 »	4.198 »	4,24
1962—63	169.369 »	4.798 »	4,24
1963—64	176.532 »	4.945 »	4,20
1964—65	176.091 »	5.608 »	4,10

Som ein ser er den samla årsmjølkemengda omlag den same frå 1906 til 1952. Den smittsame kalvekastinga 1935—36 sette ned ytinga dei etterfylgjande åra, då ein laut skifte buskap, og det tok si tid. Ein gjekk då over frå svart hornut fe til raudt kollut Sør- og vestlandsfe. Så kom dei vanskelege krigsåra, då vart det mest uråd å få tak i kraftfor. Difor gjekk mjølkemengda ned på Stend, liksom på alle andre landbrukskular og i kontrollrekneskapane kring om i landet.

Særleg frå 1955 har det vorte nytta meir kraftfor pr. ku.




«Dugrei» 1. pr. 7035 kg mjølk 4,1 % feitt.

Det har og vorte sett på fleire kalvar og gjort strengare utval etter ytinga.

Desse ting har gjort sitt til at mjølkemengda er omlag fordobla, både alt i alt og pr. ku den siste 15-års bolken.

SAUENE

I 1866 vart det og sendt søknad til staten om å få ein stamflokk av sau til Stend jordbruksskule. Søknaden vart etterkomen, og i 1866—67 tok skulen mot 2 verar og 10 sauer av sjevitotrase. Wilson meinte at sauehaldet var ei viktig husdyngrein for distriktet, og gjorde framlegg om at sauetalet vart auka mykje. Etter hans skjønn kunne sauen forast billleg, og kunne gå ute storparten av vinteren. I 1875 var talet auka til 85 og i 1877 var det 95 dyr. Det ser ut til at det stort sett var ein bolke med milde vintrar. Dyra gjekk ute heile vinteren, også om natta, og dei vart klypte berre ein gong — om våren. Men det synt seg at utegangarsauene gjorde skade på skogsplantane i Rådall. Gjerdet som var oppsett i 1873 bægde ikkje for sau, og det måtte plantast oppatt.



Frå sauuset.

I 1877 fekk sauene skabb, som valda eit stort tap. Flokken vart no minka til 59 dyr. I 1879 slutta ein med staten ein stamflokk. Det vart no nokre harde vintrar, som gjorde at sauene måtte inneforast. I 1884 skriv Wilson at sauehaldet gjekk med tap — både beinveges og omveges. Dei gjorde skade på engane, meinte han. Ein måtte og byggje sauehus, om ein skulle halde fram med sau.

I 1885 vart det vedteke å selje sauene for å skaffe pengar til kukjøp attpå miltbrannsepedemien. For 21 vaksne og 15 lam fekk ein berre kr. 828,50.

Skulen var utan sauer i lang tid fram etter, frå 1885 til 1924. Styret oppmoda skulestyrrar Ritland i 1914 om å greie ut spørsmålet om ein ikkje burde ta til med sau. Ritland heldt fram i utgreiinga si at skulen hadde ikkje høvelege sauebeite, og at gjerdehaldet ville bli ei stor utgift. I 1924 gjorde fylkestinget vedtak om at skulen skulle ha sau. I september same året vart det difor kjøpt inn dyr til skulen på statsutstillinga i Gjerstad i Rogaland, 1 risbitver av A.S. Allgård og 1 sau og 5 gimrar hjå Gunnar Tjetland for kr. 1225,—. Gimrane fekk 1. pr. og veran og sauen 2. pr.

Denne flokken vart grunnlaget for sauene på skulen. Første tre vintrane hadde ein ikkje sauehus, men dei heldt til i turnipskjellaren. Det vart bygt sauehus i 1927. Første åra fram etter beitte ein i Stendadalen og på Stendaholmen. Men då dyrehaldet auka, måtte ein leige saubeite. Frå 1928 til 1945 leigde ein beite på Unnelland i Arna. Men sidan 1946 har ein hatt sauene på beite i Bergsdalen. Ein hadde berne sjeviot-sau fram til 1957, då kjøpte ein 10 dallallam i Bergsdalen, og seinare har ein hatt ein flokk av dalasau og, til samanlikning. Ein har hatt kring 45 vinterfødde dyr, knapt halvparten av dala og resten sjeviot. Saueflokken er for liten til å ha to rasar, så ein går attende til berre sjeviot. Det har heile tida vore kontroll med avdrått på sauehuset, kjøt- og ullmengd. Eit par vintrar hadde ein og foringsforsøk i samarbeid med Landbrukshøgskulen, der den eine gruppa ikkje fekk tørt hø, berre silofor, og noko kraftfor. Båe gruppene stod likt.

GRISANE

Det var svært lite grisehald på Stend før ein bygde nytt grishus i 1909. Første fire åra fødde ein berre 1 slaktegris for året, og etter Wilson sin rekneskap hadde ein tap på denne grisen. Han meinte ein burde kjøpe inn dyr av *yorkshire*-rasen frå gardbr. Omsted i Solør, og det vart gjort i 1872. Frå denne tid hadde ein 2—4 grisar, og det vart selt nokre smågrisar frå skulen. I 1885 prøvde ein med ny rase, *Cumberland*-rasen, som ein hadde fram til 1889. Då kjøpte ein 1 rone og 2 purker av den raude engelske landrasen, *Tamworth*, frå gardbr. Haakon Tvetter i Asker. Ronen og den eine purka dauda av fongiftning året etter, og den andre purka dauda og ei tid etter. Ein prøvde så med *Cumberland*svin på nytt, men i 1892 gjekk ein over til *landsvin* frå Etne.

Grisane hadde eit rom i fjøset. Men då fjøset vart bygt om i 1895, måtte grisane flytte til eit rom i stallen. Dette var utenleg, og styraren meinte at ein kunne ikkje halde fram med gris før ein fekk nytt hus.

Skulen var såleis utan grisehald heilt fram til 1909. Ein hadde berre kyr og hestar på garden i lang tid. Det var heilt uvanleg for å vere landbruksskule, og ikkje fullnøydande for opplæringa.




Grishuset 1961. Hønsesus i 2. høgda.

Det nye grishuset vart ferdig hausten 1909. Der var rom til 12 grisebingar. Skulen tok då mot avlstasjonen for *yorkshire*, som siste åra hadde vore i Ølen. Det var 1 rone og berre 2 purkar. Noko seinare vart det 3 purkar på stasjonen og vart etter ei tid auka til 7—8 purkar. For eige rekning hadde skulen fleire purkar og nokre slaktegrisar. Det nye grisehuset var ikkje særleg tenleg. Det var rått, mørkt og golvkaldt, med di huset stod tett inn til fjellkanten mot sør, og om vinteren vart huset golvkaldt, då kaldlufta trengde inn i den opne steinfyllinga under golvet. Det var vanleg med 8—9 purkar.

I 1961 tok ein i bruk eit nytt grishus, som er noko større, og som er varmt, tørt og ljost. Grisetalet er noko større sidan dette vart teke i bruk, særleg talet på slaktegrisar. I 1962 hadde ein t.d. 21 kull smågrisar med 12,8 levande fødde ungar i kullet. Bruttoinntekta i 1965 var kr. 55.199,02.

Storparten av grisungane har vorte selde kring om i distriktet, berre ein liten part til avlstdyr, og resten som slaktegrisar. Etter nyskipinga med svineavl i landet, vart avlstasjonen for *yorkshire* lagd ned frå 31/12 1964.

Ein har hatt stasjon for *yorkshire* heile tida sidan 1909.



Frå grishuset.

Men det har synt seg å vere vanskeleg å få tak i gode ronar utan slektskap, så no er det gjort vedtak om at ein går over til landsvin-rasen.

GEITER

Skulen fekk 5 geiter og 1 bukk av angora-rasen hausten 1866, som gåve frå groshandler Sørensen som var busett i Stokholm. Dyra var kjøpte i Asia, og ein ville hauste røynsle for om dei høvde på Vestlandet. Ved klyppinga første året gav dei 34 mæk. ull. Då ein ikkje haddde geitfjøs, vart dei plasserte i stallen, der dei gjekk lause. Det såg ut til at dei tolde bra kulden. Men dei var mykje utoluge for regn og nedbør, og sprang straks i hus når det kom ei byge. Wilson tykte at dyra var utrivlege, og trudde det kom av det våtsame verlaget. Han gjorde difor framlegg om at dei vart sende til Voss eller Hardanger. Dei kom til garden Gjerme på Voss, som fødte dei for amtet si rekning. Desse angorageitene fekk ikkje noko å seie for geiteavlen i distriktet, og skulen har heller ikkje hatt geiter sidan.



Hesten høver godt til radreinsking.

HESTANE

Det har vore dreve lite hesteavl på Stend. Ein har for det meste hatt berre arbeidshestar. *Batalden* var ein av dei 4 dølehingstane som statsagronom Lindeqvist fekk stasjonert på Vestlandet. Han stod nokre år på Mo jordbruksskule, men kom til Stend i 1866, og vart avliva to år etter for skuld eit ulukkeshende. *Batalden* hadde berre nokre få føl etter seg. Hingsten *Fridtjof* var oppalen på Stend, og fekk premi på landsutstillinga i Bergen 1898, sjølv om mora var dølamerra *Kora* og faren var fjordhesten *Lord 135*. Han vart og lite brukt som avlshingst, vart skoren og seld som arbeidshest. Skulen har hatt avlsmerrar til ymse tider, og dreve noko hesteavl, stundom 2—3 følmerrar.

I 1943 vart t.d. kjøpt inn to ungmerrar av særst god ætt: *Liablakken* etter 1. pr. hingsten *Dyre*, og *Ryssveig* etter *Øyarblakken 819*. Båe hadde ekstrasløyfer.


Det har synt seg å vere noko vanskeleg med følmerrar og oppal av unghestar på ein skule, der det er så mange ukunnige som skal bruke hestane. Avlsmenrane må brukast med om-



Kornskur med slåmaskin og avleggjarapparat.

tanke, særleg er det vanskeleg med skogskøyning. Det er også vanskar med temjing når så mange skal ikøyre hestane. Dei får lett unotar.

Hestetalet har skift med åra. I første tid var det 4—5 hestar, og dessutan hadde Wilson hestar til dressur, hesteinteressert som han var — og autorisert veterinær. Etter kvart auka hestetalet, og då ein bygde ny stall i 1913, fekk ein svært romsleg stall med mange båsar og bingar. Det var rom til 12 hestar. Kring 1916 hadde ein 9—11 hestar. Dei siste krigsåra hadde ein berre 5—6 arbeidshestar, sidan tyskarane rekvirerte hestar rett som det var. Når ein då hadde eit par følmerrar, vart det stridt for hestane i våronna, så vanskeleg som det var med kraftfor — og åkervidda var uvanleg stor. Ein heltd fram med 6 arbeidshestar heilt til 1953. Då vart det minka til 5 — 4 og 3, og berre 2 i 1964. Då det er så mange ellevar, og fleire driftsgreiner på skulegarden, ser det ut til ein vert nøydd å ha 3 hestar. Særleg i skogen trengs det hestedragkraft somme stader. På ein vanleg gard ville ein greie seg med ein hest attåt traktorane.



Frå hønehuset.

FJØRFEHALDET

Skulen hadde ikkje fjørfe før fylkestinget gjorde vedtak i juni 1924 om at Stend jordbruksskule skulle gå i gang med hønehald. Straks dette vedtaket var gjort, vart det kjøpt ein brukt 240 eggs rugemaskin. Rugeegg fekk ein frå Midthordland kontrollstasjon. Ruginga gjekk for seg i badekjellaren, sidan ein ikkje hadde anna høveleg rom. Resultatet var 120 kjuklingar av Plymouth Rock. Kunstige møder laga ein sjølv. Ein gjekk og i gang med å bygge hønehus. Men då det ikkje kunne bli ferdig til vinteren, vart kjuklinghusa flytta til kjerrehuset. Og sidan det vart ein mild vinter, gjekk det tolleg bra.

Hønehuset vart ferdig 1925—26. I kjellaren var eit lite ruge-rom. Huset hadde elles rom for 6 hønebingar, gang og eggrom. Det var bygt som bindingsverkhus, med ring isolasjon både i vegger, tak og golv. Det heldt seg difor rått og kaldt om vinteren.

Den 1. juli 1925 var høneflokken 28 1-års Pl. Rock høner og 1 hane. Dessutan hadde ein 120 kjuklingar av kvit italiennar rase. Rugeegga hadde ein fått frå Møre kontrollstasjon.

Hønsetalet auka noko etter kvart. Året etter hadde ein 236 i alt — medrekna kjuklingane.

Jamt over hadde ein 100 verpehøns og 120—140 kjuklingar i fleire år fram etter. Dei første åra hadde ein både Pl. Rock og Kv. italienarar. Men etter kvart gjekk ein over til berre Kv. It. Ein var noko plaga av levkose, så ytinga var ikkje høg — omlag 150 egg pr. årshøne.

Huset som var rått og kaldt, vart forsynt med ventilasjons-piper i 1936, og nytt tregolv var lagt inn eit par år før.

Hønehaldet vart dreve på omlag same måten med kring 100 verpehøns heilt til nytt hønsehus og grishus vart bygt i 1960—61. Det nye hønsehuset er i andre høgda av grishuset. Huset er godt isolert, ljost, varmt og tørt. Sidan det ligg over grishuset, er det golvvarmt, så djupstrøet held seg tørt. Der er automatiske drikkekar og automatisk foring. Kjuklingane vert kjøpte inn 8 veker gamle, så ein driv ikkje med ruging. Huset har rom til 400 verpehøns. Og ein kan seie at det vert dreve som eit produksjonshønsehus.

Ytinga pr. dyr var i 1965 212 egg pr. årshøne. Den samla bruttoinntekta på hønsehuset var dette året. Kr. 29.326,52.

BIER

Skulen har ikkje hatt bigard. Men det har vore undervist i birøkt frå 1880-åra. Smedlærer Johan Arnesen var ein mykje interessert og dugande birøktar, som heldt bier sjølv og gav rettleiing i bistell. Fjøsmeister Knut Lindås har halde fram med bigard, og har synt den same interesse og dugleik som birøktar. Han var fjøsmeister i 42 år fram til hausten 1964, og har halde nokre timar for elevane om birøkt kvart år.

HAGEBRUKET

Hagebruket på Stend har rike tradisjonar, og kan førast attende til den tida garden var adeleg setegard. Særleg i Wollert D. Krohn si tid, kring 1780, var hagen og parken eit særsyn, men også i sonen si tid, agent Wollert D. Krohn.

Ein har nokså god greie på parken i gamal tid, både av Dreiers prospekt frå 1816, og frå ymse skirftelege kjelder. Carl v. Schnitler skriv i «Norske haver»:

«Haven paa Stend (Stene gaard) i Fane — en av de største adelige sædegaarder i stiftet — har været en av de eldste og mest gennemførte i Bengens Stift. I 1738 hadde gaarden likesom den dag i dag en hoved- og to sidefløier med tegltak samt en Hauge med et stort og 2de smaa lysthuse — samt 2 fiskedammer. Havens skjæbne under tidligere eiere er ukjendt. Sikkert er det, at den under familien Krohn, som eiet gaarden 1741—1842 gjennom fire slegtled, naadde sin rigeste utvikling. Særleg la etatsråd Wollert Krohn og han søn agent Wollert D. Krohn som tilsammen innehavde gaarden 1771—1834 stor bekostning paa haven. I 1842 blev Stend kjøpt av dr. philos W. Konow. I hans tid forfalt haven noget. Efterat gaarden i 1860-aarene var blitt landbrugsskole, er den blit fuldstændigt utslettet.


Etatsraad Krohn synes først at ha utvidet og forskjønnnet haven i stor stil. En mængde kostbare træer og planter fik han fra Holland og Hamburg og lot bygge det for sin tid meget store drivhus.

Forsaavidt det er mulig ved hjelp av nødtørftige meddelelser av ældre folk — en miniatuurplan av stadskonduktør W. H. Chirstie (1776) i Bengens museums bibliotek — og ved Dreiers prospekt (1816) at danne sig et nogenlunde billede uden gennemført aksial eller arkitektonisk komposisjon. Den var av rektangulær grundform, men hovedbygningen laa borte ved enden av havens ene langside. Den falder inden samme stilgruppe som mesteparten av de øvrige bergenske haver. Den var omgitt av stenvmur med græstekke. Fordi den laa på fugtig grund var den paa tre sider omgitt av en snorret kanal, som løp i ret vinkel indenfor muren og som paa eiendommelig vis minder om hollandske havemotiver. Desuten laa i dens ende fire rektangulære basiner for karper og karduser. Kanaler og basiner var meget dype med steile skraaninger, som var beplantet med en gulblomstredde slyngvekst, som nu vokser vidt i omegnen. Endnu et begrensende motiv var langs den ene langside vis a vis bygningen den prægtige buegang av linde- og asketrær som sees på Dreiers billede. Nær huset

svinget denne bortimot blomsterparterret og utvidet sig til et lysthus av trær paa en cirkelrund vold. Paa kryds av denne gik en anden ganske kort buegang, som paa den anden side av blomsteanlægget fortsatte husets tverakse og endte i en aapen rund plads. Bak denne som slutning paa perspektivet et lysthus med pyramidetak (det sees paa billedet) hvori graat i graat malte antikiserende statuer av gudinder eller vestalinder hadde plads.

Buegangene — dette typiske renessansemotiv — var oprindelig helt tætte, overhvævede og antagelig strengt klippet, men var efterhaanden vokset saa sterkt, at de i 1860-aarene var blit til høie alléer. Fremfor huset laa blomsterparterret avgrænset fra resten av haven. Retlinjede bed om et cirkelrundt midtbed sees paa billedet. Det øvrige av haven var formodentlig opfyldt av græsplener og lysthus, dels av rektangulære bed med jordbær og grønsaker og av en mængde frugttrær langs kanalene og mellem dammene. Ytterst paa nordsiden drivhuset ved siden av to svære kastanjetrær. Der manglet heller ikke paa plastiske dekorasjoner, — fra Kjøbenhavn blev 1784 sendt op «tvende liggende Løver paa Piedestal, Ceres og Diana Mahlet paa Bræder Graat i Graat, ligelædes paa Bræder med bontede Couleurer, tvende danske Husarer, en Gartner og Jæger, samt et Billedhuggerstykke paa Fod forestillende Minerva.

Løvene stod ved foten av trappen, som endnu fra borggaarden fører ind till huset, husarene stod i godt veir utenfor husets midtre fremspring mot haven, i regnveir indenfor stolperne som bærer dette. Gudindene hadde som nævnt plads i det store lysthus. Minerva stod for enden av en buegang. Gartneren og jægeren stod snart her, snart der — i regnveir under tak. Nogen malte fugler till oppstilling i blomster-kvartererne var fra haven paa Krohns gaard Nordås bragt till Stend. Paa havens smalside nær blomsterpartiet er det skogholt av løn og lind og det rike filor av keiserkroner som endnu vokser mellem stammene, levninger av en oprindelig liten landskapspark paa kupert terræn utenfor den regelmæssige have. Her skal ha været en opmuret forhøining med bed av keiserkroner og rabatter av porselænsblomster. Ved siden herav — paa den nuværende nye haves plads foran sidefløien fort-



Hovudbygninga med hagen. (Dreiers prospekt 1816.)

satte frie plantninger av løn og pyramidepoppel nedover skraaningene. Lignende fri park synes ogsaa det parti at ha været, som skraaner ujevnt nedover mot sjøen paa den anden side av gaarden og bærer navnet «Fugledalen». Her skal en bæk ha slynget sig mellom skogklædte høider. Her skal ha ligget basiner. «Munkedammene» med demninger og smaa fossefald imellem. I nærheten førte en lang bugtet allé av asp, ek og bjerk, som hist og her hadde græsbenker som hvilepladser, ned till bryggen og sjøbodene. Der krydsedes øverst av en lang allé av løn og kastanje, som fra landeveien førte frem till gaarden. Haven var i Krohn'enes tid alltid bestyrt av gartnere, som næsten alle var tyskere og forsynet med de bedste vidnesbyrd om dygtighet. Overhodet satte Krohn'ene likesom handelspatriciatets øvrige mænd i 18de aarh.s 2den del paa sine landgaarder ved byerne kysten rundt sin stolthet i at drive mønsterbruk ved hjælp av de bedste norske, danske eller tyske forvaltere.

I 1780-aarene var en viss C. Juel bestyrer av gaardsbruk og have. 1799 blev Valentin Hanssen indkaldt fra Glücksborg som gartner med 50 rdlr. om aaret og allt frit. Fra 1811 av var Joachim Steffens fra Lübeck gartner med 100 rdlr. aarlig. Han hadde ifølge det bevarte pas og diplom 1809 utstaat tre

aars læretid paa det kgl. preussiske lystslot Bellevue ved Berlin under «Hof-, Kunst- und Lust-Gaertner Joh. Daniel Weil.» Sandsynligvis gik han fra Krohn over til brødrene Gabriel og Ebbe Lund i Farsund for «at anlægge og forestaa en Hauge» for dem — formodentlig ved Husan — med en løn av 200 rdlr., samt kost, logis og vask. (En saadan udatert kontrakt findes bevaret.) Samtidig med disse maa der ha været endnu en gartner paa Stend, tyskeren Martin Schäffer, som var der like fra 1802 til ca. 1825 — opr. med 60 rdlr., i 1812 med 180 rdlr. i løn. Desuten skulde han ha lov til at sælge overflødige blomster av haven til egen fordel, samtidig som han var forpligtet til at «formere» og skaffe nye sorter i have og drivhus. Særlig i aarene 1812—16 sees en mængde grønsaker at være dyrket, og i Krohns hus maa forbruket herav til daglig ha gaat langt utover selv nutidens. Fra England blev forskrevet roser og liljer, fra Holland hyacinther av 20 forskjellige sorter, narcisser, levkøier o.s.v. Ikke at tale om hvad der aarlig kom fra J. N. Bockmann i Hamburg, som i sin tid skal ha været Nordtysklands første handlingsgartner. Traditionen fortæller at Schäffer i løpet av de mange aar, han var paa Stend, hadde skjönt at erobre sig et visst herredømme over alt og alle paa gaarden. Fuldstændig suveræn var han selvsagt over haven. Hofagenten selv fik ikke sjelden, naar han tillot sig at plukke en blomst eller et bær, henstilling om at holde fingrene fra fatet — «ønsket agenten noget, hadde han blot at befale, og det skulde bli bragt ham».

Schäffer var vistnok den siste betydeligere gartner. Efter ham gikk det nedover, bondegutter har formodentlig overtatt ledelsen, og ca. 1829 var drivhuset o.s.v. i forfall.

Haven paa Stend var likesom de anseligste byhaver i Bergen og Kristiania — delvis holdt aapne for publikum. I følge en instruks til Schäffer var han forpligtet til at paase, naar herskapet opholdt sig paa Stend, «at ingen Folk fra Byen, der komme at bese Haven, — som skal være dem tiladt imod at erkjende Gartneren derfor — nedsætte sig i Haven eller Drivhuset forat spise eller drikke, men at de blot passerer derigjennem uden ved Ophold der at falde Agenten med familie besværlig eller chenerer Dem» Der er flere samtidige vidnesbyrd om det ry, haven paa Stend stod i. Alt i 1779 om-

tales den i sin definitive skikkelse og som den vakreste ved Bergen. Filosofen Henrich Steffens gjengir blandt sine mest levende minder fra sin barndom i Bergen indtrykket at all det staselige selskapsliv som utfoldet sig her i Krohn'enes tid. Biskop Pavels omtaler den 1821 som «en av de smukkeste Haver i Bergens Stift. Gud ved overalt, om der findes en saadan Buegang i Norge, i Christiania eller dets Omegn, Bogstad, Ullevold, Frogner findes den i det mindste ikke».

Biskop Neuman kalder den 1825 «den smukkeste Hauge, jeg har fundet i Bergens Stift med en kostelig — i lange Strækninger sig slyngende Buegang som ingen Solstraale gjennomtrænger, og et vakkert Orangerie, hvor Vindruerne stundom modnes».

Sommeren 1843 eller 1844 opholdt Oehlenschläger sig her hos sin svigersøn W. Konow. Paa en række av træerne i alléen og i haven gav han efter for sin sterke lyst til at forevige sit navnetræk. Sammen med helle det stilfulde anlæg er ogsaa disse minder forsvundet,» skriv Carl v. Schmitler.


Når ein høyrer om den vakre hagen og parken på Stend i gamal tid, må ein vedgå at det var eit kulturhistorisk tap at han ikkje vart halden ved like og verna om. Men ein kan godt forstå at dette ikkje vart gjort. Hagen var forsømd og i ring stand då fylket overtok eigedomen. Det ville bli svært dyrt å setje han i stand og halde han vedlike. Han kunne heller ikkje tene som opplæringsmiddel for vanlege landbruksskuleelevar. Ein kan difor lett skjønne at den gamle hagen vart lagd ned, og at ein freista å bygge opp ei hagebruksopplæring som hadde økonomiske, praktiske siktemål.

Efter skuleplanen frå 1866 skulle elevane få hagebruksopplæring: «I gaardens frugt- og urtehave, som maa skjøttes med mønsterylldig omhu, utføres arbeidet av lærlingerne efter tur under ledning av en i havedyrkningsarbeider paa lidelig øvet person.» Elevane skulle og vere tilstades for å lære rette framgangsmåten med planting, poting og okulering. Dei som forma skuleplanen var såleis fullt merksam på hagebruket sitt verde i Hordaland, som ventande kunne vere. Hordaland var nemleg det første fylke i landet som tilsette fylkesgartnar — alt i 1859.

Det var meininga å få ein ny hage som skulle tene under-

visningsfremål. Men det tok si tid. I meldinga frå 1867 står at dei ikkje hadde fått gjort noko med hagen enno, for jordstykket som skulle bli hage, var ikkje inngjerda. Året etter vart gjerde sett opp. Fyllket løyvde 50 spd. till gjerde som var 260 famner langt. Det inngjerda stykket var 6.9 dekar og vart grøfta med teglrøyr. Det vart også kjøpt inn 2500 «træplanter», som det første opptaket til planteskule på Stend. Oppal av skogsplantar vart seinare ein viktig del av planteskulen og hagebruket. Det kjem vel av at Wilson var interesset i skogplanting, og at det også løynte seg å alle opp skogsplantar til sal. Bygdevegen gjekk gjennom den nye hagen. Og langs vegen var allétre. I 1868 vart 55 allétre tekne opp med rot, noko som vekte motvilje i bygda. Vegen vart så lagd om gjennom tunet — slik han går no. Ein tok no så smått til med hagebruk på skulen. I 1869 vart planta til 0,25 dekar med «amerkjendte» gode rips, solbær og stikkelsbærbuskar. Like eins tok ein til å formeire bærbuskar med stiklingar, med di det vart planta ut 2414 stiklingar. Det vart og sådd nesten eit dekar ymse grønsaker: Kålrot, kål, gulerøter og pastinak o.a. Inntekta frå hagen vart dette året førde opp med 12 spd., 2 ort og 21 skilling. Arbeidet med å setje hageområdet i betre stand heldt fram.

Eit gammalt grustak i nordaustre hjørne vart fylt att ved planering og jamna til med 1000 jordlass frå ein grøftkant, og sørvestre luten av hagen vart djupbroten til 20 tommars djup. I 1870 vart planta 1500 haktornplantar som framleis står på austsida av hagen. Desse vart tinga frå utlandet. Frå As eksperimentalfelt fekk ein 30 sortar pil, 5 stiklingar av kvar sort til forsøk. Det var meininga å dele inn hagen i skift, slik at det kunne drivast rasjonelt. I 1871 vart ¼ nytta til planteskule for bærbuskar, skogs- og frukttre, ¼ vart nytta till ymse rotvokstrar og ¼ til gjødslingsforsøk med ymse kunstgjødselsortar. Inntekta frå hagen auka, og i 1871—72 var den 42 spd. Det synt seg at avsetnaden av hagebruksprodukt var vanskeleg. Derimot skogsplantar var lettare å selje. Difor vart det lagt større vekt på oppal av skogsplantar. I 1873 vart det gjort framlegg om å gjerde inn eit stykke i Tæslia til «priklefelt». Det vart og selt mykje frå pilplantinga, i alt 79 spd. I 1875 vart det tinga ein del dvengfrukttre frå Danmark



Veksthusa bygde i 1943 og 1951.


til forsøk, men det var oppal av skogstre som fekk det største romet i hagen. Skogsfrøet vart kjøpt i Tyskland og Sverige. Kjøkenvokstrar hadde ein berre for undervisinga si skuld. Når inntekta frå hagen var så pass stor som ho var ut gjennom 1880—90 åra, kjem det særleg av mykje sal av skogstre, park- og allétre, og større nåletre som vart tekne opp med klump frå større plantingar i Rådalen.

Skulen hadde framleis ikkje fast hagebrukslærer. Det var underlæraren som hadde den teoretiske opplæringa i hagebruk, og den praktiske opplæringa vart utført av ein eller annan «hagebrukskunnsig» mann. Denne ordninga var ikkje fullnøyande, og særleg grønsakdyrkinga leid skade av dette. Andre lærar Knut T. Døhlen, som var lærar på Stend frå 1882—85, fekk betre skikk på grønsakdyrkinga, dei to åra han stod for dette. Skulestyrar Sandberg gjorde framlegg i 1894—95 om fast stilling som hagebrukslærer med kr. 500 som årsløn. For utan hagebrukslære, som burde få eit større rom, skulle hagebrukslæraren og undervise i botanikk og mogleg andre fag. Landbrukskomitéen meinte at løna måtte vere kr. 800,— med fritt hus og brenne — om ein skulle få ein kvalifisert hage-

brukslærer. Stillinga som fast hagebrukslærer vart oppretta i 1895, og frå nyttår 1896 tok Ivar Bleiklie over stillinga. Sigurd Lysbakken, som først var tilsett, overtok ikkje. Bleiklie fekk ei krevjande, men interessant oppgåve: å skape ei tidhøveleg hagebruksopplæring, både i teori og praksis. Skulestyrar Bernt Kløkk, som overtok styrarstillinga om våren same året, hadde og eit vake syn for hagebruksopplæring, sjølv hadde han studert hagebruk i Stockholm. Bleiklie fekk såleis hjelp og stønad av han til å setje i verk dei ymse tiltak i hagebruket. Det lukkast og Bleiklie å omskape og bygge ut hagebruket dei 16 åra han var hagebrukslærer på Stend. Hagen vart utvida frå 6,9 dekar til 15—16 dekar. Han fekk bygt eit drivhus i 1908, og to år etter eit mindre drivhus med lause drivhusbenkvidu. Vegar vart opparbeidde og steinsette. Det vart laga til drivbenkplass og sett opp pakkehus. Det vart og bygt lysthus. Grønssakdyrkinga vart auka, like eins vart planteskuledrifta utvida med større sal av bærbuskar, frukttre og prydbuskar. Oppal av skogsplantar vart det slutt med etter at skogplanteskulen på Søfteland tok til. I samband med den nye skulebygninga som vart ferdig i 1901, vart det og eit stort arbeid å lage til tun og gardsplass i kring. Plenen fram for skulebygninga vart ferdig i 1905. I det heile vart det ikkje lagt vekt berre på den økonomiske sida av hagebruksopplæringa, men og på den estetiske. Bleiklie utførde i det heile eit grunnleggande arbeid for hagebruksopplæringa på Stend, og var kjend som ein særst dugande og særmerkt lærar. Læreboka hans i Plantelære vart og nytta i svært lang tid ved landbruksskulane og andre skular i landet.

Hagebruket på Stend har seinare vorte dreve omlag etter dei same retningslinjer som vart dregne opp av Bleiklie. For utan området i hagen — dei 15—16 dekar som er inngjerda der — har det og vorte dyrka grønssaker på dei ymse skifte i jordbruket etter som det høvde best med omløpet.

Av større påkostnader i hagebruket kan nemnast at det vart bygt nytt drivhus i 1943—44, 20 m x 6,25 m med fyrhus og arbeidsrom. Kostnaden var omlag kr. 15.000,—. Eit tilsvarende drivhus vart bygt i 1950—51 og teke i bruk våren 1951. Kostnaden var kring kr. 25.000,—. I 1951 og -52 vart det laga til ein frukthage i Treslia. Tilstøytande skog vart hogd, og det vart teke 250 m grøft i 1951. Frukttrea vart



Frå hagen.

planta med 8 m rad-avstand og 4 m mellom trea i rada. 185 tre vart planta i 1951 av ymse sortar for å røyne ut kva sortar som kunne høve i ytre strok. Feltet vart gjerda inn. Men sidan det ligg så langt frå skulen og annan busetnad, er det uråd å gjerde ute «obodne gjester». Treslia er lun og varm, det beste på skulegarden såleis. Men ein kan ikkje seie at denne frukthagen har svara til vonene som vart sette frå først av. I samband med nybygginga på skulen frå 1953 til 1957 vart det eit stort arbeid å setje i stand plonar og park kring husa. Ein køyrde jord på Flagghaugen, så det vart såpass slett at ein kan klippe plenane med motorslåmaskin.

Den teoretiske opplæringa i hagebruk har vorte ein del utvida. Frå 52 timar i 1911—12 til over 100 timar kring 1940 og seinare, såleis at hagebruk vert rekna som hovudfag. Gjennom åra har det og vore skipa til ymse slags stutte kurs med hagebruksopplæring m.a. for lærarar. I 1951 og -52 vart det sett i gang eit 5½-månads tilleggskurs i hagebruk for slike som hadde gått jordbruksskule føreåt. Dette kurset vart arbeidd inn i skuleplanen. Men det gjekk berre desse to

somrane, sidan søknaden vart så liten 7 elevar i 1951 og 5 elevar året etter. Omfanget og omsetnaden frå hagebruket har auka ikkje så lite. I 1912 var bruttoinntekta kring 4.500,—. I 1916 — då høgkonjunkturen tok til å merkast var omsetnaden kring 5.500,—. I 1952—53 var innkoma kr. 54.729,20 og i 1962 kr. 86.201,30. Sidan 1947 har det vore fast hageassistent attåt hagebrukslæraren, gartner Malvin Askelland har hatt denne stillinga sidan då. Dessutan er det ein gartnermedhjelpar i hagebruket. Dei siste åra har ein og hatt 3—4 hagebrukslær-lingar sommarhalvåret attåt elevane, som praktiserar i hagebruket etter tur.

Den siste femtiårsbolken har skulen hatt 6 hagebrukslærarar: Nils Bergem 1916—21, Hans Falang 1921—26, Ludv. Krohn Dale frå 1926—38, Sjur Tveito 1938—47, Gjert Vallevik 1947—64 og Kåre Nes frå 1964. Hagebrukslærarane og tenestemennene i hagebruket har alle gjeve sitt verdfulle tilskot til fagopplæringa ved Stend jordbruksskule, så skulen betre har kunna makta å gje ei allsidig og tidhøveleg undervisning.

SKOGEN

Det fell naturleg å dele skogen på Stend etter hovudvegen gjennom Rådalen, såleis at det som ligg på austsida av vegen kalllar ein *Austskogen* og det som ligg vestan for vegen *Vestskogen*. Austskogen kan ein elles dele i Smiestykket, Stendfjellet og Rådalen.

I 50-års skriftet om Stend jordbruksskule skilde fylkes-skogmeister A. Hødal mellom fylgjande skogstykke:

1. Området vest for jarnvegslina på nordsida av garden 733 dekar. (Vestskogen).
2. Stendholmen 17 da.
3. Stendfjellet ved Rådalen 774 da.
4. Krykkjehaugen 76 da.

Han rekna og med at det var 302 da. udyrka innmark, som for ein stor del var tilvaks med skog, lauvskog — ikkje så lite eik. Flatevidda som vert nemnd er totalareal. Det produktive arealet var mykje mindre.



Frå forsøksfeltet i Rådalen.

Forstmenn frå Det norske skogselskap har taksert Stend-skogen i 1951 og 1963. Etter driftsplanen dei arbeidde ut i 1963, reknar dei Austskogen til 850 da. totalareal, og 720 da. produktiv skog. Vestskogen reknar dei til 596 da. totalareal, og 511 da. produktiv skog. Driftsplanen omfatar såleis 1454 da. totalareal og 1231 produktivt areal. Attåt dette kjem Stendholmen med 17 dekar, som og er tilplanta, og Stupelia som er tilvaks med lauvskog, ikkje så lite gamal eik. I Treslia er

og ein del lauvskog. Like eins på Vikaneset. Det produktive skogarealet skulle i alt vere omlag 1400 dekar. Etter 1930-åra er Krykkjehaugen rydja til kulturbeite. Like eins Pålabøen, så det totale skogarealet er minke ein del.

Fjellgrunnen i Stendskogen er for det meste gneis og noko gabbro, som forvitrar heller seint. Jordbotnstilhøva er mykje skiftande. Særleg på Stendfjellet er mange parti der det er grunt på fjellet. Somme stader er eit heller grunt morene-lag, og der er god bonitet. Elles er det for det meste organisk jord som dekker fjellet, og med spreidde myrdrag inn i mellom. I Vestskogen er heller mykje myr, som med grøfting og gjødsling kan gjerast produktiv. Vestskogen har lagleg terreng med liten høgdeskilnad 35—70 m.o.h. Austskogen har meir skiftande lende. I Smiestykket og Rådalen er godt lende og svært lett framdrift. Men somme stader på Stendafjellet er bratt og noko vanskelegare framdriftstilhøve med høgdeskilnad frå 50—230 m.o.h. Når det vert bygt traktorveg, må ein seia at Stendskogen er leiddreven med korte avstandar. På Stendfjellet må ein likevel rekne med noko hestekøyring til traktorveg.

Når det gjeld boniteten i skogen, reknar dei med som har arbeidt ut driftsplanen at i *Austskogen* er 27,4 % høg bonitet, 42,4 % medels bonitet og 30,2 % låg bonitet. *Vestskogen* 26,0 % høg bonitet, 49,4 % medels bonitet og 24,6 % låg bonitet..

Då skulen tok til i 1866 var Stendfjellet skogsnautt, berre tilvakse med lyng og eine — simpel beitemark. Det var skogen vestan for hovudvegen som var rekna som den eigentlege gandsskogen. Skogen var gresen kystfuruskog med noko bjørkeskog inn i mellom. Skulestyrar Wilson skriv i første årsmeldinga: «Som naturleg følge av den tynde bestand der til-later stormen saa godt som uhindret at fare igjennem og skogukrudt — som lyng, blaabær og tyttebærris — at vokse frem, samt at skogsbunden uttørres, har skogen paa mange steder faat et forkuet og vantrevent utseende, saaledes som i almindelighet er tilfældet med tynde skoge ved havkanten.» ..

Wilson sin karakteristikk er vel rett — unnateke «at skogs-bunden uttørres». Den store nedbøren gjer at det lett vert for vått, og der terrenget er flatt, vert det ofte myrlaging. Nedbøren fremjar og råhumus med blåbærlyng og røsllyng, som gjev sær ringe tilhøve for naturleg fornying i skogen.

Det vart beitt i Vestskogen heilt fram til 1936, noko som hindra skogkulturarbeidet der. Den gresne skogen på Stend gav trematerial til verkstaden og til husvøling, men strakk ikkje til husbygging og brensel på skulen, så ein tok tidleg til å skøyte på med brenntorv, som ein spadde i Vestskogen.

Sidan det ikkje vart ført nøye rekneskap for hogstmengda, har ein ikkje fullt oversyn over hogstkvantumet før i 1921—22. Fyllkesskogmeister A. Hødal, som var skogbrukslærer frå 1914—54, reknar hogstkvantumet frå 1900 til 1921 til omlag 60 m³ pr. år. Då ein bygde stall og vinkelbygninga til løa i 1913, hogg ein nokså mykje i skogen, som ein saga opp til material. Ein hogg i alt 800 furutre og dessutan 30 store gran-tre i Rådalen av dei eldste plantingane.

Frå 1921—22 har ein fullt oversyn over hogstkvantumet frå skogen. I krigsåra vart hogsten auka, med di tyskarane hogg 700 m³ tømmer. Vedforbruket på skulen var og stort fram til 1953, då ein fekk oljefyring i økonomibygninga og gymnastikksalen, seinare og i skule- og kontoravdelinga, og elektrisk oppvarming i internatet frå 1955.

Ar	Hogstmengde i m ³	
	Ved o.a.	Sum
1922—26	547	882
1927—31	931	1066
1932—36	1016	1485
1937—41	1504	2278
1942—46	1435	2683
1947—51	1634	2976
1952—56	794	2065
1957—62	687	2233
1963	66	474
1964	114	536
1965	107	471

Det samla hogstkvantum har vore kring 450—500 m³ med tømmer, ved og kubb pr. år. Nokre år har det vore meir. I 1949 og -50 var det såleis 780 m³. Stormnatta mellom 30. og 31. januar 1949 bles det ned kring 700 m³. Så grunt som det er på fjellet, vert det lett rotvelte på oppbløytt, telefri




Ny sag og nytt vedhus. Bygt 1964.

jord. Bruttoinntekta frå skogen har vore kring 50.000,— siste 15 års bolken, somme år noko meir. Av dette er og nokre tusen kroner for juletre og bar. Brutto-overskotet var kring 20.000 kr. pr. år i 1953—55, så det samla overskot frå skogen har vorte stort siste 50-års bolken. Det som har vorte investert i skogen ved planting, grøfting og hestekøyrevegar, har såleis bore rike frukter.

Det syner seg likevel at driftskostnadene stig snøggare enn inntektene i siste 10-års bolken. Frå 1955—56 til 1964 er det avsett frå skogen kr. 105.000,— til bygging av ny sag, ved- og materialhus. Rekneskapen for skogen syner dessutan eit samla overskot for desse 9 åra på kr. 16.446,28. Men det er omlag kr. 20.000,— for lite til å dekke skogen sin del av dei sams utloger som fell på dei inntektsgevande driftsgreinene, t.d. kasserarløn, fyllkesrevisjon o.m.


Noko meir enn det disponible overskotet frå skogen er såleis investert til sag, ved- og materialhus, som høyrer skogen til. Etter at sag- og vedhus er reist, vert den disponible del av overskotet frå skogen nytta til investering i traktorvegar og skogsgrøfting.



Frå saga.


Skogplanting

Skulestyrar Wilson var heilt frå først av klår over at skogreising var ei særskild viktig oppgåve, og han tok til med skogplanting på Stendholmen første året han var på Stend. Noko seinare tok han til med planting i Rådalen. Etter planlegging av forstmeister Giljersen tok han til å plante til eit område i Rådalen på omlag 20 dekar. Dei første plantane vart sette i 1869. Men plantinga vart øydelagde av beiting, sidan området ikkje var gjerda inn. Gjerde vart sett opp i 1873, men det heldt ikkje for sau — som gjekk ute heile vinteren. I 1875 vart sett opp nytt gjerde for heile Rådalen, ca. 50 dekar, og det vart planta 25.000 plantar i 1876 og 1877. Plantehola grov dei opp om hausten, så den sure jorda kunne ligge og lufte seg og fryse. 1877 vart såleis grave opp 15.000 plantehol omlag ein fot djupe og i tvermål. Dette var svært arbeidskrevjande plantemåte, men har og synt godt resultat. Wilson tok til med oppaling av skogsplantar. Etter meldinga i 1877—78 prikla dei det året 70.000 plantar, og hadde ca. 500.000 på frøsenger. Wilson heldt fram med skogplanting til 1884, men dei to



Kjempetre i Rådal 33 m høge — 6—7 m².

siste åra han var styrar, vart det ikkje planta noko. Frå 1885—89 vart det heller ikkje planta noko. Stendfjellet låg der framleis skogbert kring hundre-års skiftet, tilvaks med lyng og bråke. Skulestyrar Bernt Kløkk sende i 1898 søknad til skogdirektøren om kr. 600 i statstilskot til eit plantefelt på Stendfjellet. Forstkandidat *Kaurin* kom og såg på tilhøva. Han meinte at Stendadalen kunne høve for furuplanting, men elles måtte det nyttast buskfuru. Om planting på Stendfjellet skriv han at «det vil ikke være av noen synderlig økonomisk inter-



Ein sjeldsynt skogsveg. Tunnelen, som er 600 m lang, kan nyttast som skogsveg frå Stendfjellet.

esse, da den skog som der kan opelskes visstnok vil lade meget tilbake at ønske med hensyn til veksterlighet». . . «Skulle en tilplante den på Stendfjellet skikkende mark, måtte det nærmest være av skjønhets hensyn man innlot sig herpå.»

Likevel tok ein fatt på å skogkle Stendfjellet. Noko vart planta alt i 1898. Særleg i femårsbolken 1905—09 vart det planta mykje — kring 25.000 plantar kvart år. Og i 1916 var heile fjellet skogkledd. Det vart nytta born til plantingsarbeidet. Dei fekk noko ulik betaling, alt etter alderen. Timebetalinga i 1905 svinga frå 5 øre for dei yngste og opp til 14 øre timen for dei eldste borna.

Sjølv om dei ikkje hadde så lyse voner for plantingsarbeidet på Stendfjellet, har dette arbeidet vore vellykka, både estetisk og økonomisk. Gjennom åra har der vorte hogt mykje buskfuru til ved og ikkje lite furu til tømmer. Skogsbotnen har vorte betra, så mindre og mindre fjell stikk opp i dagen. Etter kvart ein har hogt snauflater, vart det planta gran i staden.

Denne oppstillinga syner kva som er planta i Stendskogen.

1867—69	5.700	plantar
1870—74	10.600	»
1875—79	41.700	»
1880—84	5.000	»
1885—89	0	»
1890—94	12.200	»
1895—99	16.000	»
1900—09	80.700	»
1905—09	119.500	»
1910—14	84.000	»
1916—19	36.300	»
1920—24	25.000	»
1925—29	43.000	»
1930—34	32.600	»
1935—39	16.000	»
1940—46	18.600	»
1947—52	25.000	»
1952—57	26.900	»
1957—62	33.950	»
1963	8.800	»
1964	8.775	»
1965	5.900	»

Det er i alt sett ut 656.225 plantar i Stendskogen fram til 1965.

Gjennom åra er det og bygt ikkje så lite skogsvegar for heste-køyring. Desse må no byggast om for traktorkøyring, og er ved sida av grøfting den næraste investeringsoppgåva i skogen. Det må også årleg plantast ut kring 10.000 plantar i staden for det som vert hogge. Myrane må og gjerast om til produktiv skog, og lauvskogen i Stupelia treng kultiverast.

Stendskogen har vore vyrdsla og stelt gjennom snart 100 år, og det er ein skog som har mykje lærerikt å syne fram. Det har og vore planta ymse treslag for å kunne vise elevane korleis dei høver, og kva eigenskapar dei har. I Stendadalen er såleis ei planting av *Abies grandis*, planta i 1932. Der er og ei planting av *Thuja plicata*, planta 1933. Like eins ei planting av *Tsuga heterophylla*. Ein finn og plantingar av

sitkagran og *edelgran* for utan vanleg gran, planta furu og sjølvsådd furu.

Vestlandets forstlige forsøksstasjon har mange forsøksflater i skogen, som gjev alle turvande opplysningar om vekst og kubikkmasse. I Rådalen står og ein av dei eldste plantingane av Wilson, som er over 90 år gamle. Der er kjempegranar som er opp til 33 m høge, og er 5—6 m³.

Skogen har vore stelt av kunnige forstfolk. Særleg må nemnast fylkesskogmeister A. Hødal, som var skogbrukslærer. i meir enn 40 år. Han var ikkje berre ein framifrå teoretisk lærar, men det var han som også stod for blinking og kulturarbeidet i skogen. Frå 1955 fekk ein tilsett skogbrukslærer i heilårsstilling, forstkandidat Kr. Bakkerud. Han slutta til jul 1956. Sidan 1. oktober 1957 har forstkandidat Sverre Osmo vore oventlærer i skogbruk, og har stude for all skogbruksopplæring både i teori og praksis ved skulen.

Attåt skogbrukslæraren har ein sidan 1949 hatt skogteknikar — som arbeidsformann og instruktør i skogbruket.

Stendskogen er ein mykje skiftande og interessant skog, som høver framifrå som undervisningsskog.

Han er eit levande prov på at det går an å skogkle Vestlandet, og at det løner seg godt.

BYGNINGANE

Då fylket tok over Stend, var bygningane i svært ring stand. Den gamle, vyrdelege hovudbygninga, som var bygd i 1681, var ringt vedlikehalden. Taket var utett, og det draup både her og der. På garden var elles mange slags hus, som heller ikkje stetta krava til ein landbruksskule. Alt før Wilson overtok stillinga som skulestyrar, hadde han arbeidt ut teikning til ny driftsbygning. Medan han var styrar på Mo jordbruksskule i Sunnfjord hadde han bygt ny uthusbygning, som har vore nytta der heilt fram til 1963 — altså i 100 år. Det vitnar om stort framsyn at Wilson plasserte den nye fjøs- og løebygninga på Stend slik at ein kunne få flat køyrebru frå tunet inn på søre løyenden, med romsleg høyrom over fjøslømen.

Men det var ei ulempe at fjøset vart ståande nede i ei «hole» — med lite og inkje sol frå sør og aust. Fylkeetinget gjorde vedtak i 1867 om å bygge ny driftsbygning, og løyvde 4.900 spd. til dette. Arbeidet vart sett i gang same året, og vart fullført i 1868. Den samla kostnad vart 5.977 spd. Arbeidet vart utført av N. J. Mjøs. Det var mange pengar dette, og ordførar Aga gjorde framleg om å spare sutak under steinen. Framlegget fekk 17 røyster.

Uthusbygninga var 52,5 alen lang og 22,5 alen brei. Det var rom til 9 hestar, 30 storfe og ein del sauer. Fjøset var tømmerfjøs. Det synt seg at fjøset slo seg, og veggen rotna utruleg fort. Knapt 30 år etter vart det difor mura teglsteinsmur til fjøsvegger.

Wilson synt stor aktivitet frå første stund. Alt første året vart det sett i gang større vølingsarbeid på dei ymse husa på garden. Frå juni til november 1866 vart desse arbeida utført:

Vøling av hovudbygning	974	spd.
Ombygging av tenarbygninga til verkstad og rom for snikkar, smed og fjøskar	700	>
Ombygging av steinfjøs til smie	256	>
Vøling av sjøbu og naust	161	>
Vøling av fjøs og løe	28	>
Vøling av gamle løa til vognskur, torv- og vedhus ..	40	>
<hr/>		
Til sammen	2.089	spd.

Det synt seg at vølingsarbeidet vart meir enn 700 spd. dyraren enn overslaget, og det som var løyvt til desse arbeida. Bygdevegen gjennom tunet vart og omlagd første vinteren for 80 spd., og veg kring husa for 50 spd. Hovudbygninga vart oljemåla i 1867 for 82 spd., og det vart innreia kjøken og spiskammers til økonomen for 202 spd., og då skreiv Wilson i årsmeldinga: «Husets reparasjon er nu fullført og huset forhåpentlig i sådan stand, at det ikke for fremtiden skal nødvendigjøre større uttellingjer»

Hovudbygninga gjorde teneste både som styrarbustad, skulebygning, internat og økonomibygning heilt fram til 1901. I 1876 og 1877 vart hovudbygninga vølt på nytt til ein kostnad av



Stend jordbruksskule. Nybygning 1952—57.
Internat, skulebygning, kontorbygning, kjøkenavdeling og gymnastikksal.

1090 spd. Det vart og bygt tak over køyrebrua og kosta tak over brunnen, tilsaman 100 spd. I 1877 vart bygt nytt stabbur for kr. 1880,—. Naustet, material- og vedhuset og sommarfjøset vart vølt for kr. 920,—. Same året vart eit lite hus i Vassbotnen reve ned, flutt og ombygt til snikkarbustad. Kostnaden vart kr. 739,—. Det vart og bygt eit lite hus på Gardkjeldemyr til klekkeri for fiskerogn. Willson søkte om løyving til å bygge surhåkjellar både i 1878 og -79, men søknaden vart avslegen. Han hadde køyrt fram 1000 lass stein til siloen. Endeleg i 1882 løyvde fylkeetinget kr. 810,— til surhåsilø. Siloen vart bygt i 1883 av Johannes Jakobsen Træland frå Lindås, men han laut få kr. 100,— som tillæggs-løyving. Denne siloen var mura av gråstein og hadde ei golvflate på 60 m². Seinare vart han bygd høgre, og var nytta heilt til 1961. Det er ein av dei aller eldste siloane i landet. Etter han vart bygd på i høgda, rømde han omlag 200 tonn silofor, og var venteleg største siloen i Noreg heilt til Landbrukshøgskulen bygde dei store siloane i den nye driftsbygninga i 1948. Siloen på Stend har visseleg gjort sitt til at det vert lagt ned meir silofor i Hordaland enn i nokon anna fylke i landet. I 1884 vart det bygt ny bustad til smedlæraren (ombygging av eit

eldre hus) for kr. 210,—, og det vart løyvt kr. 800,— til eit moldskur.

Wilson søkte allereide i 1880 om utviding av fjøset, som no hadde vorte for lite, men søknaden vart ikkje etterkomen.

Det synt seg at tømmerveggene i fjøset rotne utruleg fort. Like eins fjøshimlingen. Fjøset var så rote at det måtte stivast av provisorisk dei siste åra. Fyllkestinget løyvde kr. 5.500,— til hovudvøling av fjøset i 1894. Arbeidet vart utført i 1895. Det vart mura solide teglsteinsvegger, lagt ny fjøshimling og støypt fjøsgolv. Fjøset fekk ny innreiing med glasserte forkrybber. Murarbeidet var godt utført, og veggene er framleis i god stand og gjer teneste som reiskapshus og traktor-garasje. Det var landbruksingeniør Grimnes som arbeidde ut planen for ombygginga. Arbeidet vart gjort nest siste året skulestyrar Sandberg var på Stend. I samband med vølings-arbeidet vart fjøset utvida, med di eit rom som før hadde vore nytta som grishus, vart lagt til fjøset. Etter ombygginga fekk fjøset rom for 50 kyr og ein del kalvar.

Då Bernt Kløkk vart styrar i 1896, tok han straks til med byggeplanar. I 1897 løyvde fylkestinget kr. 2.500,— til ombygging av gjødselplassen på vestsida av fjøset. I 1899 løyvde fylket kr. 8.414 til tre bygningar: Verkstad, vedhus og vognskur. Dei vart bygde i 1900. I 1899 vart det vedteke å legge om kursskipnaden frå 2-års kurs til 1½-års kurs. Skulestyrar Kløkk hadde gjort framlegg om å bygge særskild skulebygning til kr. 31.000, styrarbustad til kr. 11.300 og økonomibygning til kr. 22 500. Desse planane vart endra av overstyret og fylkestinget, slik at alt vart samla i ein bygning. Bygninga var planlagt og teikna av arkitekt Fischer. Matsal og kjøken vart så plasert i kjellaren, og på den måten sparde dei særskild økonomi-bygning. Den store skulebygninga ruva stort i landskapet med tårn og spir og skorsteinar. Det var visstnok den største landbruksskulebygninga i landet då ho vart bygd. Der var styrarbustad i austre enden, 3 skulesalar, 20 elevrom, læremiddelsrom og kjøkenavdeling. Huset gjorde teneste frå 1901 til 1955. Byggesummen var kr. 52.086,—. Medrekna inventar og noko tilbygg seinare vart kostnaden kr. 58.400,—. I den stutte tida Teig var styrar 1901—05 vart det ikkje bygt noko på Stend. I skulestyrar Ritland si tid vart det



Rektorbustad. Bygd 1959.

utført nokså mykje byggearbeid, sjølv om siste ti-årsbolken var tronge kriseår for jordbruket, og for fylket. Nytt grishus vart bygt i 1908, og kosta kr. 5.900,—. Det var 12 bingar i huset. Det vart plassert heilt opp under fjellveggen på vestsida av fjøset. Der vart såleis svært ringe lystålhøve. Noko rått var det og frå fjellveggen, og kaldt frå betonggolvet på steinfylling med open gråsteinsmur i framkanten. Eit lite veksthus vart bygt i hagen same året. Det er venteleg eit av dei første veksthusa i Hordaland. Bustaden til snikkaren (på Kreklingen) vart utvida, og kosta på kr. 800,—. Sommaren 1913 var løe- og fjøsbygninga utvida mot nord. Sjølve fjøset vart forlengt 2,7 m mot nord. Heile fjøset vart såleis 32 m langt og 13 m breitt med plass til omlag 70 båsar og kalvebingar. På nordsida vart så bygt stall med ei grunnflate på 15,7 x 13,0 m og innreidd med 9 båsar og 5 bingar og særskildt rom for hesteselar og inventar. Under ein del av stallen vart støypt ein gjødselvasskum på ca. 100 m³. Over stallen var 6 m høyrom under køyrebrua. Frå stallen vart bygt ein vinkel mot aust med køyrebru, såleis at ein til vanleg køyrde inn frå sør og utatt i nord-austre vinkelen. Den gamle siloen og rotvekstromet

vart såleis bygt inn i denne fløyen. I første etasje var reiskapsrom, i andre etasje var innreia 5 rom for korn, frø og kraftfor. Skulen fekk no ei svært stor og romsleg driftsbygning. Tre-materialane vart skorpe på sag som ein hadde sett opp til dette føremålet, — og som vart dreven av bensinmotor. Den samla kostnad — medrekna flytting av stabburet kom på kr. 33,400,—.

Det vart eit stort omskifte då ein fekk elektrisk kraft til skulen i 1913, som vart installert i alle bygningar på skulen. Til saman 231 lyspærer. Dessutan vart montert ein transportabel elektrisk motor på 7½ hk. Heile elektriske anlegget, medrekna motor kosta kr. 4.570,—. Den gamle hovudbygninga gav rom for 2 familiebustader (for andrelærar og hagebrukslærar) bustad for husmor og tenarar og 6 elevrom. I skulebygninga var 20 elevrom, så i alt hadde skulen rom for 52 elevar i skulen sine bygningar.

Hausten 1916 vart bygt nytt meieri, avkjølingsrom og islager. Dessutan vart bygt eit moldskur. Til saman kosta det kr. 14.567,79. Ny lærarbustad vart bygt i 1918—19 ved Hordnesvegen, som kosta kr. 33.980,77. Ein ser at dyrtida skruva kostnaden i veret i slutten av første heimskrigen. Våren 1921 tok restaureringsarbeidet av den gamle hovudbygninga til. Arkitekt Tryti og dr. Lexow var konsulentar. Det vart eit omfattande arbeid, som var både vanskeleg og kostesamt. Fotografia syner og at eksteriøret vart brigda noko, med di det vart små møne-arker på loftet. Når dei innreidde arkrom på loftet i 1921, var det for å skaffe fleire elevrom på skulen. Restaureringsarbeidet vart vakkert utført, og det vart nytta svært god bordkledning på huset, med breie og tjukke bordkledningsbord. Restaureringsarbeidet kosta kr. 113.000,—. Dessutan vart bygt eit uthus i same stil, som kosta kr. 7.665,73. I 1925 vart bygt hønsehus til 150 verpehøns. Sauehus vart bygt i 1927. Skulen hadde framleis for lite elevrom. Difor melde kravet seg om meir internatplass. Arkitekt Tryti fekk i oppdrag å arbeide ut teikning til nytt internat, som og skulle gje rom for ein lærarbustad. Dette huset vart bygt i 1933, som var billigaste byggeåret etter første heimskrigen. Huset vart bygt i to etasjar med liggande 3" plankar. Der var plass til 25 elevrom, tomannsrom, og dessutan ein lærarbustad i første høgda i søre enden. Internatet vart bygt på Florstykket, og



Stall og fjøs ombygd til verkstad og reiskapshus — sett frå hagen.

kom såleis til å delle dette åkerstykket. Samla kostnad vart kr. 58.901,40. Dei fekk jamvel pengar til overs, så dei grov ut kjellar etter at huset vart bygt. Der er nemleg morenegrus under.


Det siste byggearbeidet som vart gjort før Ritland slutta som skulestyrar i 1935, var å bygge ein stor rund silo for A—I—V-fôr. 5 m diameter og 5 m høg. Han vart fullført etter at skulestyrar Lofthus tok over styrarstillinga. Det vart utført mykje vølingsarbeid av husa første året Lofthus var styrar 1935—36. Kjøkenet var det første som vart ominnreidd, og det vart kjøpt inn elektrisk kjøkenutstyr. Saghuset vart påbygt, og det vart bygt nytt materialhus nedan for saga. Huset til smedlæraren var heilt ombygt og utvida i 1936—37. Eit veksthus med fyrhus vart ferdig i 1943. Men krigsåra sette stopp for all byggeverksemd. Ein hadde hatt i tankane å modernisere skulen med ymse nybygg, men planane laut vente til så lenge. Dei første ettenkrigsåra var det og så store byggestriksjonar, at det var mest uråd å setje i gang større nybygging. Tyskarane hadde sette opp mange barakkar i krigsåra. Dei fleste av desse var murhus, og vart ståande. Den

eine av desse vart innreidd til smieverkstad, og teken i bruk hausten 1949. Kostnaden med dette var kr. 17.645,— noko innbu medrekna. Før var smia i kjellaren under snikkarverkstaden. Taka på dei ymse brakkeane vart vølt, så dei kunne tene som lagerrom. Ei av desse ved Stasjonsbygninga fekk Hordaland Landbruksmuseum overta som museumshus i 1949. Offiserbrakka vart vølt noko, og har seinare gjort teneste som bustad for hagebrukslæraren. Brakkeane på Smalhusbakken vart revne ned, og der vart bygt eit bustadhus. Det var meininga å nytte materialar frå tyskarane si kjøkenbrakke, men det vart for det meste nye materialar. Huset vart teikna av arkitektfirmaet Tongeir Alvsaker & Vaardal-Lunde. Det vart teke i bruk våren 1951 som styrbustad, og var nytta til dette føremål til ny styrbustad vart bygt i 1959. Huset kosta i alt omlag 70.000,—.

Skulestyrar Lofthus hadde arbeidd med byggeplanar i fleire år. Det var og ei vanleg meining mellom ordførarane at nybygging måtte til på Stend. Ein kan seie at saka hadde mogna, og møtte velvilje hjå styresmaktene. Arkitekt Tongeir Alvsaker hadde arbeidd ut ymse utkast. Det var meininga å plassere dei nye bygningane på Florstykket i nært samband med internatet der. Lærarrådet var ikkje samd i denne plasseringa, både av omsyn til den gode åkerjorda og av omsyn til heile tunskipnaden. Dei ville bygge der skulebygninga står — og nytte den gamle tunplassen. Det vart vedteke i lærarrådet 7. juli 1950, og dei fylkeskommunale styremaktene var samd i denne plasseringa.

*

Skulestyrar Asbjørn Øye tok over stillinga i april 1951. Det første vølingsarbeidet som vart sett i gang, var vaskeroma og tørkerom i internatet på Florstykket. Like eins vart alle elevromma måla. Så kom dei store byggearbeida. Fylkestinget gjorde 28. mai 1951 vedtak om å løyve kr. 990.000,— til første byggesteget på Stend. Det omfata såkalla økonomibygning, gymnastikksal og festsal, vestibyle og fyrhus. I kjellarhøgda i økonomibygninga er vaskekjellar, grovkjøken, bakeri, kjøle- og fryserom og turvande lagerrom. I første etasje er matsal, kjøken og gjestestove. I andre etasje er rom for husmor, kokke, kjøkenjenter og gjesterom. I søre luten har ein laga



Gamlefjøset ombygd til traktorgarasje og reiskapshus, — sett frå sør. Spylingsplan ved søre enden.

fire rom til ein liten familiebustad. Gymnastikk- og festsalen er bygd som ein fløy ut frå økonomibygninga, med ein romsleg vestibyle mellom. Festsalen er 19 m x 11 m, med romsleg scene. Ved sida av gymnastikk- og festsalen er avkleddningsrom, bad og lagerrom. Under gymnastikk- og festsalen er garderobe, toalettrom og ein demonstrasjonssal. Ein fekk bygge løyve hausten 1951, og arbeidet vart sett i gang i januar 1952. Det var arkitektfirmaet Tongeir Alvsaker & Vaardal-Lunde som var utførande arkitekt.

Heile skulekomplekset var planlagt i tre byggesteget. Første byggesteget er det som er nemnt ovan for. Det vart fullført i 1953, slik at det vart innvøgt 18. desember 1953. Andre byggesteget var nytt internat (elevheim) til 80 elevar, og vart bygt frå 1954—55, og tredje byggesteget rømer skulesalar, kontor, bibliotek o.m. Det vart bygt 1956—57. Det tok såleis 5½ år å fullføre skulekomplekset. Men ved å dele det opp i fleire byggesteget, vart det mogeleg å halde skulen gåande utan avbrot, sjølv om ein bygde oppatt på same staden som den gamle skulebygninga stod. Heile skulekomplekset har fått ein

konsentrasjon og eit indre samband som ein venteleg ikkje har maken til ved nokon jordbruksskule i landet.

*

For utan dei store byggearbeida vart det samstundes utført ikkje lite påkostnad på ymse bygningar på skulen. Den gamle smia under snikkarverkstaden vart i 1952 innreidd til kontor for Stend postopneri. For utan kontorrom er der eit lite lagerrom og W.C. Kostnaden vart kr. 12.500,—. Kjøkenet i ein lærarbustad vart sett i stand for kr. 5000,—. Husværet til hagebrukslæraren (offisersbrakka) vart og sett i betre stand. I 1953 vart det lagt inn W.C. i lærarbustadene i Fugladalen og på Kreklingen. Våren 1953 gjorde Hordaland fylkesting vedtak om å løyve kr. 840.000,— til nytt internat (elevheim). Det nye internatet har ei grunnflate på 558 m² i to fulle høgder med kjeller under. Der er 40 elevrom (to-mannsrom), elevstove, fritidsrom, badeavdeling, rom for arbeidsklær, sykkel- og skirom, reparasjonsrom og telefonvaktrom. På loftet har kvart elevrom sitt bagasjerom. Internatet har elektrisk oppvarming, og det er varmt og kaldt vatn på alle rom. Kvart rom har entre med vask og kleskåp.

Arbeidet med det nye internatet tok til våren 1954, men først måtte ein riva tredjeparten av skulebygninga — den nord-vestre enden for å gje rom for nybygget. I 1955 vart det innreidd familiebustad i andre høgda av internatet på Flonstykket (søre enden). Der vart laga til bad og klosett også i husværet i første etasjen. Kostnaden vart omlag kr. 30.000,—. I 1956 vart det laga til klosett og bad i dei tre husværa i den gamle hovudbygninga. Dessutan vart det sett inn doble glas. Kostnaden med dette vart kr. 30.000,—. Arbeidet med tredje byggesteget tok til sist i mai 1956, etter at den gamle skulebygninga vart seld til nedrivning. Arbeidet med nytt vassverk vart og fullført på førejulsvinteren 1956. Skulen hadde gjennom lange tider hatt for lite vatn. Og etter ein fekk vass-klosett auka vassforbruket til det mangedoble. Det var difor heilt naudsynt å bygge vassverk. Det vart støypt ein betongdam omlag på same staden som den gamle trekardammen Wilson bygde. Der vart køyrt ut 2—3000 m³ myrjord føreåt. Så vart det bygt pumpehus på dammen, og vatnet vart pumpa i 2" nøyrr opp til det gamle trykkbassenget, så



Frå maskinverkstaden.

ein har naturleg trykk på vatnet. Vassbassenget er omlag 5 dekar stort. Og det gjev rikeleg vatn i dei lengste tørke-bolkane. Men sidan vatnet står så mykje i ro, og det er noko myrlendt i kring, vert det noko myrsmak på vatnet, særleg i sommanstida og når isen vert liggjande i lange bolkar. Den samla kostnaden med vassverket vart kr. 115.633,61.

Tredje byggesteget vart fullført sommaren 1957, så det vart teke i bruk då skulen tok til 1. oktober. Det vart innvigt 21. nov. 1957. Dette byggesteget gjev rom for 4 skulesalar og 2 naturfagrom, 2 læremiddellrom, kontoravdeling med kontor for kasserar, rektor og 5 lærarkontor. I kjellarhøgda er innreidd vaktmeisterbustad under kontoravdelinga, bibliotekrom, leserom og lagerrom. Under skulesalane er ein maskindemonstrasjonssal.

Den samla byggekostnad med skulekomplekset

1. Byggesteg	kr. 1.178.060,49
2. Byggesteg	» 869.397,58
3. Byggesteg	» 826.379,37
	<hr/>
	kr. 2.873.837,44

Huset i Stendadalen var mykje til nedfalls. Dette vart sett i stand, og det vart lagt inn vatn frå skulen sitt vassverk. Det vart lagt plastleidning etter den nedlagde Osbanelina. Meininga var å nytte huset som bustad for ein gardsarbeidar. Kostnaden kom på ca. kr. 17.000,—. Ny rektorbygning vart bygd i 1959, og huset vart teke i bruk frå februar 1960. Samla kostnad medrekna kloakk og veg vart kr. 107.813,50.

Hordaland fylkesting løyvde våren 1960 kr. 550.000,— til nye driftsbygningar på Stend. Det var arbeidd ut teikningar av fylkesagr. Hans Dalen i samråd med rektor og lærarane. Fjøs, stall, sauehus og løe var i ei bygning, og grisehus og hønsesus i særskild bygning. Arbeidet kom i gang i august 1960 og vart fullført sommaren 1961, slik at dei vart tekne i bruk hausten 1961. Det var P. A. Skorpen frå Os som hadde grunnarbeidet, mur og puss på fjøs og løebygninga. Byggmeister Harald Nordvik, Stend hadde trearbeidet. Monrad og Kåre Viken, Blomsterdalen hadde grunnarbeid, mur og puss på grishuset, og byggmeister Bjarne Nyhammer hadde trearbeidet — hønsesuset i andre etasje.


Fjøset gjev rom til 36 mjølkekyr, 2 oksar og spedkalvar. Midt i huset er plassert 6 siloar med forsentrål i mellom. Og i nordre enden er ungfefjøs på remagolv med plass for 25 ungdyr. I same romet er plass for 45 sauer og 5 hestar. Dei ledige hestebåsane kan nyttast til andre husdyr. Ved inngangen til fjøset er romsleg mjølkerom, kjølerom og avkledningsrom. Bygninga er svært konsentrert og er fullt utnytta. Der er silokapasitet for 400 tonn silofoer. I kjellarhøgda er landkum i sørre enden, gjødselkjellar og rotvektkjellar. Ventilasjonen er ordna med elektriske vifter.

Det er releaser-mjølkeanlegg i fjøset, og mjølka vert kjøld ned til + 5° C.

Medrekna inventar og innreiing vart den samla kostnad:

Gris- og hønsesus	kr. 147.603,46
Fjøs, stall og løe	» 422.749,34
	<hr/>
	kr. 570.352,80

Våren 1962 gav Fylkesutvalet løyve til å rive den gamle løebygninga med på murane, og setje i gang ombygging til



Frå snikkarverkstaden.

maskinverkstader, reiskapshus og traktongarasje. Arbeidet og ombygginga var kostnadsrekna til kr. 163.400,—. Det var eit heller stort arbeid å rive den store driftsbygninga. Den gamle stallen vart ombygd til maskinverkstad. Fjøset vart nytta til reiskapsrom. Det vart reve ned 7 meter av fjøset i sørre enden, så ein kunne køyre rundt, og i gavllenden vart det traktor-garasje og handreiskapsrom. Det er tre vippeportar til traktor-garasjane, tre til reiskapsromet og ein til kvar av verkstadene. Andre høgda som er 2,8 m under rafta, vart bygd om til snikkarverkstad over stallen, og resten til lettare reiskapar. Der er og innreidd kornbingar. For å få stor nok høgde i reiskapsromet, vart fjøshimlingen løfta 40 cm, og det vart lagt ny himling, som ein ikkje hadde rekna med. Men den gamle var meir roten enn ein trudde føreåt. Det vart så lagt inn varmluftsanlegg i verkstadene.

Den samla kostnad vart:

Byggekostnad og arbeidskostnader	kr. 171.063,49
Varmluftsanlegget	» 8.500,—
	<hr/>
Till saman	kr. 179.563,49

Medrekna i denne byggesummen er og støypt betongplate over den gamle siloen som Wilson bygde i 1883, og støypt plate over det gamle rotvekstromet. Den gamle siloen gjer no teneste som grønsakkjellar, med di ein har eit jordlag — grasplen — over den støypte plata. På den måten vert det teke vare på den gamle siloen, samstundes som han kjem til full nytte som «jordkjellar». Ved søre enden av reiskapsromet er laga til spylingsplattning, som er medrekna i kostnads-summen. Ved denne ombygginga av den gamle fjøs- og løe-bygninga har ei fått samla både maskin- og snikkarverkstaden og alle maskinane og reiskapane på same staden. Det er ein stor føremon, som lettar vedlikehaldet og tilsynet av maskin-parken.

Ny sag og nytt ved- og materialhus.

Den gamle saga vart reven ned då ein bygde ny drifts-bygning. Gjennom mange år hadde ein sett av pengar til ny sag, ved- og materialhus over driftsbudsjettet. Fleire byggestader vart drøfta. Og til sist vart det avgjort å bygge desse husa på kulturbeitestykket på Søre Pålabøen, ved Hordnesvegen. Det vart eit heller stort sprengings- og planeringsarbeid for å få skikkeleg velteplass og lagerplass og tuft til sag. Arbeidet vart utført hausten 1963 det som galdt sprengnings-arbeid og grunnarbeid. Husa vart sett opp våren 1964. Det vart kjøpt inn enkelt sagutstyr frå firmaet A/S Heramb Støperi & Mek. Verksted, Elverum. Ved- og materialhuset vart bygt med Moelven laminerte bogar, noko som gjev romsleg lagerplass utan stolpar. Huset er 25,2 m x 8,0 m. Saghuset er 18 m x 6,5 m. Då arbeidet tok til, hadde ein kr. 119.762,35 til rådvelde for desse byggearbeida, og det gjekk med.

Samla byggekostnader frå 1952—1966.

1. Skulekomplekset	kr. 2.873.837,44
2. Nytt vassverk	» 115.633,61
3. Ny rektorbustad	» 107.813,50
4. Gris- og hønsarhus	» 147.603,46
5. Fjøs, løe, stall og sauehus	» 422.749,34
6. Verkstader, materialhus, grønsakkjellar	» 179.563,49
7. Ny sag, material- og vedhus	» 119.762,35

I alt kr. 3.966.963,19

Av denne summen er sag, material- og vedhus avsett over gardsdrifta — av overskotet. Det same gjeld kr. 79.150,— av kostnadene til ombygging av den gamle driftsbygninga til verkstader og reiskapshus. Dei andre kostnader er løyvt av Hordaland fylke beinveges.

OKKUPASJONSÅRA PÅ STEND

ved Joh. L. Lofthus

Den 9. april 1940 kom sjokket. Vi vakna av kanonskot. Og når vi såg ut gjennom glaset og ut over Fanafjorden, forstod vi straks kva som var tess. Langt ute i Krossfjorden såg vi fly og hørde skyting. Sjølvlysande prosjektil eksploderte rundt flya. Om det var engelske, tyske eller norske fly, visste vi sjølv sagt ikkje. Dette var tidleg om morgonen, — lenge før dawning. Det var forvirring, og alle stod opp.

Det hadde nett vore avslutningseksamen, så avgangsklassen var reist heim. Difor var det ikkje så mange att på skulen. Så snart det vart dag, tok det til å strøyme folk frå byen, for dit var tyskarane komne, og hadde teke dei fleste offentlege bygningane. Evakueringsplanane gjekk helst ut på å sende folket inn over landet — til Hardanger. Dei hadde visst ikkje tenkt på dei næraste bygdene. Ingen var difor budd på å ta mot byfolk. Men det var just Fana som fekk tyngda av dei evakuerte.

Klokka 6 om morgonen kom bilar med folk på alle vegar, og på ei lita stund var det flutt folk inn på alle ledige rom i hovudbygninga. Også skulesalane måtte hyse mange. Dei første spurde om lov, men ut over dagen miste ein heilt oversynet. Etter eit par dagar måtte vi setje opp liste i gangen, med oppmoding om at dei måtte skrive namnet sitt. Til oss privat kom fru Manshaus, gift med flygaren — seinare general Manshaus. Dei hadde med eit spebarn og foreldra til fru Manshaus, tidlegare kommandør Johansen og frua. Dei fekk bestestova og eit rom til, og budde der eit halvår.

På den andre sida var det dei som evakuerte Stend for å kome til ein «tryggare» stad. Verst var det for fru hage-

brukslærer Tveito som skulle reise heim til Ulvik. Dei kom dit nett då Ulvik vart bomba og skote i brann.

Alt den 9. april såg vi dei første tyske soldatane som smaug seg fram ved sida av vegen. Dei norske militære fekk vi og kjenning med første dagen. I sju-tida om morgonen kom ei liten avdeling soldatar frå Ulven med eit par hestar og ammunisjonskassar på veg til Nesttun. Om kvelden kom ei liten avdeling tren og bad om høy til hestane. Dei var på tilbaketog og skulle inn over Langedalen. Dei fekk høy, og for vidare om natta.

Dagen etter såg vi fleire av elevane som hadde slutta skulen nokre dagar før. Dei for forbi med ski og ryggsekk og skulle prøve å ta seg fram til Voss og slutte seg til avdelingane der.

Nokre av dei attverande elevane orda og fram på og ville melde seg friviljug. Eg rådde dei til å samrå seg med foreldra sine om det. På skulen tok vi til med våronna, og vi freista å drive skulen som vanleg. Vi rekna med at jamt dagleg arbeid var det beste for elevane og alle saman. Også dei evakuerte som budde på skulen, fall etter kvart til ro. Mennene kom seg til byen og tok oppatt arbeidet. Dei sa etterpå at dei var takksame for at skulen sine folk tok det så roleg. På den måten kjende dei seg meir trygge og rolege.

Ein vakker dag kom det rekvisisjon på det nye internatet på Florstykke, og tyskarane flutte inn. Dei første tyskarane som kom var eit kompani infanteristar, som ein lyt seie var vel disiplinerte og oppførde seg skikkeleg. Dei var såleis varsame og ikkje trakka på plenane, og dei betalte jamvel husleige, kr. 1000,— pr. md. dei første 7 månadene. Hagebrukslæraren, som budde i huset, måtte flytte til Hordnes. Internatet vart så ledig ei stund, og vi måla golva etter tyskarane, som hadde slipte det stygt. Men målinga var ikkje for vel tørr, så kom eit nytt kompani. Tveito hadde flutt innatt, men måtte no flytte på nytt, og måtte ta till takke med huset i Stendadalen.

No tok tyskarane til å bygge sjølve. Dei bygde to store mamnskapsbrakker på Smalhusbakken, og ei kjøkenbarakke med matsal og bad. Elles bygde dei 8 barakker kring jarnvegstasjonen og medover. Det var ei transportavdeling som var komen, og difor vart det mange garasjer. Den store garasjen

som Hordaland Landbruksmuseum har fått hand om, gav såleis plass til ein-manns torpedorbåtar med understell. Desse stod der under heile krigen. Siste natta (7 mai 1945) vart dei køyrde ned til Stendkaien, skuva på sjøen og skotne i senk. (Somme vart fiska oppatt av norske militære seinare).

Ut gjennom krigsåra vart det laga til ei mengd «motstandsreir» og skyttargraver kring om på eigedomen, skyteholer og mitraljøseneir i fjellet. Dei tyske soldatane vart skifte ut mange gonger. Og etter kvart tykte vi det vart folk av eit mindre kutivert slag. Dei vart strengare med å handheve restriksjonane etter kvart, og vanskelegare å ha med å gjere.

Området dei hadde bygt barakkar på, vart innegjerda. Gjerdet gjekk litt ovanfor Titlestadskiftet (Smiedammen), og fylgde på sørsida av vegen opp gjennom skogen til L. Tøsdal (posthuset). Vi måtte såleis lage ein gangsti på sørsida av Smiedammen til Tøsdal. Posthuset fekk vere i fred lenge. Men så tok dei det og. Dei skulle ha det til vaktmannshus. Postopneriet vart så flutt til eit elevrom i hovudbygninga.

Den gamle stasjonsbygninga tok tyskarane utan vidare til vaktmannskap og «kakebu».

Ei stor plage stødt og stendig var blendinga. Det var eit stort arbeid å lage tette blendingsgardin, som var laga av svart papir. Gardinane hadde lag å sprike litt, så ei ljostripe kom til syne. Verst var det når gardinane ikkje var dregne ned. Og det hende ofte på elevrom. Rett som det var skruva elevane på ljuset i skyvinga, og så for dei ut utan å dra ned blendingsgardinet. Særleg i uthusa var det vanskeleg, for veggene var ikkje tette nok heller. Tyskarane var ofte misnøgde med blendinga. Vaktene for ofte rundt husa og såg etter. Såg dei noko som ikkje var i orden, så skreik og brøla dei, og truga med å skyte inn glaset. Det hende at dei kasta stein gjennom glaset for å råka lyspæra.

Det var sjølvstekt vanskeleg å halde skulen i gang med så mange tyskarar tett inn på oss, og med ein stor elevflokk på over hundre elevar. Den verste terrorhandlinga var ein dag tyskarane fann ein sjablon utskonen av papp, med bokstavane H7. (Håkon VII). Tyskarane vart rasande. Dei kom stormande og stillte seg opp med gevær, medan nokre kom trampande inn. Somme kom til meg, og andre rende kring i

gangane. Våre folk hadde fornerma dei ved å rive med plakatar og enno meir med å slå opp initialane til Kongen. Dei som hadde gjort det, skulle straffast. Eg kunne ikkje seie kven det var som hadde gjort det. Men straks etter kom nokre soldatar med restane av den papp-plata det var skore ut av. Det hadde dei funne på eit elevrom. Alle elevane skulle kallast saman på tunet. Nokre var ute og mjølka på beitet. Tyskarane for dit og jaga dei heimatt. Mjølkk og mjølkebøtte vart ståande att. Elevane måtte springe alt dei vann med tyskarane i helane på seg. Så vart dei stillte opp, og tollken spurde kven som hadde gjort det. Det var nok fleire som hadde vore med, — og dei melde seg straks alle saman. Dette var nok og det beste, for det vart lite å brøle for. Etterforskinga vart ikkje nokon særleg bragd, og den utskjellinga som løytnanten sikkert hadde etla seg til med, vart det lite av.

Så vart dei skuldige kommanderte opp i tyskarleiren, og der vart dei truga til straffe-eksersis, som var svært hard. Dei vart kommanderte opp på murar og vedlød, opp og ned — opp og ned. Dei måtte krype og åle seg fram på marka i skiten. Dei vart herja med — så dei ikkje vann stort meir. Dermed slapp dei, og fekk ordre om å vaske seg og skifte.

Etterpå gjekk det ville rykte om korleis elevane hadde vorte hundsa. Dagen etter råka eg ein mann frå Saganes som hadde høyrte at somme elevar var skamfårne så mykje at nyra hadde losna. Ein mann frå Krokseide hadde høyrte ein elev var slegen slik at han døydde av medfarten.

Første månadane av okkupasjonen var styresmaktene våre intakte. Fylkesmannen var Gjert Lindebrekke. Men i september 1940 oventok som kjent Quisling som rikssjef, og i kvart fylke skulle det skipast eit såkalla landbruksråd, som skulle ta seg av landbruksinstitusjonane, t.d. Landbruksselskapet og landbruksskulane. Lars. L. Undeland frå Ulvik vart formann. Elles var dei andre medlemene jordbrukarar i fylket med heller liten tåme i offentleg administrasjon. Dei første som vart oppnemnde trekte seg, den eine etter den andre. Landbruksrådet gjonde svært liten nytte for seg. Dei fylgde oftast innstillinga frå fagfolk, t.d. landbrukssekretæren eller skulestyrar. Men av og til hende det at dei ville hevde seg, særleg når dei kunne finne ein viss samanheng med partiet. Såleis la

dei seg ein gong bort i opptaking av elevar, slik at vi måtte gje nokre studentar bod om at dei ikkje kunne få plass, sjølv om dei hadde fått melding før at dei var opptekne. Etter at Lindebrekke måtte slutte, vart Astrup sett i staden. Han var stor jordbrukar i Solør, og hadde noko vet på jordbruk — om ikkje nett på vestlandsk jordbruk. Ein gong kom han til Stend og ville halde foredrag for elevane, og eg sa at vi skulle halde til på store skulesalen. Somme elevar gjekk til roma sine, og andre stakk seg unna elles. Det var nokså pinleg for meg, for det såg ut som eg ikkje kunne halde disiplin. Men pinlegare var det andsynes elevane. Det kunne sjå ut som eg la eit visst press på dei. Det var i alle høve så stort skoft at fylkesføraren såg det. Og då ein elev flira under foredraget — visstnok av ein annan ting — vart Astrup sint og glefste i at førebels var det han som hadde ordet. Då han kom nedatt i stova mi, spurde han om alle elvane var til stades. På dette måtte eg svare som sant var, at det var dei ikkje. Slikt måtte ikkje hende oppatt, sa han.

Astrup var noko interressert i jordbruk. 1941 og særleg 1942 var regnfulle år. Vi hadde og ringt med hestehjelp. Åkrane såg difor ringt ut. Jamvel Storåkeren stod i vatn. Han tykte det var dårleg jordbruksdrift. Sidan det var ringt med kraftfor og mykje slit for dei fåe hestane, var dei skrinne. Astrup ville vi skulle tilsetje «stallmeister». Men vi var ikkje retteleg med på det. Vi meinte at vi nok skulle greie like godt å fore hestane, som ein framand stallkar. Det var mest spørsmål om for. Han var og misnøgd med buskapen og mjølkemengda på fjøset. Vi hadde nylig hatt kalvekasting, og hadde ikkje fått bygd oppatt buskapen. Attåt kom vanskaner med for og kraftfor. På eit samrådingmøte på fylkeskontoret vart det vedteke at skulen skulle få kr. 20.000 ekstra til kjøp av gode dyr frå Jæren.

I krigsåra vart skulen pålagt å ha mykje open åker — nesten 150 dekar på det meste. Potetarealet var stont. Like eins rotvokstrar og korn. Dette skapa mykje arbeid for folk og hestar, og ymse praktiske vanskar på den grunnlende jorda. Men alt i alt gav jordbruket bra økonomisk resultat desse åra.

Det var store vanskar med matforsyninga i krigsåra. Både elevane og vi andre fekk mykje med skuma mjølk og bra

med nysila mjølk. Men det ein ikkje dyrka på garden, vart det helst lite av. Den store elevflokken med gutar i den mest matglade alderen, kunne ikkje greie seg med rasjonane, så vi måtte prøve å få noko attåt. Det var heldig at det var godt sildefiske. Og når det kom sildelastar inn til Hordnes, strøynde bygdefolk til. Mangt eit hestelass sild vart køyrd kring om i bygda. Men så vart dette og forbode. Fiskarane skulle ikke få lov å selje slik beinveges til forbrukarane.

Men fiskarane laga det slik at det vart «spill» av sild under lossinga, og der kunne folk forsyne seg. Vi tok med nokre sekker hovudkål som betaling for silda, og på den måten fekk vi rikeleg sild, som vi salta i tunner. Poteter hadde vi og rikeleg av. Like eins skuma mjølk. Difor gjekk det mykje på sild, poteter og mjølk. Det var ikkje nett ein matsetel som ville falle i smaken. Men ein høyrde lite klage på maten desse vanskelege okkupasjonsåra. Ei tid var det minst eit sildemål om dagen. Og med opp mot 1 kg poteter til manns dagleg kom vi gjennom det. Vi såg at arbeidsfolk som arbeidde for tyskarane at dei stundom ikkje hadde med seg annan mat enn ei salt sild, så vi hadde det trass alt bra med mat. Folk var i alle høve friske, og borna hadde betre tenner enn både før og seinare.

Kom det folk til gards, var det uråd å vere like «gjestfri» som vanleg. Hadde dei ikkje kort med seg, ville det gå ut over elevane. Fram på ettervinteren 1945 var det lett å skjønne at det bar mot slutten av krigen. Den 5. mai frettest det at Danmark var fritt. No var det berre spørsmål om timar.

Den 7. mai ringde Trygve Vikøren til meg at vi måtte kome ned til Svendrup. Der var mange vener og kjenningar samla. Eit radioapparat stod på bordet, så ein kunne fylgje med. Det var stor glede og optimisme, men og spaning for kva mongondagen ville føre med seg. Vi la merke til at det var stor aktivitet i tyskarleiren — og ut over kvelden køyrde dei ustansleg ned til sjøen.

Ut på dagen vart det opplyst som sikkert at kapitulasjonen var eit faktum. Somme av oss var samla hjå Bleiklie, og der vart laga bål av blendingsgardin. På jordbruksskulen vart sett på lys over alt — utan blendingsgardin. Og det var eit festleg syn etter mange års mørketid og uvisse.

Dagen etter — den 8. mai — kom eit lite folketog frå Hordnes og slo ring rundt flaggstonga med det blakrande norske flagget på toppen.

*


Mangt måtte ordnast før alle tyskarane i landet — kring 400.000 — kunne sendast attende til Tyskland. På Stend måtte dei rive ned piggrådsperringane, ta opp minefeltet på Eikevollen og rydje opp etter seg. For å sysselsetje soldatane skulle dei og ta grøfter i skogen vestan for Pålamyra. Vi kjøpte 20—30 spadar, og soldatane marsjerte i veg. Men i det varme veret, vart det ikkje mykje gjort. Dei sat mest på grøftekanten. Ein meter grøft til manns dagleg var prestasjonen. Skulen fekk kjøpe dei fleste brakkeene etter tyskarane. Kommandantbrakka vart vølt, og seinare nytta som bustad for hagebrukslæraren, ei barakke vart bygd om til smie, og den største fekk Hordaland Landbruksmuseum hand om. Også dei andre har vorte nytta som lagerplass.

Både desse og mange av skyttargravene og mitraljøsereira fortel enno om dei fem okkupasjonsåra — visseleg dei vanskelegaste og mest spanande åra i Stend jordbruksskule si søge.


ELEVLAGSARBEID

Gjennom alle skuleår har det vore elevlag og elevlagsarbeid. Elevlaget har hatt eit styre, eit for vintershalvåret og eit for sommarhalvåret. Fram til siste heimskrigen var det vanleg med elevlagsmøte anna kvar veke, oftast laurdagskveldane. På desse møta hadde ein ordskippe, lagsbladet «Frihug», opplesing og stundom foredrag. Elevlaget stod og for tilskipinga av dei tradisjonelle festane. To festar på førjulsvinteren og to festar på etterjulsvinteren. Dessutan var det St. Hans fest, og stundom vart det halde fest på skulen 17. mai.

I ettenkrigsåra har det vore vanskelegare å drive vanleg elevarbeid. Radio, kino og dei siste åra T.V. fangar meir interesse, og det er lettare å berre ta i mot enn sjølv å vere med å yte noko.



Gymnastikktime 1965.



Vinnarlaget i Volleyball 1965.

Det har helst vorte berre med dei vanlege festane. Og så har ein skipa till huslydskveldar, der ein av lærarane leier samkoma, og elevane hjelper til med programmet. På desse kveldane samlast alle på skulen og skulegarden.

Ein har og hatt eit lite songkor mellom elevane frå 1957—64. Mellom så mange ungdomar skulle det vere mange nok til eit songkor.

Somme år har elevane synt fram spelstykke. Noko idrett har det og vore mellom elevane, litt friidrett — men helst fotball sommarhalvåret.

Dei har og skipa til tevlingar mellom Fana folkehøgskule og Stend jordbruksskule, både i fotball og i laup.

Eit par tevlingar i skirenn har det og vorte halde med elevane på Voss jordbruksskule. Men vilkåra for skiidrett er ikkje gode på Stend, lite snø som det er dei fleste vintrane.

Hausten 1964 tok mange av elevane idrettsmerket, og vinteren 1965 vart det skipa idrettslag med 56 medlemmer.

Ein ser det som ei positiv oppgåve å aktivisere elevane i ymse slags lagsarbeid i fritida.

STEND AGRONOMLAG

Agronomane frå Stend har funne sitt arbeidsfelt kring om i Hordaland — og mykje vidare. Mange har reist til Austlandet og praktisert som gardsstyrarar, og somme har kjøpt seg gard. Mange Stend-agronomar har og gjort seg sterkt gjeldande i kommunestyre og innan bøndene sine samskipnader. Somme år har tredjeparten av ordførarane på Fylkestinget vore Stend-agronomar. Ikkje få har vore stortingsmenn.

Men Stendagronomane hadde ikkje noko lag som bindelekk til skulen før i 1919. Då vart Stend agronomlag skipa, den 24. juni 1919.

Det var agronom *Lars S. Spildo* som gjorde opptaket. Han arbeidde også ut framlegg til lover, som vart vedtekne.

Spildo har seinare vunne eit landskjent namn innan norsk landbruk og landbruksforskning. Han har doktorgraden i landbruksvitskap, han har mange år vore formann i den norske avdeling av Nordiske landbruksforskeres forening, direktør i Felleskjøpet o.m.

Fylkesagr. *Johan Askeland* var første formannen i agronomlaget. Dei andre som var styrelemer i første styret var lensmann Bratteteig, nestformann, Sigurd Liland, Lars S. Spildo kassastyrar og A. K. Møen. Askeland var formann i laget til 1924.

Så var landbrukslærer *Johan Byrkjeland* formann frå 1924—28. Der etter var Landbrukslærer *Henry Oma* formann frå 1928—1947.

Det vart til vanleg halde agronomstemne anna kvart år, stundom kvart år. Medan krigen varde vart det ikkje halde agronomstemne. Men etter frigjeringa vart det atter skipa til stemne.

Landbrukssekretær *O. H. Bjørkhaug* var formann frå 1947—52, og sidan den tid har det vorte halde årvisse stemne i august. Jordstyresekretær *Nils N. Kleppe*, Kleppestø var formann 1952—55.

Bonde *Nils H. Liland*, Blomsterdalen var formann 1955—58, men bonde *Ørjan Grinde* var fungenrande formann medan Liland var på Austlandet.

Heradsagronom *Arne Vik*, Nesttun var formann 1958 til 1964. Bonde *Hallvard Mildestveit*, Stend, vart vald til formann i agronomlaget i 1964.

Stend agronomlag har skipa til årvisse agronomstemne i august i alle etterkrigsåra, og det har vore godt frammøte. 50-års jublantane har vorte særskildt innbedne, og alle som har hatt høve til det, har møtt opp. Dei siste åra har også 25-års jublantane vorte bedne til stemna. Agronomlaget og agronomstemna er ein verdfull bindelekk mellom skulen og dei gamle elevane. Meldingsbladet «Agronomen» kjem ut i 1000 ekspl. 4 gonger for året. Dei som betalar kr. 5,— pr. år for «Agronomen» er medlem av laget. Henry Oma var bladstyrar av Agronomen første åra. Så var skulestyrar Lofthus bladstyrar nokre år. Og sidan 1960 har Asbjørn Øye vore bladstyrar.

ELEVAR FRÅ ISLAND OG FÆRØYANE

Frå Island

Ned gjennom åra har det vore mange elevar frå øyane i vesterhavet. Mange av islendingane som har gått på Stend, kom til å setje varande merke etter seg i islandsk jordbruk. Somme av dei gjekk Landbohøjskollen i København og fekk viktige stillingar som jordbrukstenestemenn i heimlandet, som landbruksskulestyrarar og jamvel landbruksdirektør.

1. Olafur Bjarnarson elev på Stend 1867—69, bonde på Nordvest Island.
2. Sveinn Sveinnson, 1869—72, landbruksskulestyrar på Hvanneyri.
3. Jonas Eiriksson, 1875—77, landbruksskulestyrar på Eidar.
4. Guttormur Vigfusson, 1875—78, landbruksskulestyrar på Eidar, alltingsmann.
5. Halldor Jonsson, 1875—78, ondførar i 32 år, bonde og føregangsmann.
6. Bogi Helgason, 1877—79, bonde.
7. Olafur Olafsson, 1877—79, bonde og konsulent, føregangsmann for samyrket.
8. Josef Björnsson, 1877—79, landbruksskulestyrar på Holar.
9. Bjørn Bjarnarson, 1878—80, konsulent og bonde, døydd 1951, 95 år gamal.
10. Halldor Páll Joakimsson, 1879—80, bonde og føregangsmann.
11. Eggert Finnsson, 1880—82, bonde og føregangsmann for silofor.
12. Sigurdur Sigurdsson, 1896—98, landbruksskulestyrar på Holar, landbruksdirektør, gjorde opptaket til å skipe det Islandske skogselskapet.
13. Vigfus Helgason, 1916—18, landbrukslærer på Holar.
14. Kjartan Helgason, 1954—56.
15. Halldor Valgeirsson, 1956—58.

Frå Færøyane:

Frå Færøyane har ein hatt mest like mange elevar som frå Island. I jubileumsåret går ut som agronom Páll Sverri Patursson, som er fjerde generasjon som Stendagronom, med

di både oldefaren, bestefaren og faren har vore elevar på Stend. Oldefaren, kongsbonde Joannes Patursson, var og norsk landbrukskandidat, og hovding for sjølvstendepartiet.

1. Joannes Patursson, 1882—84, kongsbonde, landbrukskandidat og politisk førar.
2. Peder Patursson, 1886—88, arbeidde i Canada.
3. Hans Jacob Olsen, 1908—10, gjekk Norges Landbrukshøgskule.
4. Jens Chr. Djuurhus, 1910—12, bonde i Kollefjordur.
5. Liggjas Husgard, 1912—14, jordskifte kandidat frå Ås, jordskiftemann.
6. Páll Patursson, 1913—15, Voss folkehøgskule, kongsbonde i Kirkjubø.
7. Johannes Danielson, 1913—14, kongsbonde.
8. Patur à Heggum, 1914—16, bonde.
9. Sjurdur Patursson, 1919—21, sauavilskonsulent.
10. Niels P. à Steinum, 1928—30, bonde.
11. Joannes Patursson, 1938—40, kongsbonde i Kirkjubø.
12. Viljalmur Patursson, 1940—42, bonde ved Torshamn.
13. Páll Sverri Patursson, 1964—66.

FORMENN I STYRET FOR STEND JORDBRUKSSKULE

Frå skulen kom i gang i 1866 og fram til 1900 heitte styret offisielt «overbestyrelse». Etter den tid vart det berre *styre*. Amtmannen — seinare fylkesmannen — var sjølvskreven formann i styret fram til 1936.

Det har i alt vore 13 formenn gjennom desse hundre åra.

Amtmann Hans Thomas Meinich

Han vart fødd i 1819, son til futen Jens Christian Meinich i Hadeland, Land og Valdres. Han vart amtmann i Søndre Bergenhus amt i 1860. Frå 1869 vart han amtmann i Kristians amt (Oppland) til han døydde i 1878. Han var stortingsmann frå



*Amtmann Hans Thomas
Meinich.*



Amtmann Niels Mathias Rye.

Oppland i 1857 og 1858 og medlem av unionskomiteen av 1865. Formann i hovudmatrikkelkommissjonen 1872—78 og i Søndre Bergenhus amts landhusholdningsselskap frå 1860—69.

Han var formann i styret for Stend jordbruksskule frå 1866—69. Han var mykje interessert i jordbruket og alt som kunne tene til framhjelp av dette. Han la ned eit stort og dugande arbeid for å reise fylket sin eigen skule på Stend.

Amtmann Niels Mathias Rye

vart fødd i Telemark i 1824, son til oberstløytnant Johan Mathias Rye. Han tok juridisk embetseksamen i 1846, han var amtmann i Søndre Bergenhus amt frå 1869—77, då han vart amtmann i Buskerud. Frå 1880 til 1905 var han amtmann i Kristiania. I 1877—78 var han formann i den kgl. kommisjon for abnormskolevesenet, og var stortingsmann frå Bergen 1877—79. Kst. statsråd og statsminister 1884. Han var formann i styret for Landbruksskulen dei åra han var amtmann i Søndre Bergenhus. Han døydde 6. febr. 1905.

Amtmann Claus N. Worsøe

vart fødd i Bengen 1822, son til premierløytnant — seinare oventollbetjent W. A. Worsøe. Han vart cand. jur. i 1847. Etter



Amtmann Claus N. Worsøe.



Stiftsamt Hroar Olsen.

å hatt ymse stillingar, vart han amtmann i Nordland i 1887 og vart amtmann i Søndre Bergenhus amt i 1878 til han søkte avskil i 1897, og døydde i Oslo 1906. Han var formann i styret i Landhusholdningsselskapet frå 1880 til 1897, og var formann i styret for Stend jordbruksskule heile tida han var amtmann. Han var mykje interessert i framhjelp av jordbruket, og synte stor interesse og velvilje for jordbruksskulen.

Stiftsamtmann Hroar Olsen

vart fødd i Trondheim i 1859, son til marinekaptein Hjalmar Olsen. Han vart cand. jur. i 1882. Han var kst. amtmann i Smålene i 1888—89, då han vart ekspedisjonssjef i indredepartementet. I 1898 vart han amtmann i Søndre Bergenhus amt — stiftsamtmann frå 1907. Frå 1919 vart han stiftsamtmann i Oslo, og tok avskil i 1928. Han døydde 12/7 1945. Han var medlem og formann i ei mengd utval og styre, og var kjend som ein sær s dugande administrator og embetsmann. Utan om sine embetsplikter fekk han og tid til å dyrke sine kunst- og kulturinteresser.

Han var formann i styret for Stend landbruksskule heile tida han var amtmann i Bergen og Hordaland — frå 1898—1918.



Fylkesmann
K. Friis-Petersen



Gjert Lindebrække

Fylkesmann K. Friis-Petersen

vart fødd i Namsos i 1867. Han var sorenskrivar i Nordre Sunnmøre, var stortingsmann frå Mørebyane frå 1906—14. President og visepresident i Odelstinget 1913—14. Statsråd 1914—19. Fylkesmann i Bergen og Hordaland 1919—1928, då han vart sjuk og døydde i 1932. Han var formann i styret for Stend jordbruksskule heile tida han var fylkesmann frå 1919—28.

Fylkesmann Ernst Andreas Johannesen

vart fødd i Bergen 1870. Cand. jur. 1892. Sorenskrivarfullmekt. i Nordfjord 1893—95. Frå 1896—1909 tilsett i justisdepartementet. Assessor i Bergen byrett 1909—18. Justitiarius i same rett 1921. Fylkesmann i Hordaland 1928—33, då han vart fylkesmann i Østfold. Formann i styret for Stend 1928—33.

Fylkesmann Gjert Lindebrække

vart fødd 25. april 1879 i Ulvik, son til kyrkjesonar Hans Lindebrække. Han vart cand. jur. i 1905, domarfullmekt i 1906, kst. sorenskrivar 1908, advokatfullmektig. Administrerande direktør i Hardanger-Sunnhordlandske D/S. Fylkesmann i Bergen og Hordaland 1933—1949. Han var form. adm. Hypotek-

bankens kontor i Bergen frå 1945. Var styreformann i Hermetikkfabrikkenes Sildesentral A/S frå 1937. Han var kommandør av St. Olavs Orden. Han døydde i 1960. Fylkesmann Lindebrekke var formann i styret for Stend jordbruksskule frå 1934—36.

Godseigar Wilhelm Mohr

var den første formannen i styret som ikkje var embetsmann. Han vart oppnemnd som styremedlem frå sept. 1933 til mars 1934 — i tidsbolken mellom fylkesmann Johannesen og Lindebrekke.

Så vart han oppnemnd av Landbruksdepartementet som styremedlem i 1936, — og vart vald til formann i styret. Styret laut slutte 1. november 1941, — då det såkalla Landbruksrådet fungerte som styre for skulen.

Ved frigjeringa 8. mai 1945 vart det gamle styret sett inn att, og Mohr heldt fram som formann i styret til 1949.

Wilhelm Mohr har såleis vore formann i styret omlag i 10 år. Wilhelm Mohr er fødd på Storetveit i Fana 11. august 1886. Han gjekk Katedralskulen i Bergen, tre år på skule i England og tre år i Tyskland. Etter å ha praktisert jordbruk i Sverige, gjekk han to vintrar på landbruksskulen på Sem. Så hospiterte han ei tid ved Landbrukshøgskulen i 1907, og overtok så Storetveit gard i Fana.

Han har hatt ei mengd tillitsyrke og ombod gjennom åra. Han var med i Fana heradstyre frå 1913—31 og frå 1945—46, og var ordførar i to periodar. Han var stortingsmann 1919—24 og 1931—34. Medlem av direksjonen for Bergen Museum frå 1928—48, præsens 1936—48. Formann i byggekomiteen for Universitetet i Bergen 1946—51.

Norges Bank 1924—57, varaordførar 1954—59.

Hovedstyret for Statsbanene 1924—30. Tilsynskomiteen for Bergensbanen 1931—34.

Wilhelm Mohr har også vore mykje med i ymse styre innan landbruk og skogbruk.

I Norsk Landmandsforbund 1912—24, Kgl. Selskap for Norges Vel 1912—57, Det Norske Myrselskap 1912—57, Bergens Skogselskap 1917—51, formann i 20 år. I Hondaland Landbrukssel-



Godseigar Wilhelm Mohr



Bonde Hans N. Liland

skap 1933—41 og 1945—48, Vestlandske Bondestemna 1936—53.

Han har m.a. vore med i direksjonen for Norske Esso, Oslo 1922—57, ordf. 16 år, Gjensidige Livsforskr., Bergen 1920—57, Sundt & Co A.s, Bergen, Hæggernes Valsemølle 1925— Hansa Bryggeri 1929—58, Odfjells rederi 1944—60.

Han har vore med i representantskapet for Bergens Privatbank 1926—57, Bergens Brandforsikring 1931—57, Odin husdyrforsikring 1919—61 og A.s Borregaard 1955—

Han har vore visepræsens i Det Nyttige Selskap i Bergen, i styret for Chr. Michelsens Institutt 1940, Den Nationale Scene i Bergen 1960 og St. Olavs Råd 1955—61.

Han har fått mange høge utmerkingar: K. St. O. O. — K. D. D. O. — K. Finnl. Hv. R. og K. S. V. O.

Bonde Hans N. Liland

var medlem av styret for Stend jordbruksskule frå 1946 til 1950, formann i styret 1949—50. Han var formann i byggenemnda for skulen 1950—53 — då første byggesteget vart fullført.

Hans N. Liland vart fødd på garden Liland i Fana 29. desember 1879. Han har ned gjennom åra hatt alle dei tillitsyrke som finst i ein kommune. Dessutan har han vorte mykje nytta i

bøndene sine organisasjonar innan bygda, fylket og vidare med.

I ungdomsåra var han formann i Liland ungdomslag, vart seinare med i styret for Vestlandske mållag og i styret for Fana folkehøgskule.

Alt i 1911 vart han med i styret for Fana sogns Landmandsforening — og formann der. Han var medlem av Fana heradstyre frå 1917 til 1941 og i 1945. Han var varaordfører frå 1927—41, og ordfører i 1945. Medlem av likningsnemnda og likningsråd og jordstyre. Formann i Fana forliksråd. Han var medlem av Fana lysverkstyre frå 1917—41 og 1945—52. Formann i styret frå 1927. Medlem av styret for B.K.K. 1932—57.

Styremedlem i Fana sparebank, formann i skipingsnemnda for Fana komm. pensjonskasse, og formann i styret for pensjonskassa.

Han var medlem i styret for Hordaland Landbruksselskap 1931—41 og 1945—52. Formann i styret for Bergens Meieribolag, styremedlem og varaformann i Bergensmeieriet. Formann i rådet for Vestlandske Mjølkesentral og varaformann i rådet for Norske Mjølkeprodusenters Landsforbund. Formann i styret for Vestlandske Kjøpelag, varaformann i Ankenemnda i Hordaland og medlem av nemnda for Bergensbanens elektrifisering.

Han var og i mange år medlem av Fana sokneråd. Attåt alle desse ombod og tillitsyrke var han og ein interessert og dugande bonde heime på Liland.

Alle stader der Liland var med gjorde han godt og dugande arbeid, klårtenkt, kunnskapsrik og sjølvstendig som han var. Han døydde 25. nov. 1965.

Ola Høyland

var medlem av styret for Stend jordbruksskule i ti-årsbolken frå 1946 til 1956, formann i styret frå 1950 til 1956.

Skulen stod nett fram for store byggeplanar då han vart formann i styret. Det var difor til stønad og stor hjelp for skulen at formannen var medlem av fylkesutvalet og vart formann i fylkestinget i 1952, og at han heilhuga gjekk inn for å bygge ut Stend til ein tidhøveleg jordbruksskule.

Ola Høyland er fødd på Stord 25. mai 1890. Han gjekk Voss folkehøgskule 1909—10, og vinterjordbruksskulen i Ørsta



Ola Høyland



Olav L. Skeie

1915—16. Fram gjennom åra har han hatt ei mengd tillitsyrke og offentlege ombod: Han var med og skipa Stord meireri i 1923, og var formann nokre år. Like eins var han med og skipa Stord skoglag, og var formann dei første åra. Han var og formann i skogrådet ei tid. Formann i Stord bondelag i mange år. Formann i Hordaland bondelag 1948—52, og varaformann i Norges Bondelag same tidsbolken. Medlem av Ankenemnda for Hordaland 1946—56, formann 1950—55. Styremedlem for Stord komm. elektrisitetsverk og formann 1959—60. Styremedlem og formann i arbeidsutvalet for Sunnhordland kraftilag 1948—54. Styrelem for Stord sparebank 1927—54, formann 1940—54.

Varaordfører i Stord 1931—40, ordfører 1945—55.

Medlem av Hordaland fylkesutval 1948—55. Stortingsmann for Hordaland 1954—57 (S.).

Styrelem for Sunnhordland folikemuseum og sogelag frå 1946.

Formann i representantskapet for Hardanger Sunnhordlandske D/S frå 1957.

Olav L. Skeie

Olav L. Skeie var medlem av styret for Stend jordbruksskule frå 1950 til 1961, formann i styret frå 1956—1961. Han

kom med i styret då ein tok opp arbeidet med å bygge ut skulen, og han gjorde mykje for å fremje dette arbeidet. Som formann i jordbruksnemnda dei første utbyggingsåra fekk han med denne saka å gjere, og han fortener stor takk for at han så hugheilt gjekk inn for byggeplanane.

Olav L. Skeie er fødd i Kvam 19. februar 1904. Han gjekk Stend jordbruksskule 1923—24 og Jæren folkehøgskule 1924—25.

Tidleg måtte han overta farsgarden, og har vore ein dugande og driftig bonde. Etter kvart fekk han og ei mengd offentlege ombod i kommunen og fylket:

Han var med i Kvam formannskap frå 1937—40 og frå 1945—59.

Han var ordførar frå 1946—1959. Han var medlem av skulestyret, styret for Kvam kraftverk og i Vikøy sokneråd dei 14 åra han var ordførar. Han var formann i forstandarskapet ved Øystese statsrealskule 1949—59, medlem av likningsutvalet i 7 år, dessutan skjønsmann, domsmann og lagrettsmann.

Han var medlem av fylkesutvalet frå 1952—59. Formann i Hordaland fylkesting 1956—59. Medlem av friluftlovkomiteen av 1950.

Han var statens representant i styret for Framnes Ungdomsskule. Medlem av forstandarskapet i Vikøy Sparebank frå 1938, formann i 1941—44. Medlem av styret for Vikøy Sparebank frå 1945, formann i styret frå 1948. Medlem av styret for Vestlandske Mjølkesentral frå 1958.

Elles har han vore med i styret for meieriet, bondelaget, handelslaget o.m.

Fylkeslandbrukssjef J. Ø. Sandvik

vart oppnemnd som staten sin representant av styret for jordbruksskulane i Hordaland frå 1949. Han var nestformann i styret til 1. januar 1962, då han vart vald som formann til 31/1-1965. Han var og medlem av byggenemnda for Stend jordbruksskule frå 1951, først som nestformann og frå 1954 som formann i byggenemnda under heile utbyggingsperioden. Han har såleis hatt mykje med skulen å gjere, og han har alltid gått inn for at skulen skulle bli godt utbygd for å fylle krava som ein tidhøveleg jordbruksskule.



J. Ø. Sandvik



Olav Lindebreke

J. Ø. Sandvik vart fødd på Sandvik i Kvinnherad, granne-garden til den første jordbruksskulen i Hordaland. Etter å ha gått Sunnhordland folkehøgskule, gjekk han Stend jordbruks-skule frå 1916—18, og Norges Landbrukshøgskule 1918—20.

Så vart han tilsett som heradsagronom i heimbygda 1920—24, var lærar på Hardanger jordbruks- og fruktdyrkarskule 1924—25. Var paktar på Fana prestegard 1925—30 og frå 1933—47. Dessutan pakta han Onarheim gard i Kvinnherad 1931—36. Medan landbrukssekretær Billeklie var på Stortinget 1934—39 var han fungerande landbrukssekretær i Hordaland Landbruksselskap. Så var han stynar av Hardanger jordbruks- og fruktdyrkarskule frå 1934—39. Han vart då tilsett som landbrukssekretær i Hordaland Landbruksselskap og fylkeslandbrukssjef frå 1948 fram til 31. januar 1965.

Han har hatt mange tillitsynke og ombod. Medlem og sekretær i jordbruksopplæringsnemnda i Hordaland og formann i fylkesynkesskulenemnda, styrellem i Fana Sparebank og Norske landbrukskandidaters forening, formann i Hordaland venstrelag, medlem av Fana heradstyre, formann i styret for Fana komm. steinknuseverk, varaordførar i Fana 1956—59.

Sandvik har synt særleg interesse for husdyrbruket, og gjort mykje til den store framgangen i fylket.

Som påskjøning for verdfullt arbeid for vestlandsk jord-

bruk har han fått Kongens fortjenestemedalje i gull og Hordaland Landbruksselskap sin gullmedalje.

Olav Lindebrekke

er fødd i Ulvik 12. februar 1907. Han gjekk Stend jordbrukskule 1925—27, og overtok farsgarden i 1929. Han var ordførar i Ulvik frå 1946—51, og har vore med i mange kommunale nemnder, m.a. skogreisingsnemnda. Han har vore mykje med i dei faglege og økonomiske organisasjonane innan jord- og skogbruk. Han var medlem av jordbruksopplæringsnemnda i Hordaland i 1946, styrelem i Vestlandske skogeigarsamband frå 1947, og formann i 4 år. Han var Vestlandet sin representant i styret for Norges skogeierforbund frå 1961—64, styrelem i Treforedlingsfabrikken i Vadheim frå skipinga. Han har og vore formann i fylkestakstutvalet for jord og skog i Hordaland, og formann i avdelingsstyret i Ulvik for Kinsarvik sparebank.

Då Voss jordbruksskule vart skipa i 1947 vart han medlem av styret for skulen, og formann i 1955 til ein fekk sams styre for jordbruksskulane i 1962, då han vart nestformann i samstyret. Sidan januar 1965 har han vore formann i fagstyret for jordbruksskulane i Hordaland.

LANDBRUKSSKULESTYRARAR

ved Landbruksskulen på Sandvik i Kvinnherad frå 25. mars 1849 til 1862.

August Konow Rolfsen

Han vart fødd i Bergen den 15. oktober 1818, son til skipsbyggjar Tønnes Rolfsen og Sofie Marie, f. Konow. Han fekk si landbruksutdanning ved Hohenheim Landbruksinstitutt i Tyskland, der han tok ein fin eksamen. Han hadde etter si tid ei god teoretisk utdanning, då han tok til som styrar på den første landbruksskulen i Hordaland, 25. mars 1849 (Ikkje



August Konow Rolfsen



*Wollert Konow
Luther Rolfsen*

1848 som det står i 50 års skiriftet om skulen). Det var han som laut gje nesten all teoretisk opplæring ved skulen. Dessutan vart det mykje arbeid med dei praktiske greiner og praksisopplæringa, så han fekk ei arbeidskrevjande stilling å fylle. Rolfsen vart halden for ein dugande lærar. Helsa hans var ikkje god, så han vart nøydd å seie opp stillinga og slutta som skulestyrar 23. november 1853 — etter berre 4½ års arbeid. Han døydde 21. juni 1855, 37 år gammal.

Wollert Konow Luther Rolfsen

Han vart fødd i Bergen den 31. oktober 1817, bror til den første styraren. Han vart cand. phil. i 1838 og cand. theol. i 1843. Sjølv om han ikkje var landbruksutdana, gjekk han inn i broren sin stad som styrar, då han vart sjuk. Først var han konstituent, og frå 25. mars 1855 fast tilsett som styrar til skulen vart lagd ned i 1862.

I 1864 vart han sokneprest i Fjotland, og frå 1869 vart han prest i Haus, men døydde allereide året etter, 29. august 1870.

Sjølv om han ikkje hadde landbruksutdanning, var det han som laut overta storparten av den teoretiske undervisinga, og han vart rekna som ein mykje dugande lærar i teoretiske fag, ein lærar som elevane tykte vell om.

PERSONALET VED STEND JORDBRUKSSKULE

STYRARANE

Georg Alexander Wilson

Georg Alexander Wilson var første skulestyraren på Stend. Han vart fødd 7. januar 1833 i Vestre Moland, son til Ralph Wilson, som var veterinærutdana frå veterinærhøgskulen i Edinburg. Men kom til Noreg og praktiserte som veterinær, og var paktar av storgarden Dalane i Oddernes. Der voks Wilson opp og fekk grundig praksis hjå far sin. I 1855 pakta han garden Sangesland i Øvrebo, berre 22 år gamal. Han slutta med dette etter berre halvt anna år. Statsagronom Lindeqvist rådde han til å studere engvatning hjå engvatningsmeister Holmesland. Sommaren 1858 var han reisande agronom i Vest-Agder. Og vinteren etterpå var han røktar på «stamhollenderiet» på Jønsberg, som det offentlege dreiv. Frå 1. april 1859 var han reisande agronom i Østfold, og frå 14. april 1861 til hausten 1863 var han reisande agronom i Vestfold. Berre 30 år gamal vart han tilsett som styrar på Mo jordbruksskule i Sunnfjord, og frå 14. april 1866 vart han styrar på Stend jordbruksskule. Han heldt fram i denne stillinga til han sa opp plassen 1. oktober 1886, då han tok over forvaltarstillinga ved Pleiestiftelsen nr. 1 i Bergen — til han døydde i 1889, 56 år gamal.

Wilson var ung og tiltaksam då han kom til Stend. Han hadde god praksis frå ymse kantar av landet. Ein kjenner ikkje til hans utdanning, men ein veit han var språkkunnig — ikkje berre engelsk, men og i fransk. Han var sjølvlærd gjennom allsidig røynsle og ved sjølvstudium. Etter han hadde vore landbruksskulestyrar ei tid, studerte han kjemi ved Universitetet i 6 månader. Han vart og Kgl. autorisert som veterinær og kunne praktisere som dyrlækjar. — Han reiste mykje, også med off. stipend.

I 1875 var han på studiereise til Sverrike, Danmark og England. I 1876 vitja han vendsutstillinga i Filadelfia, der han synt



Georg Alexander Wilson



Ole Rømer Aagaard Sandberg

fram Stendplogen. I 1879 var han i Holland og England. På desse reisene lærde og såg han mykje, dette gjorde vel sitt til at han var vidsynt, framsynt og romslig. G. A. Wilson var svært interessert i hestar, og ein meister til å temja villstyringar. Han var og mykje teknisk interessert, og var noko av ein oppfinnar når det galdt reiskapar og maskinar. Skulen fekk heilt frå først av både smed og snikkar. Det var mykje viktig at elevane lærde seg å lage reiskapar, som dei kunne ta med heimatt. Stendplogen som han konstruerte, var ein stålpløg, som var mykje betre enn dei vanlege treplogane kring om i bygdene. Særleg på to område kom han til å setje djupe merke etter seg i jordbruket på Vestlandet: Det eine var skogreisinga, og det andre var siloforet. Han tok til med skogplanting alle-reide i 1867 og heldt fram med dette alle åra han var styrar. Han er venteleg den første på Vestlandet som tok til å legge gras i silo. Fire gonger måtte søknaden om løyving til silobygging opp i amtstinget før han i 1883 fekk ei løyving på kr. 810,— til å bygge surhåkjellar. Denne siloen har visseleg gjort sitt til at Hordaland fylke nyttar meir silo for enn noko anna fylke i landet.

Wilson hadde hug å prøve nye ting og nye vegar. Han hadde forsøksmannen sin leitande trong. I 1870—71 prøvde han såleis 62 potetsortar og 30 pilsortar. Etter å ha vitja landbruksmøtet

i Glasgow i 1875, fekk han heim ei Hornsby slåmaskin frå England, truleg den første på Vestlandet. Willson var ein evnerik, energisk og tiltaksam mann. Som skulestyrar sette han store krav til elevane, men størst krav sette han til seg sjølv. Difor stod det age og vyrdnad av han. Han var ingen sparemann. Han var heller stonlagd, og nytta meir pengar enn styresmaktene tykte dei hadde råd til. Særleg kritiserte dei at han eksperimenterte for mykje. Fyllkesrevisjonen var pinkut, og somme ordførarar kritiserte han i fylkestinget.

Desse ting gjorde at Willson sa opp stillinga i 1886, berre 53 år gamal. Han var ein sjølvstendig, sjølvmedveten og sterk personlegdom. Kan hende synte han noko for lite respekt for dei formelle krav amtsadministrasjonen sette.

Sjølv om han møtte kritikk og motbør i samtida, har vyrdnaden og forståinga for han og arbeidet hans vokse med åra. Han var i samning ein nybrottsmann, som tømra opp eit fast grunnlag for Stendi jordbruksskule. Det er mykje han å takke at Stendi jordbruksskule Reid stormen av i dei tronge spareåra, då dei fleste andre landbruksskulane vart lagde ned.

Wilson skipa «Fane og Os Landmandsforening» — venteleg i 1867.

Ved 100-års jubileet vart difor Wilson heidra med eit minnesmerke midt i skuletunet — som grunnleggaren og første skulestyraren på Stendi.

Ole Rømer Aagaard Sandberg

Han var andre skulestyraren på Stendi. Han vart fødd i Skien i 1853, son til direktør Ole Sandberg og kona Johanne Emilie, f. Barth. Ole Sandberg har eksamen frå Nissens latin- og realskole i Kristiania. Så gjekk han den lågare avdeling på Ås frå 1871—73 og den høgre avdeling 1873—74. Alt same hausten vart han teorilænar ved Kalmes landbruksskole, der han var i to år. Så reiste han til Danmark — der han var landbrukslærling både på Sjælland og Jylland, og til slutt var han meierielev ved Segelskes meieriskole på Kjærsgaard i Vendesyssele. Så gjekk han eit bokhaldarikkurs hjå hovudbokhaldar Hendriksen i Kristiania. Han vikarierte så som bokhaldar ved Gaustad asyl til 1878, då han vart gardsfullmekt ved Rotvoll asyl ved Trondheim. I 1880 kjøpte han garden

«Store-Jahre» i Ramnes, og dreiv denne til han selde han i 1882, då han var tilsett som amtsagronom i Buskerud i 1881. Han heldt fram som amtsagronom til han vart tilsett som landbruksskulestyrar på Stendi hausten 1886. Han sa opp og slutta som skulestyrar på Stendi våren 1896, då han overtok garden Løken i Vestre Bærum. Denne garden selde han i 1897, då han vart malt- og brennerikontrollør, frå 1912 vart han tilsett som bryggerikontrollør.

Sandberg hadde grundig utdanning og mangesidig praksis då han vart skulestyrar på Stendi. Han var og ein samvitsfull og påpasseleg styvar. Sidan Willson hadde brukt mykje pengar og fått kritikk for dette, måtte Sandberg vere sparemann. Han fekk og vellite for dette dei første åra. Seinare var det dei som kritiserte at det vart spara for mykje. Sidan han frå først av var pålagd å halde nede utgiftene, seier det seg sjølv at det kunne ikkje verte store ytre minnesmerke frå Sandberg si styrantid. Skulearbeidet gjekk sin jamne gong, med minst moglege utgifter. Sandberg hadde ord på seg å halde klære og interessante førellesingar, og elevane heldt han høgt som lærar. Han var rolleg, sakleg og rettvis, og ville alltid det beste for elevane.

Bernt Klokk

Han vart fødd i Hjørundfjord i 1857, son til bonde Ole Johnsen Klokk og kona Randi Berentsdotter, f. Øye. Han gjekk først eit år på den høgre skulen i Volda, og der etter eit kurs på Sogndal folkehøgskule. Han gjekk bae avdelingane ved den høgere landbruksskolen på Ås 1877—80. Der etter var han gardsstyrar hjå stortingsmann Maurits Aarflot på Ekset i Volda, der han skipa ein praktisk jenteskule i 1881, som han dreiv med stønad av fylket. Denne skulen dreiv han berre eit par års tid, med di han vart tilsett som «reiseagronom og gartner i Romsdals amt». For å kvalifisere seg som gartner var han sommaren 1884 hjå direktør Phil i Stockholm. Han heldt fram som amtsagronom til 1890, då han vart skulestyrar på fylket sin landbruksskule på Vestnes. Frå våren 1896 tok han over styrarstillinga på Stendi.

Klokk var såleis særst godt budd til å ta over styrarstillinga på Stendi. Han hadde god utdanning og allsidig praksis som



Bernt Klokk



Knut Teig

fylkesagronom og skulestyrar. Det var og ein føremon at han hadde godt kjennskap til driftstilhøva på Vestlandet. Han var i sine beste år, tiltaksam og framsynt, og difor kom det til å syne etter arbeidet hans, sjølv om det ikkje vart så lang tid han fekk arbeide på Stend. Han var sekretær i den parlamentariske skulekomisjonen som arbeidde med omlegging av landbruksopplæringa, både ved dei vanlege landbruksskulane og ved høgskulen på Ås. Det var venteleg direktør Joh. L. Hirsch, som var formann, og Klokk som sekretær som gjorde mest til denne omskipinga. Landbruksskulen på Stend hadde vore 2-årig før, og dei tok opp elevar berre anna kvart år. Etter den nye skipnaden skulle kursa vere 1½ år, og dei skulle ta opp elevar kvar haust. Elevtallet skulle aukast til 20 + 20 elevar. Han gjorde framlegg om å bygge skulebygning, styrar-bustad og økonomibygning. Det vart og bygt verkstad, vogn- og vedhus. Han dreiv og med skogreising på Stendfjellet. Bernt Klokk var ein dugande lærar og skulestyrar, som hadde evne til å vekke interesse for jordbruket og bondeyrket. Elevane heldt ham difor høgt. Han hadde og mange ombod og tillitsyrke utan om stillinga som skulestyrar. I Møre var han med i styret for Landbruksselskapet, og etter han kom til Stend var han formann i styret for Søndre Bergenhus Amts Landhusholdningsselskap frå 1897 til han døydde. Frå 1900 — 01 var han

formann i styret for dei 4 vestlandsfylka si felles innkjøpsforretning, som vart sikpa etter hans opptak.

Bernt Klokk døydde 20. mai 1901 — 5 år etter han kom til Stend, berre 43 år gamal. Det var berre så vidt han fekk sjå den store, nye skulebygninga ferdig før han gjekk bort.

Knut Teig

Knut Teig vart fødd i Sauda i Ryfylke i 1858, son til bonde Lars Teig og kona Borgilla Knutsdotter f. Underbakke. Han gjekk først amtsskulen i Ryfylke. Så gjekk han Stavanger Amts landbruksskule i 1882—84. I 1885—86 gjekk han den høgare avdeling ved Ås høyere landbruksskule. I 1895—96 studerte han ved Landbohøjskolen i København, der han tok eksamen i åkerbruk, meieribruk, husdyrbruk og ein del hagebruk. Frå 1886—91 var han andrelærar ved Stend jordbruksskule. Der etter var han amtsagronom i Stavanger amt, samstundes som han var sekretær og kasserar i Landhusholdningsselskapet. Hausten 1901 vart han landbruksskulestyrar på Stend til 1. april 1905, då han vart statskonsulent i husdyrbruk. Han var medlem av Søndre Bergenhus amts Landhusholdningsselskap 1910—30. Formann 1924—30, medlem av Fana kommunestyre og formannskap, styremedlem i Fana elektrisitetsverk o.m. Knut Teig var skulestyrar på Stend i berre 3½ år. Det var han som sette i verk den nye skuleplanen med 1½-års kurs, og han la ned eit godt arbeid på skulen den stutte tida han var styrar. Han fekk Rogaland landbruksselskaps gullmedalje i 1926 og Hordaland landbruksselskaps gullmedalje i 1930.

Nils Ritland

Nils Ritland tok over styrarstillinga etter Teig. Han vart fødd i Suldal i 1865, son til Lars L. Ritland og kona Eldri Nilsdotter f. Underbakke. Han gjekk Stavanger Amts landbruksskule 1886—88, og den høgare avdeling på Ås landbruksskule 1889—90. Så vart han tilsett som andrelærar ved Stavanger amts landbruksskule frå 1890—93, då han vart amtsagronom i Oppland med Toten, Hadeland, Land og Valdres som distrikt. Frå august 1895 vart han tilsett som skulestyrar på Tveit landbruksskule til mai 1905, då han vart skulestyrar på Stend,

der han heldt fram til han nådde aldersgrensa i 1935. Han var såleis styrar i 30 år på Stend og 10 år på Tveit. Det er visst nok berre ein landbruksskulestyrar som har slege denne 40-års rekorden.

Ritland var mykje med i offentlege styre og ombod både i Rogaland og Hordaland. Han var såleis styrellem i Stavanger amts skogselskap og Stavanger amts landhusholdningsselskap. Formann i Fana skulestyre 1910—11. Formann i Midthordland bondelag fram til 1928, varaordførar i Fana 1926—28, o.m. Skulestyrar Ritland var ein kunnskapsrik og dugande skulestyrar, og mykje dugande førelesar. Han var og ein ruvande skulestyrar etter «den gamle skule». Han var og ein praktisk mann, og ein meister til å pløye. Det vart gjort utviding og endringar av ymse slag i hans styrartid. For utan 1½-års kurset vart det og teke opp elevar i 2-vinters kurs frå 1907, og frå 1909—10 vart det sett i gang eit 6-månaders vinterkurs — smånæringskurs. Fram til 1920 vart det uteksaminert kring 30 elevar kvart år, men frå 1921 auka talet mellom 40 og 50, og dei to siste åra han var styrar, vart det eksaminert ut over 50 agronomar for året. Det vart og bygt og vølt nokså mykje på husa medan Ritland var styrar. Driftsbygninga vart utvida med stor stall og vinkelbygg over den gamle siloen med køyrebru opp til vegen, grishus, sauhus, lærarbustad, og nytt internat på Florstykket. Den gamle freda hovudbygninga vart restaurert.

Dei siste åra han var styrar var det tronge år for jordbruket og for fylkeskommunen, så det måtte sparast på Stend som andre stader.

Olav Kløkk skriv om Ritland i Norsk Biografisk Leksikon m.a.:

«Han var energisk og seig som få, en bestemt karakter, en mann med et praktisk grep på tingene. De mange nye hjelpemidler og metoder i jordbruket, og husdyrbruket, i skogbruket og hagebruket vunderte ham med skarp kritikk, men også med våken forståelse av de muligheten for fremskritt de innebar . . . Elevene hans fikk allsidig praksis, og hans undervisning var nøie bygget på de praktiske erfaringer fra skolegården og distriktet. Han oparbeidet sig en grunnfestet anseelse som en dyktig praktiker og skolemann.»



N. Ritland



Joh. L. Lofthus

Johannes L. Lofthus

Johannes L. Lofthus er fødd i Kvam i Hardanger i 1880, son til lensmann L. Lofthus og kona Elesbet f. Skår. Han gjekk framhaldsskulen i 1896, landbruksskulen på Stend i 1898—1900, Voss folkehøgskule 1901 og Norges Landbrukshøgskule 1902—04.

Først var han lærar ved framhaldsskulen i Froland, og der etter lærar ved Telemark folkehøgskule 1905—07. Vart så andrelærar på Stend frå 1907—1918. Han var så styrar av Handanger fruktal- og jordbruksskule 1918—24. Der etter var han landbruksskulestyrar på Troms landbruksskule på Gibostad frå 1924 til han kom attende til Stend som skulestyrar i 1935, der han heldt fram til han nådde aldersgrensa i 1950.

Lofthus har såleis vore knytt til Stend i 26 år, 11 år som lærar og 15 år som skulestyrar.

Attåt det vanlege arbeidet har han hatt mange tillitsyrke. Medlem av Fana heradstyre, Kinsarvik heradstyre, Lensvik heradstyre, Adm. direktør i Gissund sparebank, formann i Nord- og Midthordland høgskulelag, formann i fylkesstyret i Bondepartiet i Troms o.m.

Han har skreve mykje gjennom åra: «Svinet», Norsk folkeskrift 1912, «Jordbundsbeskrivelse av Midtre Hardanger», 1912, «Jordbruket» utg. av Lund & Co., Bergen 1916. «Vestlandske

mjølkesentral gjennom 25 år», 1956, Hordaland Landbruksselskap 1811—1961, 1961.

Skullestyrar Joh. L. Lofthus var ein mykje dugande skulemann og lærar, som elevane heldt høgt for det han gav og det han sådde i unge sinn.

Asbjørn Øye

Asbjørn Øye er fødd 21. mai 1902 i Ørsta på Sunnmøre, son til bonde Nils L. Øye og kona Berte, f. Moe. Han gjekk Møre folkeshøgskule 1918—19, Mellømskulen i Volda 1919—20, Møre fylkes landbruksskule på Gjermundnes 1921, Førebuingskurset til Landbrukshøgskulen 1922, og Norges Landbrukshøgskule 1922—25. Hausten 1927 hospiterte han i smånæringer ved Statens småbrukslærarskule. Han har hatt stipend av 1905-fondet for landbruksforskning for å studere arbeidsmetodar i 1934 og 1935. Stipend av Wiedt Endresens legat for å granske jordbruksdrifta på Sunnmøre 1941—45, Stipend av Selskapet for Norges Vel for å studere kulturbeite i Sverige, Danmark og Tyskland i 1938, og av Landbruksdepartementet 1950 for å studere jordbruksopplæringa i Danmark.

Han var kontormann i engrosfirmaet Chr. J. Steffensen 1925—26, kontrollassistent og gardsrekneskapsførar på Ringenike 1926—27, vikarlærar ved Valdres Landbruksskule og Hallingdal jondbruksskule 1927—28, og ved Storhove landbruksskule 1929. Assistent i Møre Landbruksselskap 1929—30. Landbrukslærar ved Møre og Romsdal Landbruksskule frå 1930—39. Kst. styrar i 5 mdr. i 1931. Frå august 1939 til 1. juli 1947 var han landbruksskulestyrar ved Møre og Romsdal Landbruksskule på Eidså, var så landbruksskulestyrar på Vest-Agder Landbruksskule i Søgne til 15. april 1951, då han vart tilsett som skulestyrar på Stend jondbruksskule.

For utan arbeidet som landbrukslærar og skulestyrar har han hatt ymse ombod og tillitsyrke. Han var ordførar i Syvde 1946—47, 1. varamann til Stortinget 1946—49. Formann i Syvde kraftlag og styrelem i Søre Sunnmøre kraftlag, formann i Søgne tiltaksnemnd og styrelem i Vest-Agder Bondelag. Han gjorde i 1949 opptaket til å skippe den første kommunale skogreisingsnemnda i landet, som gav grunnlaget for den såkalla «Ørsta-

planen». Han har vore medlem av Fana skogreisingsnemnd sidan 1952, formann i Fana kulturnemnd, formann i Fana folkeopplysningsråd, formann i Styret for Hordaland landbruksmuseum, formann i Rådet for Automobilruta Fana-Bergen L/L, formann i styret for Bilruta Fana-Os-Milde L/L, medlem av Landbruksopplæringsrådet. Han redigerte jordbrukssida i Sunnmørsposten i 12 år, og har vore redaktør av «Agronomen» sidan 1960.



Asbjørn Øye

LANDBRUKSLÆRARAR

Jens Chr. Opsal

Attåt skulestyrar Wilson var Jens Chr. Opsal «under- og andenlærer» første skuleåret frå 1. oktober 1866 til hausten 1867.

Ole J. Løvdal

vart fødd i 1841 i Vest-Agder. Han gjekk ut frå Lister og Mandals Amts Landbruksskole, Huseby på Lista i 1863, og var «underlærer» på Stend frå 1867 til 1873. Så var han amtsagronom i Finnmark frå 1873—78, og vart så styrar av renovasjonsvesentet i Bergen frå 1878 til han døydde i 1909.

Walin T. Jaastad

vart fødd på Jåstad i Ullensvang i 1849. Han gjekk Stend jondbruksskule 1868—70, så var han gardsstyrar eit år hjå godseigar Heiberg på Amble i Sogn, og eit år på Nygaard ved Bergen. Der etter var han «underlærer» på Stend frå 1873 til desember 1876, då han vart tilsett som amtsagronom i Hordaland. Han har fleire gonger kst. styrar av skulen medan

styraren var på stipendreis, og like eins ved styrarskiftet i 1886. Han gjorde fleire studiereiser, særleg til Danmark. I 1898 vart han tildelt kongens fortjenestemedalje i sølv for framhjelp av norsk jordbruk.

John L. Kanikkenberg

vart fødd i Kvam i Hardanger i 1851. Han gjekk Stend jordbruksskule 1872—74, og var «underlærer» på Stend frå 1876—78. Så gjekk han den høgne avdeling på Ås 1879—80, men utvandra til U.S.A. og vart fannar i Dakota.

Jakob J. Ones

Han vart fødd på Ones i Lindås i 1848. Han gjekk Stend jordbruksskule 1870—72, og var «underlærer» på Stend frå 1878—82. Han var gardsstyrar på Lindås prestegard nokre år og hjå Knagenhjelm i Kaupanger frå 1875—78. Sommaren 1882 arbeidde han i planteskulen på Ås, og sommaren 1883 var han ved J. Nielsens handleggartneri i Oslo for å utdane seg i hagebruk, — han hadde såleis ikkje så lite praksis i hagebruk.

Ole Mohr Friele

vart fødd i Bergen i 1860, og gjekk Stend jordbruksskule 1878—80. Han var «tredjelærer» ved skulen frå 14. april 1882 til 31/12 1884. Seinare dreiv han ein såpefabrikk i Bergen.

Knut T. Døhlen

Han vart fødd i Nannestad i 1855. Han gjekk bae avdelingane ved den høgne landbruksskulen på Ås 1873—76, vart så andre-lænar ved Haug landbruksskule i Oppland i 1878—82, han vart så tilsett i den nyskipa stillinga som andrelærer på Stend frå 14. oktober 1882 til 1885. Han var såleis den første læraren på Stend med grundig norsk landbruksutdanning. Så vart han amtsagronom i Oppland frå 1885—93, då han vart styrar ved Kalnes landbruksskule til han døydde i 1912.

Johannes Olai Olsen Aashamar

Han vart fødd i 1862 på Nordfjordeid. Etter å ha gått bae avdelingane ved den høgne landbruksskulen på Ås 1881—84, vart han tilsett som «tredjelærer» på Stend frå 1. januar 1885 til mai same året. Seinare var han m.a. styrar av Rikheim landbruksskule i Lærdal frå 1897—1907. Då overtok han garden Solberg i Borre, og dreiv som bonde. Han var elles mykje med i bondelagsarbeidet.

Theodor Tellefsen

Han vart fødd i Os 1859, gjekk Stend landbruksskule 1876—78. Han var «underlærer» på Stend i 1885—86. Då reiste han til veterinærhøgskulen i København for å utdane seg til veterinær. Han døydde som dyrlækjar i 1913 på Hjelgeland.

Jan Enberg

vart fødd i Bergen 1859, gjekk Stend landbruksskule 1878—80. Han var «tredjelærer» på Stend frå 1885 til 1. okt. 1886, då stillinga vart lagd ned av amtstinget. Enberg vart seinare gardbrukar i Danmark.

K. Teig

Han var «underlærer» på Stend frå 1. okt. 1886 til 13. febr. 1892. Seinare vart han styrar av skulen. (Sjå om styrarar).

*

Amtstinget i 1890 løyvde kr. 500,— til stilling som praktisk-lænar og arbeidsformann. Det var føresetnaden at denne læraren skulle bu på Eikevoll og drive denne plassen. Men han som vart tilsett, ynskte ikkje det, og fekk kr. 100 som vederlag for plassen, og budde på skulen.

Mons E. Vatshelle

vart den første praktisk-læraren. Han vart fødd i Hosanger i 1866, og var elev på Stend i 1886—88. Han heldt fram i stillinga frå 1890 til 6. april 1892. Seinare vart han tilsett hjå Gerd Meyer & Co, Bergen.

Martin M. Hodneland

vant fødd i Lindås 1868, og var elev på Stend jordbruksskule frå 1890—92. Han var arbeidsformann ei tid, og vart seinare gardbrukar i Lindås.

*

Åra fram til 1899 fungerte «underlæraren» som praktisk-lærer. Då vart kursa omlagde frå 2-års kurs til 1½-års praktisk—teoretisk kurs.

*

Karl Sommerschild

Han vart fødd i Molde i 1860. Han tok eksamen ved Kristiania tekniske skole i 1883, så gjekk han både lågare og høgare avdeling på Ås 1889—92. Han tok til som andrelærer på Stend i mai 1892, men slutta alt den 1. febr. 1893 då han vart tilsett som landbruksingeniørassistent. Frå 1913 var han landbruksingeniør.

Torleif Kvissellien


Han vart fødd i Ringsaker i 1885, han gjekk den høgare avdeling på Ås i 1887—88. Han overtok stillinga etter Sommerschild i 1893, men slutta 14. mai 1894, då han vart amtsagronom i Oppland til han nådde aldergrensa.

Andreas O. Sundland

Fødd i Haus. Han gjekk Stend jordbruksskule 1888—90, og den høgare avdeling på Ås 1893—94. Våren 1894 vart han lærar på Stend og heldt fram till året etter, då han vart styrar av den praktiske jenteskulen, Årdal i Sogn. Denne stillinga hadde han i 8 år. Seinare var han bonde på Lid ved Haukeland st. Han fekk fram gjennom åra ei mengd tillitsyrke og var m.a. ordførar i Haus frå 1909—19 og styrellem ved Stend jordbruksskule frå 1919—41.

Ole Vaagen

Han vart fødd i Etne 1869, og gjekk Stend jordbruksskule frå 1888—90. Han var gardsstyrar og lensmannsfullmekt i



Lærarane 1966. — Lærarromet.

Frå venstre: handv.lærer Magne Hovda, jordskiftekan. Sverre Sunde, overlærer Halvor Christensen, hagebrukslærer Kåre Nes, rektor Asbjørn Øye, skogbrukslærer Sverre Osmo, overlærer Hans Spildo, handverkslærer Eirik Hæve, fjøsmeister Jonvald Øvreeide, overlærer Kyrre Hattaland.

Etne i 1891. Så vart han fjøsmeister på Stend frå 1891—94, lærar på Stend frå 1895—99, vandrelærer i fjøsstell i Hordaland 1899—1901, gardsstyrar på Stend frå 1901—1910. Då vart han sjef for renovasjonsvesenet i Bergen til han nådde aldersgrensa. I 1895 og 1900 fekk han stipend av Landbruksselskapet til studieferd i Danmark for å studere jord- og husdyrbruk. I 1906—07 hospiterte han ved Nonges Landbrukshøgskule. Han bygde hus på Fanahammaren, der han døydde.

Kristian Fidje

Han vart fødd i Sogndal i 1864. Han gjekk jordbruksskulen på Tveit i 1882—84. Der etter var han gardsstyrar, gardbrukar og meieristyrar. Så gjekk han jordbrukslina ved Landbrukshøgskulen 1897—99. Så vart han gardsstyrar ved Stend jordbruksskule frå 1899 til hausten 1901, og var andrelærer ved skulen frå 1901 til august 1904. Så vart han styrar av den praktiske jenteskulen i Buskerud, og styrde denne til 1912, då han vart gardbrukar i Slagen pr. Tønsberg.

Hans J. Årstad

Han vart fødd i Sokndal i Rogaland. Han gjekk Tveit landbruksskule og jordbrukslina ved Landbrukshøgskulen 1898—1900. Same året vart han tilsett som landbrukslærer på Tveit, men flutte til Stend 1. oktober 1904, og var andrelærer til 15. sept. 1907 då han reiste attende til Tveit landbruksskule. Han var styrar på Tveit jordbruksskule frå 1933—43. Han var mykje med i offentleg styr og stell. Han var ordførar i Nedstirand 1920—28, stortingsmann frå 1919—33. President i Odelstinget 1925—28. Landbruksminister 1828—31. Døyde i 1954.

Johannes L. Lofthus

Han er fødd i Kvam 28. aug. 1880. Han var andrelærer på Stend jordbruksskule frå 1907—18. Frå 1935 var han styrar av skulen. (Sjå om styrarar.)

Gunnar Ramstad

Han er fødd i Lindås, og gjekk Stend jordbruksskule 1904—06. Etterpå gjekk han jordbrukslina ved Landbrukshøgskulen 1907—09. Han var gardsfullmechtig ved Stend jordbruksskule frå 1. oktober 1912 til 26/4 1917. Så vart han forvaltar på Valen sjukehus til aldersgrensa 1858.

Jens Lunde

Han er fødd i Aurland i 1884. Han gjekk Rikheim landbruksskule 1902—04 og Landbrukshøgskulen 1905—07. Han var teoretisk lærar ved Stend jordbruksskule frå 1. okt. 1909 til



Sigurd Liland



Johan Byrkjeland

5. april 1912, då han vart amtsagronom i Sogn og Fjordane. Frå 1922 var han landbrukssekretær og frå 1948 landbrukssjef. Stortingsmann frå 1946—1953.

Arne K. Bu

Han vart fødd i Ullensvang i 1874. Han gjekk Stend jordbruksskule 1898—1900 og Landbrukshøgskulen 1903—05. Frå 1907—10 var han lærar på Telemark folkehøgskule. Så var han gardsfullmechtig ved Stend jordbruksskule frå juni 1910 til 30. sept. 1912, då han vart tilsett i teorilærarstilling ved skulen. Denne stillinga hadde han til 1917 då han vart fylkesagronom i Hordaland, med bustad Stord.

Sigurd Liland

Han er fødd i Fana 11/2 1886. Etter å ha gått Hjeltnes hagebruksskule, folkehøgskule og Stend jordbruksskule 1907—09, gjekk han Landbrukshøgskulen 1913—15. Han vart tilsett som teorilærer på Stend 1/10 1917, og vart andrelærer ved skulen frå 1918 til 30/9 1955. Seinare har han budd på heimegarden sin på Hordnes. Han var mykje med i Fana heradstyre og formannskap og ymse styre. Form. i styret for Automobillruta Fana—Bengen frå 1929—58. Han har skrive mykje om historiske emne. Han var kst. styrar av skulen frå 1. okt. 1950 —

15. april -51, og arbeidde då mykje med nybyggingsplanane for skulen.

Anders Bjelland

Han er fødd på Stord 7/6 1890. Han gjekk Stend jordbrukskule 1908—10, og gjekk ut frå Landbrukshøgskulen i 1913. Han vart tilsett som gardsfullmektig og lærar 1. okt. 1917 til 1919. Frå 1919—1958 lærar ved Val landbruksskule og fylkesagronom i Ytre Namdal.

Johan Byrkjeland

Han er fødd i Kvam 17/2 1886. Han gjekk Stend jordbrukskule 1907—09, folkehøgskule og Nonges Landbrukshøgskule 1910—12. Han var lærar ved Telemark folkehøgskule 1912—16 og ved Jæren folkehøgskule 1916—17. Han var lærar ved Stend jordbruksskule frå 1/11 1918 til 30/9 1955. Då han slutta, bygde han seg hus på Krykkjehaugen. Byrkjeland har skreve mykje i blad og tidsskrift.

Henry Oma

Han er fødd 13/10 1891 i Strandebarm. Etter å ha gått folkehøgskule og Stend jordbruksskule 1910—12, gjekk han Landbrukshøgskulen 1914—16. Han var vikarlærar på Gjermundnes Landbruksskule, og lærar på Sunnmøre jordbruksskule 1918—19, vart så gardsfullmektig og lærar ved Stend jordbruksskule 1919—42, då han vart fylkesagronom i Hordaland til han slutta 31/3 1962. Han bygde seg hus på Krykkjehaugen i 1952. Han har vore styrelem og formann i mange lag og samskipnader, og har skreve mykje i blad og fagpressa.

Hans Spildo

Han er fødd i Granvin 26. mai 1906. Han gjekk Stend jordbruksskule 1929—31, førebuingsskurset til Landbrukshøgskulen, og gjekk ut frå Landbrukshøgskulen i 1936. Han var lærar på Hjeltnes hagebruksskule 1936—41, var vikarlærar på Stend i 1940, forsyningsinspektør 1941—42, gardsstyrar og lærar på Stend jordbruksskule frå 1942. Frå 1955 overlærar i tekniske fag.



Henry Oma

Magne Hustveit

Han er fødd i Førde 29. mai 1919. Han har realartium, Mo jordbruksskule 1937 og eksamen frå Nonges Landbrukshøgskule i 1945. Han var heradsagr. i Hosanger 1946—48, Kursleiar for Landbrukstekn. institutt 1948—49, feltstyrar Hustad Jord A/S 1949—55. Gardsstyrar og overlærar på Stend jordbruksskule frå okt. 1955 til 31/3 1962. Fylkesagronom i Hordaland frå 1. april 1962.

Gunnar Fløgstad

Fødd 19/12 1919 i Gjenstad. Realartium frå Hordnes 1938, Holt jordbruksskule 1939, Nonges Landbrukshøgskule 1945. Han var vilkardlærar på Holt 1946—47. Heradsagronom i Rauland 1947—50. Gardsstyrar og lærar på Telemark husmorskule 1950—55. Overlærar i husdyrbruk ved Stend jordbruksskule frå 1. okt. 1955 til 31/12 1960. Frå 1/1 1961 har han vore fylkesagronom i Vest-Agder med bustad Høllen i Søgne.

Halvor Christensen

Han er fødd i Tromøy 6. april 1926. Han har realartium frå 1944, Aust-Agder landbruksskule 1946—48, Nonges Landbrukshøgskule 1949—52. Han var assistent i foringsforsøka 1½ år,

konsulent i Møre mjølkesentral 1954—56. Overlærer ved Bygland landbruksskule 1956—59, og frå 1. januar 1961 overlærer i husdyrbruk ved Stend jordbruksskule.

Arne H. Dalen

Han er fødd i Drangedal 1925. Han har gått folkehøgskule, artiumsprøve, Telemark Landbruksskule 1945—47, Landbrukshøgskulen 1951—54. Distriktskonsulent i 4-H-klubbane, 1954—57, overlærer og gardsstyrar på Skodje hagebruksskule 1957—62, gardsstyrar på Stend jordbruksskule frå 15. mai 1962 til 10. april 1964. Frå same dato overlærer ved Telemark Landbruksskule.

Kyrre Hattaland

Han er fødd 20/12 1921 i Klepp. Han gjekk Rogaland jordbruksskule på Øksnevad 1941—43, reallartium, Landbrukshøgskulen 1951—53. Assistent ved Institutt for bygningslære 1953—54, vikarlærer ved Tveit landbruksskule 1954—55. Assistent Statens forsøksgard på Fonus 1955—56. Gardsstyrar og overlærer ved Mo jordbruksskule 1956—64. Eksamen i pedagogikk ved Nonges Lærarhøgskule 1963. Frå 1. mai 1964 gardsstyrar og overlærer ved Stend jordbruksskule.

HAGEBRUKSLÆRARAR

Det gjekk mest tretti år før skulen fekk fast hagebrukslærer. Skulen hadde nok planteskuledrift heilt frå først av, og dreiv med noko grønsaker og bær dyrking. Det var anten styraren eller «underlæraren» som hadde den praktiske opplæringa i hagebruk. Nokre år leigde dei hagebrukskunnig arbeidshjelp. I 1888 og 1889 vart arbeidet i hagebruken leia av gartnarane Andersen og Løfquist frå Bengen. J. Johannsen var så arbeidsformann nokre år. Han hadde fått noko opplæring i hagebruk på Rosenbeng asyl. Skulestyrar Sandberg gjorde framlegg om å tilsetje fast hagebrukslærer, og frå 1895 vart ei slik stilling skipa.

Sigurd Lysbakken

vart den første hagebrukslæraren. Han vart fødd i Bongund på Sunnmøre i 1873. Etter han hadde gått hagebruksavdelinga på Ås 1893—95 vart han tilsett som hagebrukslærer på Stend i 1895, men han sa opp stillinga etter kort tid. Han vart seinare styrar av Hyllø hagebruksskule, og vart statskonsulent i hagebruk til han nådde aldersgrensa. Namnet hans er nær knytt til framhjelp av norsk hagebruk.

Ivar Bleiklie

Han vart fødd i Hamne 1872. Han gjekk hagebruksavdelinga på Ås 1893—95. Han vart amtsgartnar i Østfold i 1895, men vart kort tid etter tilsett som hagebrukslærer på Stend, frå nyttår 1896. Denne stillinga hadde han til 15. april 1912, då han vart tilsett som amtsgartnar i Hordaland. Frå 1901 var han attåt sekretær og kasserar i S. Bergenhus amts landhusholdningsselskap. Frå 1919 var han landbrukssekretær i Hordaland Landbruksselskap til han nådde aldersgrensa. Han var stortingsmann nokre valbolkar. Bleiklie gjorde eit grunnleggjande arbeid for hagebruken på Stend. Bleiklies plantelæra vart og nytta som lærebok i svært mange år på jordbruksskulane, og jamvel på lærarskulane.

Olav Moen

var vikar for Bleiklie i 1899 medan han var på studiereise i Tyskland. Han vart seinare professor ved Nonges Landbrukshøgskule.

Johan Aas

Han vart fødd i 1885, og gjekk hagebruksavdelinga ved Nonges Landbrukshøgskule 1909—11. Han var vikar for hagebrukslæraren på Gjermundnes landbruksskule 1911—12, og var så hagebrukslærer på Stend jordbruksskule frå 1. juli 1912 til 30. juni 1913, då han vart amtsgartnar i Nord-Trøndelag. Seinare vart han styrar av Statens hagebruksskule på Staup.

Johs. Strømme

Han vart fødd i Bergen 1885. Etter å ha gått Hjeltnes hagebruksskule, gjekk han hagebruksavdelinga ved Norges Landbrukshøgskule 1910—12. Der etter vikarierte han som hagebrukslærer på Gjermondnes landbruksskule frå 1912—13. Han var hagebrukslærer på Stend frå 1. juli 1913 til 30. juni 1916. Han gjekk då over til privat verksemd 1916—30. Sekretær i Norsk Gartnarforening frå 1930 til han døyde i 1949.

Nils Bergem

Han vart fødd i 1887 på Tingvoll. Han gjekk Nordmøre landbruksskule, Sandveds hagebruksskule og hagebruksavdelinga Nonges Landbrukshøgskule 1913—15.

Frå nyttår 1916 vikarierte han som hagebrukslærer ved Hvam landbruksskule, og tok til som hagebrukslærer på Stend frå 12. juli 1916 til juni 1921. Då vart han tilsett som fylkesgartnar i Sogn og Fjordane, og var hagebrukslærer på Mindresunde jordbruksskule i attåtstilling 1921—42.

Hans Falang

Han var gartnarutdana, og var hagebrukslærer frå sommaren 1921 til 28. februar 1926, då han gjekk over i privat verksemd. Nærare opplysningar vantar.

Ludv. Krohn Dale

Han er fødd i 1893 i Norddal. Etter å ha gått Hjeltnes hagebruksskule, gjekk han hagebruksavdelinga ved Norges Landbrukshøgskule 1918—20. Han var fylkesgartnar i Møre og Romsdal 1920—22, hagebrukslærer ved Oppland småbruks- og hagebruksskule 1922—26. Hagebrukslærer ved Stend jordbruksskule 26/5 1926 til 1/5 1938. Der etter var han fylkesgartnar i Hordaland til oppnådd aldersgrense i 1963.

Sjur Tveito

Han er fødd 22/10 1893 i Ulvik. Han gjekk Hjeltnes hagebruksskule 1912—13, hagebruksavdelinga ved Norges Landbrukshøgskule 1920—22. Han var hagebrukslærer på Søgne 1922—38,

hagebrukslærer på Stend 1938—47, Fylkesgartnar i Aust-Agder 1947—63.

Gjert Vallevik

Han vart fødd i Ulvik 1911. Han gjekk Hjeltnes hagebruksskule 1932—33. Førebuingsskurset til Landbrukshøgskulen i Volda, hagebruksavdelinga ved Norges Landbrukshøgskule 1937—40. Ekstraassistent på Landbrukshøgskulen 1940. Hagebrukslærer på Gibostad landbruksskule 1941—45, vikarhagebrukslærer ved Buskerud landbruksskule 1945—47, og hagebrukslærer på Stend 1947 til 15. april 1964. Då fekk han permisjon for å overta stilling som konsulent i Gartnarhallen, Bergen. Han døyde brått 1. august 1964. Vallevik var styrelem i Norsk gartnerforening i fleire år, medlem av Fana formannskap frå 1960 og formann i styret for Automobilruta Fana—Bergen frå 1963.

Kåre Nes

Han er fødd i Kvam 1929. Han gjekk Gjennestad hagebruksskule 1952—54. Førebuingsskurset til Landbrukshøgskulen, og hagebruksavdelinga ved Norges Landbrukshøgskule 1958—61. Han hadde arbeid på Landbrukshøgskulen 1961—62, og var konsulent ved Heistad Fabrikker frå 1962—64. Han tok til som vikar-overlærer i hagebruk på Stend 1. juni 1964.

SKOGBRUKSLÆRARAR

Skulen hadde timelærarar i skogbruk heilt fram til 1955. Då fekk ein tilsett skogbrukslærer i heilårs stilling, og skogbrukslæra fekk eit større timetal enn før. Øvingane i skogbruk sommarhalvåret har og vorte noko utvida. For utan skogbrukslære underviser skogbrukslæraren i landmåling og kartteikning og kjemi. Han har og all skogbruksopplæring i jordskifteskulen.

Kr. Bakkerud

er fødd i Flesberg 12. april 1925. Han har examen artium 1945, Kongsberg skogskole 1948, handelsskule 1949, Skog- og Sågverksskolan, Hærnøsand, skogbruksavdelinga ved Land-

brukshøgskulen 1951—54. Han har vore skogbrukslærer ved Buskerud Landbruksskule og Foldsæ landbruksskule. Han var skogbrukslærer ved Stend jordbruksskule frå 1. januar 1955 til 31. desember 1956.

Sidan 1957 har han vore heradsskogmeister i Larvik skogoppsynsdistrikt, og skogkonsulent i Vestfold skogselskap, Tønsberg i 1964. Han har vore sensor i skogbruk ved Vestfold landbruksskule sidan 1957, og er medlem av Hedrum kommune-styre.

Sverre Osmo

er fødd i Rana i 12. mars 1912. Han gjekk fylkesskulen i Hemnes 1930—31, Steinkjær skogskule 1932, førebuingkurset til Landbrukshøgskulen 1934—35 og skogbruksavdelinga ved Landbrukshøgskulen 1935—38. Han var ekstraassistent ved Statens jordundersøkelse på As 1938—39, heradsskogmeister i Sunnhordland 1941—44, heradsskogmeister i Nesodden distrikt, Follo 1944—52 og samstundes timelærer i skogbruk på Haga jordbruksskule i 6 år og på Follo jordbruksskule i 4 år. Så var han skogbrukslærer på Gjermundnes landbruksskule i 1956—57.

Sidan oktober 1957 har han vore skogbrukslærer ved Stend jordbruksskule. Hausten 1965 gjekk han eit 3 mdrs. pedagogisk kurs ved Norges Landbrukshøgskule, avdeling Asker.

*

VIKARLÆRARAR

Hagebrukskandidat *Hagtor Vikør* var vikar-hagebrukslærer mai — august 1938, då Ludv. Krohn Dale slutta som hagebrukslærer.

Sivilagronom *O. H. Bjørkhaug* var vikar for landbrukslærer Joh. Byrkjeland frå 15. okt. 1948 til 30. sept. 1949.

Sivilagronom *Leif Nesje* var vikarlærer medan Johan Byrkjeland hadde sjukepermisjon frå 10. okt. 1949 til 31. mars 1950.

Sivilagronom *Hans Spildo* var vikar for landbr.lærer Henry Oma frå 1. januar til 17. mai 1940.

Sivilagronom *Lars Mehl* var vikar for gardsstyrar Hans Spildo, april 1954—sept. 1954.

HANDVERKSLÆRARAR

Smedlærarar

Ole Nilsen

Han vart fødd i Halden, og var smed på Stend frå 1. oktober 1866 til hausten 1869, då han reiste til U.S.A. Etter nokre år kom han attende til Nonge og busette seg på Austlandet.

Lorents Andersen

Han vart fødd i Id i 1844, og var smedlærer frå 1869 til nyttår 1875. Seinare dreiv han ei smedforretning i Bergen, og døydde i 1917.

Ludvig Eliassen Eikaas

Han var smed på Stend i 2 år etter å ha vore smed på Mo jordbruksskule i 4 år. I 1877 flutte han attende til Sunnfjord.

Johan A. Blom

frå Ringerike var smed eit halvt års tid i 1877.

M. Førde

Han vart fødd i Sveio, og var smedlærer frå 1877 til 1882. Etter å ha reist som maskinist ei tid, utvandra han til U.S.A., der han dreiv eit sagbruk.

Johan Arnesen

Han vart fødd i Bergen i 1852. Han var smedlærer frå 1882 til 1922 — omlag i 40 år, og er såleis ein av dei tenestemenn som har hatt lengst arbeidstid på Stend. Han var her fire år medan Wilson var styrar, i Sanberg, Klokk og Teig si tid og medan Ritland var styrar. Mest kjend er han vel for si store interesse for birøkt. Han var såleis vandmelærer i birøkt for Bergenske Biavlforening i mange år, og han underviste i biavl for elevane på skulen. Han budde i Stendadalen.



Olav Mo

Olav Mo

Han er fødd i Øystese i 1893. Etter praksis i verkstaden hjå far sin, praksis på Hamar og i Durban vart han tilsett som smedlærer 4. mai 1922 og heldt fram til 31/7 1960 — i over 38 år samanlagt — og er ein av dei som har lengst tenestetid på Stend. Mo har gjennom alle år vore ein interessert og kjend skyttar, og vart skyttankonge i 1928. Etter han slutta på skulen, flutte han til Titlestad, der han hadde bygt seg hus.

Nils Sverre Evjen

Han er fødd i Verdal 1918. Han var utdanna som handverkslærer frå Statens småbrukslærarskule. Han var handverkslærer på Vestfold landbruksskule frå 1947 til han tok til som handverkslærer på Stend den 20. august 1960, men slutta alt den 20. januar 1962.

Odd Arnesen

Han er fødd i Bengen i 1916. Etter å ha gått Bengen tekniske fagskule, Bengen tekniske skule og Vinterlandbruksskulen i Oslo dreiv han maskinstasjon i Gausdal. Så var han lærar på Fylkesyrkesskulen på Dovre eit par vintrar før han tok til som handverkslærer på Stend 1. mai 1962. Han slutta 15. august 1864, då han vart fast tilsett som yrkeslærer på Dovre.

Magne Hovda

Han er fødd i Vang i Valdres i 1939. Han har gått folkehøgskule, Flyvåpenets tekniske skule, Statens husflidskule på Blaker, Fylkesyrkesskulen på Dovre — landbruksmekanikarlina. Han tok til som hadverkslærer på Stend 1. januar 1965.

Snikkarlærarar

Helge Olsson

Han var frå Kvinnherad, og var snikkar og hjulmakar vintershalvåret frå oktober 1866 til jul 1874. Skulen var så utan snikkarlærer i 3/4 år. Fylkestinget løyvde løn til snikkarlærer i heilårsstilling i 1875, og Helge Olsson hadde stillinga på nytt frå september 1875 til våren 1877.

Johan J. Blom

frå Ringerike var snikkarlærer nokre månader frå våren 1877 til om hausten same året.

Jørgen O. Thorbjørnsen

Han vart fødd på Hop i Fana i 1854. Han var snikkarlærer frå september 1877 til mai 1887. Då kjøpte han 70 dekar udyrka jord på Hop, bygde hus og dymka opp heile garden på 13 år, og var ein ihuga og dugande bonde.

Anton Torgersen

Han vart fødd i Fana 1863. Han var snikkar på skulen i halv dags stilling frå 1887 til 1891. Etter han slutta på Stend, tok han til med privat snikkarforretning på Fana Hamaren.

Mathias Gundersen

Han vart fødd i 1861 i Jølster. Han tok til som snikkarlærer hausten 1891 og heldt fram til 1. desember 1922. Han bygde seg hus på Titlestad, og budde der til han døyde.

Mons Nordvik

Han vart fødd i Fana i 1880. Han var snikkarlærer på Stend frå 31/3 1923 til 30. september 1950, etter oppnådd aldersgrense. Han budde på Hordnes til han døydde i 1958.

Eirik Hæve

Han er fødd på Bulken i Voss 1821. Etter å ha gått kunsthanverkskulen på Voss og Statens Husflidskule på Blaker og teke svein-brev som møbelsnikkar, tok han til som handverkslærer på Stend 1. oktober 1950.

FJØSMEISTRAR

Aron Andreassen

var første fjøsmeistaren på Stend. Han tok til 1. okt. 1866, men slutta alt om våren 1867. Han var fødd i Sverike, men hadde opphalde seg i Vestfold ei tid, og reiste attende dit. Truleg kjende Wilson han frå den tid han var fylkesagronom i Vestfold.

Johan H. T. Sudmann

Han vart fødd i Årstad, og var elev første kullet på Stend — og overtok fjøsmeisterstillinga våren 1867. — Han måtte såleis vere fjøsmeister samstundes som han var elev, for han tok eksamen 21. desember 1869. Venteleg var han fjøsmeister til 1871, men det er ikkje opplyst i årsmeldinga kva tid han slutta. Seinare dreiv han mjølkeforretning i Bergen.

Berge L. Hammersnes

Han vart fødd i Hamre i 1847, og var elev første kullet på Stend — frå 1866—68. Han tok til som fjøsmeister i 1871. Kva tid han slutta, går ikkje fram av meldingane, men venteleg var han i stillinga til neste fjøsmeister tok til i 1876.

Ola Paulsen Lillenes

Han vart fødd i Fitjar i 1854, og gjekk Stend jordbrukskule, 1874—76. Han var fjøsmeister berre eit halvår frå 1876

til våren 1877. Han reiste seinare til U.S.A., og vart farmar i Dakota.

Guttorm M. Lid

Han vart fødd i Kvam i 1854, og gjekk Stend jordbrukskule 1872—74. Der etter var han gardsstyrar i tre år hjå H. Sverdmup i Namdal. Han var fjøsmeister på Stend frå 1877 til våren 1880, men heldt fram som lærar i meierilære, og var økonom på Stend frå 1880—84. Han var paktar av Fana prestegard i fleire år, og vart kasserar i Fana sparebank i 1883, seinare banksjef. I 1899 kjøpte han gard på Øvsttun. Han var medlem av Fana heradstyre i mange år, og var stortingsmann frå Midthordland krins.

Ingebrigt H. Toften

var fjøsmeister på Stend 1880—81. Han vart fødd på Tuft i Strandvik i 1851, og gjekk Stend jordbruksskule 1872—74. Han byksla eit bruk under Fusa prestegard — som han seinare kjøpte. Han døydde alt i 1900.

Lars Anda

Han var frå Klepp, og var agronom frå Tveit landbrukskule. Han var fjøsmeister frå 1881—1885.

A. Tyse

Han vart fødd på Stord i 1863, og gjekk Stend jordbrukskule 1882—84. Han tok til som fjøsmeister 14. okt. 1885 og heldt fram til 14. okt. 1888. Seinare var han forpaktar på Gyldenpris, og dreiv med snekkar- og tømmermannsarbeid attåt.

Bertin O. Eikeland

Han vart fødd i Herdla i 1865. Han var elev på Stend jordbruksskule 1886—88. Då han var ferdig med eksamen, tok han til som fjøsmeister, og heldt fram til hausten 1891. Der etter var han arbeidsformann på ein stongard i Nordland, var så gardsstyrar på Nevengaarden sykehus fram til 1903, — då han tok til som gandrugar i Asane.

Ole Vaagen

var fjøsmeister frå hausten 1891 til hausten 1894. Han var seinare lænar og gardsstyrar (nærare opplysningar der).

Tore Monsen Bratteteig

Han vart fødd i Røldal i 1872, og var elev på Stend frå 1890—92. Så var han gardsstyrar hjå Bull-Tornøe, Skånevik frå våren 1893 til hausten 1894. Så var han fjøsmeister på Stend frå hausten 1894 til våren 1895. Der etter vikarierte han som styrar ved den praktiske jenteskulen på Svanø, var gardbrukar i Ølen frå 1896—1908, og arbeidde fleine vintrar som vamdrelærar i husdyrbruk i Rogaland. Sidan 1909 var han lensmann og gardbrukar i Røldal. Attåt var han postopnar. Han hadde mange tillitsyrke.

Ivar L. Lødve

Han vart fødd på Voss i 1870, og var elev på Stend frå 1890—92. Han var fjøsmeister frå 1895 til 1. nov. 1896. Seinare var han gardbrukar på Voss.

Erik Ivarsen Halsøy

Han vart fødd i 1873 i Masfjorden. Han gjekk Stend jordbruksskule 1894—96, og var fjøsmeister frå 1896—97, då han slutta for skuld sjukdom, og døydde i 1900.

Andreas E. Sandnes

Han vart fødd i 1875 i Masfjorden. Han var elev på Stend frå 1894—96 og var fjøsmeister frå 1897—98. Seinare vart han gardbrukar på Sandnes i Masfjorden.

Rasmus Langeland

Han vart fødd i 1873 i Sunnlyven. Han gjekk Møre og Romsdal landbruksskule på Vestnes i 1894—95 og Statens meieriskule på Kve ved Steinkjær 1897—98. Han var fjøsmeister på Stend 1898—99, var så styrar av Øystese meieriskule frå 1900—1906 og styrar av Stavanger meieribolag 1906—08. Så overtok han garden Nedregård i Bongund ved Allesund, vart stortingsmann i 1922, og var statsråd (arbeidsminister) 1931—33.

Erling Nerland

Han var agronom frå Nettet i Romsdal. Etter å ha vore fjøsmeister ved Svanviken bruk, vart han fjøsmeister ved Stend jordbruksskule frå 1900 til 1907.

Ole M. Drange

Han er fødd på Drange i Os i 1885. Han gjekk Stend jordbruksskule 1905—07, og var fjøsmeister frå 1907—1912. Han var så gardsstyrar på Fjøsanger gard, arbeidsformann på Ekhaug planteskule, og var gardsstyrar på Fana heradsgard, Store Milde til han nådde aldersgrensa i 1955.

Andreas Stanghelle

Han vart fødd i Bruvik i 1887 og gjekk Stend jordbruksskule frå 1908—10. Han var fjøsmeister frå 1912—14, då han overtok stillinga som styrar av kjøpmann Rogge sin eigedom. Han var reinhaldsjef i Fana frå 1919—1957.

Hans S. Eikeland

Han vart fødd i Fusa i 1897, og gjekk Stend jordbruksskule 1909—11. Han vart først gardsstyrar hjå godseigar Heiberg, Amle i Sogn, ei tid kontrollassistent og var fjøsmeister på Stend frå 10. april 1914 til 14. mai 1916.

Nils Flæten

Han vart fødd i Kvam i 1882, og gjekk Stend frå 1913—15. Han var fjøsmeister frå 21. juni 1916 til 15. april 1917. Han vart seinare gardbrukar i Ulvik.

P. Befring

Han vart fødd i Jølster i 1892. Han gjekk Amtsskule på Nordfjordeid og Mo jordbruksskule. Kontrollassistent 1914—17. Han var fjøsmeister på Stend frå 24/9 1917 til 31/8 1922. Han gifte seg med kokka på Stend, Ellen Lavik, og overtok farsgarden i 1922. Han var mykje med i kommunestyre i Jølster. Var med og skipa Jølster meieri. Døydde 1964.



Fjøsmeister Knut Lindås

Knut Lindås

Han er fødd i Lindås 10. januar 1895, og gjekk Stend jordbruksskule 1915—17. Han var vikar-fjøsmeister april til juli 1917, og vart tilsett som fjøsmeister 1. september 1922 til 30. september 1964, då han slutta etter oppnådd aldersgrense, og busette seg på Titllestad. Han har såleis 42½ års tenestetid på Stend, og er den funksjonæren som har arbeidd lengst som tenestemann ved skullen.

Jonvald Øvreeide

Han er fødd på Øvreeide i Hegglandsdalen i Os 24. januar 1939, og gjekk 1½ års kurset på Stend 1957—59. Frå 1. mai 1960 var han underfjøsmeister på Stend, og var tilsett som fjøsmeister 1. oktober 1964.

Det har i alt vore 23 fjøsmeistrar i hundreårs bolken. Unnta Knut Lindås som hadde stillinga svært lenge, har det vore mykje skifting. Dei ringe lønstilhøva, lang arbeidsdag og lite fritid var vel årsaka til skiftinga. Berre Erling Nerland, M. O. Drange og P. Befring var så pass lenge som fem år i stillinga. Dei andre var berre eit par år og heilt ned i eit halvt år.

TIMELÆRARAR

Skulen hadde ikkje fast skogbrukslærer før i 1955. Undervisninga i skogbrukslære vart difor ordna ved hjelp av timelærarar. Desse har vore *timelærarar i skogbruk*

- 1867—68 Forstassistent Aars.
 - 1879—80 Forstassistent Nicollaysen.
 - 1881—82 Skogplantar H. Skadsem.
 - 1885—87 Forstassistent Krog.
 - 1888 Skogplantar H. Skadsem.
 - 1889 Skogforvaltar Mohn.
 - 1890—93 Skogplantar Skadsem.
 - 1894 Forstassistent Torsen.
 - 1895—96 Forstassistent Kaurin.
 - 1899—1900 Skogplantar Dahl.
 - 1902—13 Amtsskogmeister M. Langhammer.
 - 1914—54 Fylkesskogmeister A. Høddal.
- og frå 1/1 — 30/9 1957.

Timelærarar i sjukdomslære

- Statsdyrlækjar Thillier frå 1903 — 1930.
- Veterinær Myklestad.
- Veterinær Einar Sæbø 1947 — 1959.

Timelærarar i meierilære

- Meierikonsulentane har hatt timar i meierilære.
- Meierikonsulent Stedje — 1959.
- Meierikonsulent Trond Lofthus frå 1959.

Timelærarar i etikk

- Prost Th. Hovda har vore timelærar i etikk frå 1957.

ØKONOMAR OG HUSMØDRER

Då skulen kom i gang på Stend, var skulestyraren pliktig å halde elevane med kost for ein fast sum pr. elev pr. år. Men denne ordninga meinte alle partar var uheldig. Alt frå hausten 1867 vart det tilsett økonom, som skulle halde elevane med kost mot ei fast godtgjerdsle pr. elevmånad. Denne skipnaden hadde ein heilt fram til 1908. Frå den tid har elevhushaldet vone dreve for skulen si rekning, og ein har hatt husmor ved skulen.

Mathilde Mohr

frå Bengen var økonom frå 1867 til 14. april 1880. Ho vart gift med underlærer O. Løvdaal, som vart styrar av renovasjonsvesenet i Bengen frå 1878.

Guttorm Lid

var økonom frå 14. april 1880 til 1884. Sjå under fjøsmeistrar.

Enkefru Bertine Torgersen

frå Bengen var økonom frå 1884 til 1. juni 1893, og frå 15. okt. 1896 til nyttår 1909.

Frk. Rishter

frå Bengen var økonom frå 1. juni 1893 til 1. april 1895.

Enkefru Knudsen

frå Bengen var økonom frå 1. april 1895 til 14. okt. 1895.

Frk. Helga Hus

frå Kinsarvik vart tilsett som husmor 1. januar 1909, og hadde stillinga til 1. februar 1911. Ho vart gift med lærar Olav Vaagen.

Frk. Alvhilde Mossige

frå Time var husmor frå februar 1911 til 1912, og vart kort tid etter gift med O. Drange, som hadde vore fjøsmeister samstundes.

Frk. Malene Blom

frå Haus tok til som husmor vinteren 1912 og heldt fram til september 1913, for å oventa ny stilling i Buskerud. Ho vart gift med Andreas Stanghelle som var fjøsmeister samstundes.

Frk. Kleppestø

frå Arstad var husmor berre i 7 veker i 1913, men måtte slutte for skuld sjukdom.

Enkefru Anna Gille

frå Fana var husmor frå november 1913 til slutten av august 1916.

Frk. Sigrid Kluge

frå Gjesdal var husmor frå oktober 1916 til 1917.

Frk. Marie Engum

frå Gudbrandsdalen var husmor 1918—1919.

Frk. Olga Terland

var husmor frå 1919—22.

Frk. Malene Østvik

Ho vart fødd i Vikebygd i 1888, og var husmor frå 19/8 1922 til 30. juni 1932.

Frk. Gudrun Guldberg

frå Bruvik, f. 1902, var husmor frå 15. juli 1932 til okt. 1946. Ho hadde sjukepermisjon fram til 30. juni 1947, då ho laut slutte for skuld ring helse.

Frk. Maria Bjotveit

Ho vart fødd i Kinsarvik i 1906, og var husmor frå 7. okt. 1946 til 1. okt. 1947.

Frk. Haldis Rød

Ho er fødd i Os 1916, og var husmor frå 14. okt. 1947 til 20. okt. 1949.

Frk. Ingerid Eide

fødd i Hosanger 1907. Ho har vore husmor frå 1. januar 1950.

ANDRE TENESTEMENN

Kontormenn

Harald Gjerdal har vore kasserar og kontormann sidan 1947. Han er fødd i Os i 1921, og har eksamen frå handeldsgymnas.

Vaktmeistrar

Då første byggesteget vart ferdig i 1953 og skulen fekk oljefyring og meir elektrisk utstyr, vart det tilsett vaktmeister.

Olav Werlo frå Indre Anna vart tilsett i stillinga, og heldt fram til våren 1959. Han var aut. elektr. installatør.

Trygve Jacobsen frå Hop i Fana, f. 1928, vart tilsett som vaktmeister våren 1959. Han har gått Bergens tekniske skule, maskinlina.

Assistent i hagebruket

Malvin Askeland vart tilsett som assistent og arbeidsformann i hagebruket i 1947. Han er fødd i Lindås i 1921, er gartnerutdanna og har hospitert ei tid ved Nonges Landbruks-høgskule.

Arbeidsformann i skogbruket

Skogteknikar *Trygve Heimvik* frå Hosanger arbeidde som arbeidsformann i skogbruket frå 7/12 1949 til 1956.

Eivind Rundbråten frå Sør-Aurdal var arbeidsformann frå 17/7 1957 til 21/10 1961. Agronom *Inge Nesse* hadde stillinga frå 1962—1964. Skogteknikar *Ole M. Lingen* frå Namdalseid var arbeidsformann frå 4/5 1964 til 15. april 1965.

Skogteknikar *Toralf Bjelkåsen* frå Vegardshei tok til 24/4-1965.

Instruktør i jordbruket

Agronom *Odvar Bakke* vart tilsett som instruktør i april 1964. Han er fødd i Fusa i 1940 og gjekk 1½-års kurset ved Stend jordbruksskule 1958—60.

Røktar i husdyrbruket

For utan fjøsmeister har ein hatt ein røktar i husdyrbruket sidan 1951.

Agronom *Leif Gjeraker* frå Voss var røktar 1951—52.

Agronom *Ivar Føyne* frå Stord var røktar frå 2/5 1952 til 15/10 1955.

Agronom *Karl Kvalvåg* frå Sveio var røktar frå 17/10-55 til 8/1 1957.

Agronom *Erling Vik* frå Jonedal var røktar frå 1/1 1958 til 6/5 1960.

Agronom *Jonvald Øvreeide* frå Os var røktar frå 6/5 1960 til 30/9 1964, då han vart tilsett som praksislænar og røktar i husdyrbruket.

Agronom *Leif Kjenes* frå Lindås har vore røktar frå 1. januar 1965.

MEDLEMER AV STYRET

Frå 1866 til 1900 var den offisielle tittelen «Overbestyrelse». Seinare vart det berre *styre*. Fram til 1895 var det tre medlemmer. Etter den tid har det vore fem styrelemer. Amtmannen var sjølvskreven formann fram til 1930-åra.

Desse har vore styrelemer:

Amtmann H. T. Meinich, formann	1865—	69
Kjøpmann Mens Paasche, Bengen	1865—	68
Gardbrukar H. Løberg, Arstad	1865—	81
	og	1885— 81

Sokneprest H. J. Krog, Fana	1869—	76
Amtmann M. N. Rye, formann	1869—	78
Forpaktar Leivestad	1877—	78
Amtmann C. Worsøe, formann	1879—	97
Føegd C. Andersen	1879—	80
Gårdeigar Faye	1882—	83
Distriktslækjar Collet	1882—	83
Gardbrukar M. Erichsen, Os	1884—1918	
Gandsbrukar E. Christie, Årstad	1887—1890	
og	1895—1903	
Gardbrukar K. Lje	1891—	98
Gardbrukar S. Sælien, Fana	1895—1918	
Amtmann Hroar Olsen, formann	1898—1918	
Gardbrukar O. Bjørgum, Voss	1899—1935	
Utskiftningsformann H. Kloster	1904—	07
Kyrkjesongar L. Sunde, Tysnes	1908—	35
Fylkesmann Friis-Petersen, formann	1919—	28
Gardbrukar A. O. Sundland, Haus	1919—1/11-41	
Gardbrukar Jakob H. Vik, Kvam	1926—	35
Fylkesmann Ernst Johannessen, formann	1928—	33
Fylkesmann Gjert Lindebrække, formann	1934—	36
Godseigar Wilhelm Mohr, Fana	mars 1933— sept. -34	
og formann	1936—1/11-41	
og formann	8/5 1945—49	
Gardbrukar Nils Tveit, Os	1935—1/11-41	
og	8/5 1945—1950	
Hagebruksskulestyrar K. K. Hjeltnes	1936—1/11-41	
og	8/5 1945—1950	
Ingemar Traavik, Kvinnherad	1936—1/11-41	
og	8/5-45—1946	

Frå 1/11 1941 vart styret bytt ut med Landbruksrådet fram til frigjeringa 8. mai 1945.

Frå 1/11-41 var desse med i Landbruksrådet:

L.L. Undeland, Ulvik,	1/11-41—8/5-45
Kr. Tungesvik, Skånevik	1/11-41—1943
N. Skiple, Voss	1/11-41—1943
Jakob N. Vik, Kvam	1/11-41—1943
Bonde A. O. Sølvsberg, Etne	1/11-41—8/5-45

Frå 1943 til 8. mai 1945 var desse med:

Bonde Ole Mobeng Hauge, Os.

Bonde Asg. Fjellanger, Lindås.

Bonde Martin Hovland, Ullensvang.

Fylkesmannen oppnemnde frå 8. mai 1945 styrellemene som måtte slutte 1. november 1941.

Bonde Hans Liland, Fana	1946—1950
formann	1949— 50
Bonde Nils Garnes, Haus	1946— 61
Bonde Ola Høyland, Stord	1946— 56
formann	1950— 56
Fylkeslandbr.sjef J. Ø. Sandvik, Fana	1949— 64
formann	1962— 64
Bonde Olav L. Skeie, Kvam	1950— 61
formann	1956— 61
Bonde H. L. Midtun, Fana	1950— 61
Bonde Ole Mobeng Hauge, Os	1957— 64
Bonde Olav Lindebrække, Ulvik	1962—
formann	1965—
Bonde Lars A. Hauge, Vossestrand	1962—
Bonde Olav M. Laupsa, Kvam	1962— 63
Bonde Vilhelm Kartveit, Manger	1963—
Fylkeslandbrukssjef Paul E. Mobeng, Os	1965—
Bonde Nils Liland, Fana	1965

SENSORAR

Landbruksskulestyrar M. Storm	1868—1916
H. Hartmann	1868— 74
Gardbrukar Edvard Hagerup Christie	1870— 72
Dyrlækjar T. K. Lekven	1876— 78
Gårdeigar Faye	1880— 86
Gardbrukar Hjalmar Løberg	1882
Landbruksskulestyrar T. H. Frost	1888— 92
Fylkesagronom T. Kvissellien	1894
Fylkesagronom W. Jaastad	1894— 96

Landbruksskulestyrar N. Rittland	1898—1905
Landbruksskulestyrar J. Ashamar	1906
Statsdyrlækjar S. Tillier	1906—1930
Statskonsulent K. Teig	1907— 29
Landbruksskulestyrar A. Torkilldsen	1911
Landbruksskulestyrar M. O. Storset	1912— 17
Skogskulestyrar L. Sølvsberg	1916
Skogforvaltar Reidar Blytt	1918— 42
Skulleinspektør Olav Melkild	1918— 25
Fylkesagronom H. A. Benge	1918— 42
Landbrukssekretær Ivar Bleiklie	1918— 39
Statskonsulent Ivar Nesheim	1922
Fylkesagronom Johan Askeland	1930— 47
Statskonsulentass. J R. Lindstrøm	1931
Fylkesgartnar A. Hjeltnes	1935 og 37
Hagebruksskulestyrar K. K. Hjeltnes	1938— 39
Fylkeslandbrukssjef J. Ø. Sandvik	1939 og 44
Fylkesagronom Henry Oma	1943— 62
Fylkesgartnar L. Krohn Dalle	1940— 63
Skogforsøksleiar A. Smitt	1945— 54
Folkehøgskulelærer Jakob Naustdal	1947— 62
Fylkeslandbrukssjef Paul E. Moberg	1948—
Skogforsøksleiar Asbjørn Løken	1955—
Fylkesagronom Hans Dalen	1956—
Fylkesagronom Lars Mehl	1957—
Folkehøgskulelærer Hermod Arne	1963—
Folkehøgskulelærer Lars Skeie	1963—
Fylkesagronom Magne Hustveit	1963—
Fylkesgartnar Anne Lerum	1964—

ELEVAR SOM HAR GÅTT UT FRÅ STEND JORDBRUKSSKULE

Eksamen	1½-års kurs	2-vinters kurs	6-mdrs. kurs	Jordskifte- skule	Sum
1917	24	4	5		33
1918	25	1	5		31
1919	24	2	—		26
1920	26	8	—		34
1921	24	11	14		49
1922	26	13	4		43
1923	30	9	4		43
1924	29	17	3		49
1925	28	10	—		38
1926	30	10	10		50
1927	28	6	11		45
1928	29	4	5		38
1929	30	5	6		41
1930	30	8	8		46
1931	29	6	7		42
1932	30	5	13		48
1933	29	7	13		49
1934	30	10	17		57
1935	30	12	12		54
1936	27	12	7		46
1937	29	16	13		58
1938	31	11	8		50
1939	32	21	11		64
1940	28	18	7		53
1941	30	16	—		46
1942	24	11	—		35
1943	32	23	—		55
1944	30	20	—		50
1945	32	21	—		53
1946	32	22	—		54
1947	34	18	—		52
1948	33	20	—		53

Eksamen	1½-års kurs	2-vinters kurs	6-mdrs. kurs	Jordskifte- skule	Sum
1949	30	26	—		56
1950	26	19	—		45
1951	25	19	7*		51
1952	16	16	5*		37
1953	16	8	4		28
1954	24	11	12		47
1955	25	8	5		38
1956	11	9	9		29
1957	15	11	6		32
1958	15	11	4	12	42
1959	20	10	9	10	49
1960	23	23	9	13	68
1961	14	15	5	15	49
1962	21	21	—	12	54
1963	22	20	—	16	58
1964	20	22	—	15	57
1965	20	21	—	16	57
1966	19	21	4	16	60
1917—1966	1287	668	262	125	2342
1866—1916	664	50	88		802
1866—1966	1951	718	350	125	3144

*) Hagebrukskurs

For utan dei 3144 elevane som har gått ut frå skulen, er det og ein del som ikkje har fullført kursa og teke eksamen — av ymse grunnar. Det samla elevtal i hundreårsbolken er såleis kring 3300. Attåt desse kjem alle som har vore lærlingar i dei praktiske greinene: Husdyrbruk, hagebruk, skogbruk, jordbruk og verkstad — omlag 350 i alt.



Mons Lid

Fylkesmann i Hordaland og Bergen 1950—66.

Fylkesmann Mons Lid har alltid synt stor samhug med jordbruksskulen og jordbruksopplæringa. Stend jordbruksskule er mykje takksam for velvilje og verdfull stønad.